



**Vilje
gir vekst**

Regionalplan for museum

2011–2014



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

Regionalplan for museum

2011–2014



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

Forsidefoto:

Stavanger kunstmuseum. Fotograf: Elisabeth Tønnesen

Baksidefoto:

Haugalandmuseene AS, Jærmuseet, Norsk Oljemuseum,
Dalane folkemuseum, Ryfylkemuseet og Museum Stavanger AS

Innhold

Forord	7
Saksprotokoll	8
1. Innleiing	9
Vedtak	9
Planprosess	9
Frå abm-plan til museumsplan	10
2. Regionalplan for museum 2011–2014	12
Overordna mål	12
Samandrag strategi og økonomi	12
3. Bakgrunn	15
4. Plangrunnlag	17
Overordna regionale føringar	17
Nasjonale føringar	18
Musea og samfunnsrolla	18
Forskning og forvaltning	18
Fornyng	19
Formidling	19
5. Museumsplanen for Rogaland 1992 – mål og resultat	21
Status 2010	21
Økonomi og vekst	21
Forskning	23
Oppbygging av naturvitskapleg kompetansesenter	23
Fellesmagasin	23
Felles konserveringstenester	24
Investeringar	24
Opningstider og besøk	25
Konsolidering	25
Abm-tanken i 1992	26
Oppsummering	26
6. Utfordringar	27
Økonomi	27
Personale/stillingar	27
Bygg / investeringar	29
Formidling, opningstider og besøk	31
Om forholdet mellom etterspørsel og tilbod	31
Formidling og utstilling	31
Bevaring og tilgjenge	32

Samlingsforvaltning	32
Magasin.....	32
Konservering	33
Digital forvaltning.....	33
Kulturnett.....	33
Foto	34
Oppsummering samlingsforvaltning	35
Forsking.....	36
Oppsummering utfordringar	37
7. Andre problemstillinger.....	38
Samfunnsrolla	38
Fordelingsnøkkel	39
Konsolidering.....	40
Museumsrådet – verkeområde og ansvar	40
8. Fylkeskommunalt ansvar for ulike museer.....	42
Private samlingar og museumsliknande institusjonar	42
Museum i "grenseland".....	43
Utstein Kloster	43
Det norske utvandrersenteret.....	43
Vigsnes Grubemuseum	43
Norsk Oljemuseum.....	44
Arkeologisk museum Universitetet i Stavanger	44
Arkeologiske friluftsmuseer	44
Vikinggarden på Avaldsnes	44
Jernaldergarden på Ullandhaug.....	45
Fortidslandsbyen Landa	45
Oppsummering arkeologiske friluftsmuseer	45
Magma geopark og det planlagde museumsanlegget i Jøssingfjord	45
9. Arkiv, bibliotek og museum.....	47
Bibliotek.....	47
Arkiv	48
Privatarkiv.....	48
Samfunnsinstitusjonar	48
Litteratursatsing og litteraturformidling	48
Foto	49
Digitalisering.....	49
Arkivenes Hus, Ullandhaug	49
10. Mål og handlingsplan 2011–2014.....	50
Mål:.....	50
10.1 Organisering og fornying	51
10.2 Forvaltning.....	55
10.3 Forsking.....	58
10.4 Formidling, litteratur og bibliotek	59
11. Vedlegg.....	61

Forord

Regionalplan for museum vart samrøystes vedteke i fylkestinget 18.10.2011. Endringane i museumssektoren har vore formidable dei siste tiåra både nasjonalt og regionalt. Dette har og endra forventningane og rolla til dei ulike aktørane på dette viktige samfunnsområdet. Politikarane i Rogaland meinte difor at det var viktig å få laga ein tilstandsrapport som skulle vera utgangspunktet for ei avklaring av roller og prioriterte oppgåver for dei næraste åra.

Utfordringa i ein slik prosess, kor du kjem nært inn på eit samfunnsområde og får dokumentert tilstand og ambisjonar, er at ein samstundes skal sjå heilskapen og gjera dei naudsynte prioriteringar. Dette har vore eit viktig fokus i arbeidet og me har enda opp med ein plan som set tydelege grenser for kva fylkeskommunen tek ansvar for og kva rolle den vil spela i utviklinga av musea. Planen gjer tydelege prioriteringar innafor satsingsområder og den har eit høgt ambisjonsnivå, mellom anna med tanke på å få til meir samarbeid og samordning mellom musea.

Som politikarar og leiar av styringsgruppa for arbeidet, har det vore både interessant og nyttig å delta så nært i arbeidet både med å kartlegga tilhøva for musea og ikkje minst reflektera over forventningar som mange har til desse kulturinstitusjonane. I samband med dette vart eg og imponert over ambisjonane som musea sjølv har til eiga verksemd. Me fekk stadfesta at me har eit stort museumsmangfald i fylket, og at musea våre på mange områder held eit høgt fagleg nivå. Ikkje minst har me fått innsyn i musea som samfunnsinstitusjonar og den viktige rolla dei spelar både lokalt og regionalt som kunnskapsarena og møteplass i kulturminneforvaltninga.

Formidlarrolla har vorte utvida ved våre museumsinstitusjonar og med nye senter for kunst og kultur, der den immaterielle kulturarven får meir plass. Desse innfallsvinklane vert viktige tema for forskning.

Denne planen vil ikkje løysa alle utfordringane musea står ovanfor, men eg vonar den vil vera eit viktig bidrag til ei god utvikling av musea og synleggjera dei som dei viktige samfunnsinstitusjonane dei er.

Endeleg vil eg takka kulturadministrasjonen som har ført i pennen museumsmeldinga, lagt til rette arbeidet fagleg og fanga opp synspunkta i styringsgruppa, slik at Rogaland fylkeskommune nå har fått eit styringsdokument som gjer oss betre rusta til utfordringane som møter oss i åra som kjem.

Jarle Braut
leiar for styringsgruppa

Saksprotokoll

Utvalg: Fylkestinget
Møtedato: 18.10.2011
Sak: 73/11

Resultat: Innstilling enst. vedtatt

Arkivsak: 10/1770
Tittel: **SAKS PROTOKOLL: REGIONALPLAN FOR MUSEUM 2011 - 2014**

Behandling:

Votering:

Innstillingen tiltres enstemmig.

Vedtak:

Regionalplan for museum vert godkjent. Planen skal gjennomførast i tråd med mål og tiltak formulert i handlingsdelen, kap. 10.
Handlingsdelen skal rullerast kvart år i samband med budsjett, første gong i samband med budsjettet for 2012 / økonomiplanen for 2012-2015.



1

Innleing

Vedtak

Fylkesutvalget vedtok på møte den 9. februar 2010, FU-sak 0016/10, at det skal lagast ein ABM-plan for Rogaland.

Vedtaket lyder slik:

- .1 Fylkesrådmannen får i oppdrag å utarbeida ein ABM-plan for Rogaland etter retningslinjer trekte opp i saksframlegget.
- .2 Planen skal vera kort og operasjonell. Den skal leggja sterk vekt på faglege og økonomiske utfordringar og skal kunna nyttast i overordna fylkeskommunale planverk.
- .3 Det vert nedsett ei politisk styringsgruppe med fylgjande medlemmer:
 - o Regional- og kulturutvalgets leder - Jarle Braut, V
 - o Regional- og kulturutvalgets nestleiar - Hildegunn Bjelde, AP
 - o Ragnhild Osmundsen, H

- .4 Kostnader til planarbeidet synfaringar/ møte for styringsgruppa og partane, kr. 150.000, vert løyvde over konto 3099.14900 Reservert til tilleggssbevilgninger.

Stavanger
kunst-
museum.
Barn i stille
undring?
Fotograf:
Elisabeth
Tønnesen

Planprosess

Fylkeskultursjefen fekk i oppdrag å utarbeida planen. Rådgjevar Kate I. J. Syvertsen har hatt koordineringsansvaret. Seniorrådgjevar Egil Harald Grude har vore med på å utarbeida grunnlagsmaterialet og elles kome med faglege innspel.

Museer, arkiv og bibliotek i Rogaland vart i brev februar 2010 orienterte om vedtak. Det vart også informert om at arbeidet var sett i gang og at ein etterkvart ville ta kontakt med dei ulike institusjonane, enten samla eller enkeltvis.

Rammeverk for planen vart presentert på biblioteksjefmøtet i Egersund i mai 2010, med oppfordring om å koma med innspel. Det kom inn skriftlege innspel til planen frå to av

folkebiblioteka etter dette møtet. Det har vore gjennomført separate møte med representantar frå alle dei fem regionmusea, der musea har blitt orienterte om planarbeidet. Musea fekk på førehand tilsendt spørsmål og problemstillingar i høve til status og utfordringar, og dette blei på ulikt vis presentert og drøfta i møta. I tillegg til desse møta har det vore kontinuerleg kontakt pr epost og telefon knytt til ulike problemstillingar eller for å få avklart utfordringar og behov nærmare.

Regionmusea, Utstein Kloster og Norsk Oljemuseum vart 24. februar 2011 inviterte saman med den politiske styringsgruppa til presentasjon av planen. Musea fekk tilsendt utdrag frå planen i forkant av møtet, medan deler vart presentert munnleg i møtet. På denne måten fekk musea høve til medverknad innan høyringsutkastet vart behandla politisk. Musea vart oppmoda til å senda inn skriftlege korrigeringar og innspel innan ein gitt frist. Det kom inn skriftlege kommentarar og rettingar frå fem av musea: Oljemuseet, Jærmuseet, Ryfylkemuseet, Haugalandsmuseene og Dalane folkemuseum.

På kultursjefmøtet på Utstein Kloster hotell i november 2010, fekk kommunane presentert rammene for planen og førebelse utfordringar. Her kom inn mange relevante innspel. Dette møtet blei følgt opp med ei ny samling i mars 2011, kor utkast til plan blei presentert og drøfta. Det har også vore eit separat møte med Statsarkivet og med fylkesfotonettverket.

Dei arkeologiske friluftsmusea fekk ei orientering om planarbeidet på deira nettverkssamling i november 2010 og ein presentasjon av høyringsutkastet på nettverksmøtet våren 2011.

Den politiske styringsgruppa har hatt to møte hausten 2010, og eitt hausten 2011. Det har og blitt gjennomført ein studietur til Oslo og Vest-Sverige i februar / mars 2011. I samband med studieturen hadde den politiske styringsgruppa eit møte med Kulturdepartementet der følgjande saker/problemstillingar vart drøfta: Regionalt konserverings- og kompetansesenter, samordning i krav og tildeling til musea og utgreiing om kriteria for tilskot og investeringar.

Under studieturen vart konsolideringsprosessen og utfordringar i høve til organisering og økonomi

drøfta med politisk og administrativ leiing i Västra Götaland, samt med representantar for ei rekke ulike museer og museumstypar i regionen. Dette ga både dei folkevalde og administrasjonen ei nyansert innsikt. Studieturen vart avslutta med eit internt møte med den politiske styringsgruppa, der administrasjonen fekk fullmakt til å innarbeida dei mål og satsingar som vart presenterte på møtet.

Fylkesutvalget vedtok 05.04.2011 å senda forslag til plan til offentlig høyring. Planen vart sendt på høyring til regionmuseer og andre museer med tilskot frå fylkeskommunen, og til kommunar, bibliotek, arkivinstitusjonar, universitet/høgskular og statlege verksemder, med høyringsfrist 17.06.2011. I høyringsbrevet vart høyringsinstansane oppmoda om å ta kontakt dersom dei ønskte møte med administrasjonen for å drøfta heile eller deler av planen. Ingen ba om slikt møte. Det kom inn 22 uttaler frå museer, kommunar og andre institusjonar. Innspel frå høyringsuttaler vart i samråd med styringsgruppa i varierende grad innarbeidd i planen, og forslag til revidert utkast vart vedteke i møte med styringsgruppa 07.09.2011.

Frå abm-plan til museumsplan

Av vedtaket går det fram at det skal utarbeidast ein abm-plan for Rogaland.

I møte med styringsgruppa 01.02.2011 vart føringane for planen endra. Styringsgruppa har vurdert det slik at planen vert for omfattande om han skal vektlegga alle tre fagområde like sterkt. Ein ynskjer og å sjå den regionale utviklinga i lys av dei nasjonale endringane for abm-sektoren før nye strategiar blir utforma.

Planen skal difor ha hovudfokus på museum. Bibliotek og arkiv vert berre trekte inn der det er naturleg eller der det er moglegheiter for samarbeid og/eller samordning mellom desse og musea. Med bakgrunn i dette vart tittelen på planen endra til *Regionalplan for museum*.

Det overordna målet for planen er å klargjera Rogaland fylkeskommune si rolle i utviklinga og konsolideringa av museumssektoren i fylket. I dette ligg ei erkjenning av at fylkeskommunen, i tillegg til generell støtte, bør målretta sin innsats i høve til musea. I planen vert det

lagt vekt på å fremja strategiar som kan styrka fagleg utvikling hos musea og deira rolle som samfunnsinstitusjonar.

Planen omfattar dei fem regionmusea i Rogaland med konsoliderte einingar (sjå vedlegg 3):

- Dalane Folkemuseum
- Jærmuseet,
- Museum Stavanger AS
- Haugalandmuseene AS
- Ryfylkemuseet

Planen vil og omfatta andre museum og museumsliknande tiltak med driftstilskot frå fylkeskommunen:

- Stiftelsen Utstein Kloster
- Det norske utvandrersenteret
- Vigsnes Grubemuseum
- Stiftelsen Ullandhauggarden

Planen inkluderer dessutan fylkeskommunal politikk i høve til:

- Dei to store musea - Arkeologisk museum Universitetet i Stavanger og Norsk Oljemuseum
- Fortidslandsbyen Landa
- Nordvegen Historiesenter
- Mindre, og private museum og samlingar
- Magma Geopark og Jøssingfjordsenteret

Regionalplan for museum har hatt fokus på fylgjande:

- Regionale og nasjonale føringar og ambisjonar for museumssektoren
- Skildring av museumslandskapet i lys av eksisterande plan- og utviklingsmål
- Kartlegging av status og utfordringar i høve til regionmusea
- Områder med moglegheit for samarbeid/ samordning innan abm-sektoren
- Avklaring av fylkeskommen sitt ansvar, rolle og prioriteringar
- Mål og handlingsplan for planperioden

Tema som er belyst særskilt er:

- Framtidige konserveringstenester
- Utvikling av fellesmagasinet på Åmøy
- Fylkesfotonettverket
- Digitale utfordringar, kompetanse, tilgjenge og formidling
- Museumsrådet – verkeområde og ansvar
- Den fylkeskommunale litteratursatsinga knytt til Garborg, Kielland og Løland
- Fagleg utvikling som grunnlag for samfunnsoppdraget



2

Regionalplan for museum 2011–2014

Å lære ved å gjera er ei målsetting for mange museums-aktivitetar. Her hesjing på Jærmuseet. Fotograf: Jærmuseet

Overordna mål

Denne planen har som overordna mål å klargjera Rogaland fylkeskommune sitt ansvar og si rolle overfor musea i regionen, og gje tydelege signal om satsingsområde og prioriteringar i planperioden.

Rogaland fylkeskommune vil bidra til å styrka den faglege dimensjonen og utvikla musea til fagleg sterke og vitale institusjonar som spelar ei stor rolle i samfunnet og vert anerkjente for det.

Det er eit mål å bidra til at musea i Rogaland har ei drift bygd på godt forvalta materiell og immateriell natur- og kulturarv der forskningsbasert kunnskap er fundamentet.

Musea skal ha ei sterk lokal og regional forankring, og bidra til utvikling av samfunnet gjennom forskning, forvaltning, formidling og fornying og andre samfunnsorienterte kulturtiltak av høg kvalitet.

Eit sentralt mål for Rogaland fylkeskommune er å spela ei samordnande rolle for musea i fylket, og bidra til samarbeid og samhandling mellom museer, andre tilskotsparter og mellom museer og andre kulturinstitusjonar.

Samandrag strategi og økonomi

Rogaland fylkeskommune vil i planperioden bidra til å utvikla regionmusea gjennom følgjande hovudtiltak:

1. Eit fast driftstilskot som har dagens tilskot til regionmusea som ramme.
2. For å dekkja eit fast årleg tilskot til Norsk Oljemuseum skal rammene aukast med kr. 1 million, som utgjer det tilskotet som blir føreslått for dette museet.
3. Etablering av regionale fellestenester innan samlingsforvaltning med ei ramme på kr. 10 mill. i investeringar og kr. 5 mill. årleg til drift. Tilskot frå andre offentlege instansar kjem i tillegg til dette.

4. Øyremerka ressursar til forskning, kr. 1. mill, der mellom anna forvaltning, samfunnsopp-gåver og immateriell kultur vil ha prioritet
5. Avvikling av noverande museumsråd og etablering/gjenoppretting av ein fast arena for dialog og utvikling mellom musea og offentlege bidragsytarar.
6. Vidareføring av konsolideringsarbeidet ved og av regionmusea – kr. 1. mill. i stimuleringsmidlar.

Dette representerer totalt ei auke i tilskotsrammene til regionmusea på kr. 8,35 mill. I tillegg kjem ei auke i investeringar i planperioden på kr. 10 mill.

Fylkeskommunalt ansvar og bidrag

Fram til 2003 forvalta fylkeskommunane både eigne midlar og den statlege tilskotsordninga. I statsbudsjettet frå 2004 blei dette lagt om slik at driftsmidla frå staten no blir fordelt direkte til det einskilde museum. Dette gjer at Rogaland fylkeskommune no er ein av tre offentlege aktørar som bidreg med ressursar til dei regionale musea. I 2011 utgjer det samla tilskotet frå fylkeskommunen kr. 25,886 millionar til regionmusea. Til saman utgjer dei faste tilskota til musea om lag 25% av kulturbudsjettet til fylkeskommunen. Dei statlege driftstilskota til regionmusea utgjer til samanlikning kr. 41,697 millionar. Regionamusea har hatt stor vekst og utvikling i høve til antall tilsette, investeringar og konsolideringar. Det samla tilskotet frå Rogaland fylkeskommune har til dømes auka med 136% i perioden 2002–2010.

Kartlegginga av status viser at musea har mange og store utfordringar og ambisjonar. Innanfor fleire område kjem det fram at musea har vanskeleg for å prioritera og å handtera dei mange oppgåvene.

Som ein av fleire tilskotsytarar erkjenner Rogaland fylkeskommune eit avgrensa ansvar og høve til påverknad og styring. På bakgrunn av dokumentasjon og forventningar frå musea og dei offentlege ambisjonane for museumssektoren, ønskjer Rogaland fylkeskommune i planperioden å styrka sitt bidrag til musea ved å øymerka sine tilskot til nokre særskilte oppgåver. Rogaland fylkeskommune tek ikkje sikte på å auka driftstilskota til musea i planperioden, men vil i staden spissa innsatsen mot fagleg utvikling.

Rogaland fylkeskommune forventar at musea

tar vare på fornying og formidling gjennom dei ordinære driftstilskota og inntekter frå eiga drift og tilskot frå andre støttespelarar. Fleire av musea har vore flinke til å auka sine eigne driftsinntekter. Dette har gitt dei mogelegheit til å fornya td. eigne utstillingar. Med den kompetansen som musea har, saman med bygningar og samlingar som dei forvaltar, meiner fylkeskommunen at musea har potensiale til å styrka dette inntektsgrunnlaget.

Fagleg utvikling

Rogaland fylkeskommune vil i planperioden prioritera fagleg utvikling innan samlingsforvaltning og forskning. På desse områda har musea peika på at det er eit stort etterslep. Fylkeskommunen er og usikker på om musea på eiga hand vil greie å prioritera og gjennomføra nødvendige tiltak.

Ved at fylkeskommunen tek eit større grep om desse fagfelte, er det eit mål at musea skal få større høve til sjølv å prioritera driftsoppgåver og det viktige formidlingsarbeidet.

Det understrekast at dette er slik fylkeskommunen vil prioritera sine tilskot i planperioden. Det betyr ikkje at fylkeskommunen forventar at stat og kommune prioriterer tilsvarande, det vil tvert om oppfattas som positivt om andre bidragsytarar prioriterer andre fagfelt.

I planperioden vil Rogaland fylkeskommune prioritera å utvida dei totale tilskotsrammene til museumssektoren gjennom fornying og utviding av regionale fellestenester innan samlingsforvaltning. Rogaland fylkeskommune vil setja av ein eingongssum på kr. 10. mill. i investeringsmidlar og kr. 5 mill. til årleg drift av slike tenester. Det er på dette området ein føresetnad at staten bidreg med midlar. Denne satsinga vil inngå i fylkeskommunen sitt totale bidrag til den regionale museumssektoren.

Investeringar

Alle musea har planar om til dels betydelege investeringar i nybygg dei næraste åra. Slike ambisjonar er forståelege, men Rogaland fylkeskommune sin økonomiplan for 2011–2014 gir ikkje grunnlag for å gi tilskot til slike prosjekt. Signal frå kulturdepartementet tilseier at ein heller ikkje kan forventa løyvingar til nye kulturbygg frå statleg hald i planperioden. Dette tilseier at musea bør ha nøkterne ambisjonar for auka investeringstilskot i planperioden.

Rogaland fylkeskommune vil prioritera å rehabilitera og sikra to anlegg i planperioden som begge er eigde av fylkeskommunen. Dette gjeld Bergesenhuset på Vibrandsøy med til saman kr. 10 millionar kroner, og Litunet i Suldal med kr. 1,5 millionar kroner. I tillegg skal det utarbeidast planar for framtidig bruk av Bergesenhuset.

Søknader om investeringstilskot vil i utgangspunktet bli handsama i samband med fordeling av spelemidlar til kulturbygg og Rogaland fylkeskommune sine egne kulturbyggmidlar.



3

Bakgrunn

Rogaland fylkeskommune fekk den første museumsplanen sin i 1992. Seinare kom fleire handlingsplanar til (sjå vedlegg 1). Sidan har museumspolitikken vore drive med grunnlag i desse planane og i nasjonale føringar for konsolidering. Planen la opp til ei retning for musea som i stor grad har blitt følgt. Samstundes har mykje nytt kome til. Dels er planen oppfylt samstundes som han treng ein revisjon. Museumslandskapet er endra med nye tiltak og nye strukturar. Både offentlege styresmakter og musea står ovanfor nye utfordringar.

Fram til 2003 forvalta fylkeskommunane både eigne midlar og den statlege tilskotsordninga til musea. Forvaltinga var forankra i fylkesvise museumsplanar, der både struktur og innhald i museumsutviklinga vart omtala og vurderte. I statsbudsjettet for 2004 vart det ei omlegging av den statlege tilskotsordninga, slik at driftsmidlane frå staten no vert fordelte direkte frå Kulturdepartementet til det einskilde museum. Musea skal ha sitt primære nedslagsfelt i sine lokale og regionale miljø, samstundes som dei skal inngå i eit nasjonalt museumsnettverk.

I tråd med nettverkstanken er finansieringsansvaret delt mellom direkte tilskot frå stat og frå regionen (fylke og kommune). Gjennom denne omlegginga har staten teke eit større grep om den offentleg finansierte museumspolitikken, og redusert fylkeskommunane sitt tilsvarende. Fylkeskommunane skal stilla forventningar til musea, men også vera tydeleg i sine forventningar til staten når det gjeld deira deltaking i utviklinga av musea i sitt fylket.

Prioriteringane frå både stat og region er med på å setja avgjerande rammer for dei fleste musea. Fylkeskommunen har framleis eit direkte ansvar for regionmusea gjennom medansvar for drift, og må nytta si posisjon til å utvikla og føra ein tydeleg museumspolitik. Gjennom tilskot til drift har fylkeskommunen mange høve til å påverka kva musea skal satsa på, på organisering og korleis dei skal fordela ressursane mellom dei ulike aktivitetane.

På bakgrunn av endringane som har skjedd i tilskotsordninga og innskrenkinga av fylkeskommunen sitt ansvar, vil Regionalplan for

Sjømannskap i praksis på Anna af Sand. Fotograf: Ryfylkemuseet

museum 2011 – 2014 vera ein annan type plan enn museumsplanen frå 1992. Fleire nasjonale reformer har medverka i å endra føresetnader og forventningar til musea. I ein lengre periode har både stat og fylkeskommunar konsentrert seg om museumsreforma. Denne er ei statleg iverksett landsomfattande samanslåings- og kvalitetsstyrkingsprosjekt ved musea. Rogaland fylkeskommune sin museumsplan frå 1992 bar i seg mykje av det same tankegodset og var i forkant av det statlege konsolideringsarbeidet som elles har kome i ei tid då staten har gjort innskrenkingar i fylkeskommunen si rolle i museumspolitikken.

Nye krav kjem til syne gjennom fylkeskommunale og nasjonale planverk, og frå statleg side vert det no stilt tydelege krav til musea om å prioritera fagleg innhald og aktivitet, og utvikla seg til profilerte samfunnsinstitusjonar.

Musea har sjøl sett seg betydelege utviklingsmål og utfordringar. Det gjeld både struktur, personale, bygningar og innhald. Det er til dels omfattande byggeplanar ved alle musea og det er ynskje om å setja i gang ei rekke nye tiltak, dels med grunnlag i fylkeskommunale vedtak.

Musea har ynskje om mange nye stillingar. Ei eventuell gjennomføring av desse tiltaka vil krevja betydeleg auke i offentlege løyvingar både på drifts- og investeringssida.

Det er gjennomført konsolideringstiltak i alle dei fem museumsregionane i Rogaland, sist i 2010 i Stavanger og på Jæren. Det har vore eit omfattande og tidkrevjande arbeid som enno pågår, (sjå meir i kap. 5 og 7, samt vedlegg 3).

På nasjonalt nivå har arkiv, bibliotek og museum sidan 2003 vore samordna i det tverrsektorielle og departementsoverskridande direktoratet ABM-utvikling. I 2010 vart det varsla nedlegging av ABM-utvikling frå 1. januar 2011 og ei omorganisering av fagfelta. Bibliotekoppgåvene er no overført til Nasjonalbiblioteket og Norsk Vitenskapsindeks, medan arkiv og museum er integrert i Norsk Kulturråd. Arkivfeltet skal i tillegg vurderast for overføring til Arkivverket. Departmentet understrekar like fullt at eit tverrgåande perspektiv framleis skal vera eit grunnleggjande mål for arbeidet til alle institusjonane innan abm-feltet, og at nedlegginga av ABM-utvikling ikkje betyr at samarbeid på tvers av sektorane skal nedprioriterast.



4

Plangrunnlag

Planarbeidet bygger på ei rekke nasjonale og regionale planer, føringar og satsingsområder, der overordna nasjonale strategiske planar gir retningslinjer for regionale planar og tiltak relatert til musea. På det regionale nivået er det særleg *Fylkesplan for Rogaland og Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern* (FINK) som er retningsgivande. Frå nasjonalt hald er det dei siste 10 åra særleg tre dokument/stor-tingsmeldingar som har vore viktige og som har vore med på å endra føresetnadene og forventningane til musea. Desse har hatt konsolidering, samfunnsrolle og digitalisering som hovudtema. Når det gjeld bibliotek og arkiv vil planar trekkast inn i den grad dei har relevans for samarbeid og felles utfordringar for abm-sektoren.

Overordna regionale føringar

Dei fylkeskommunale planverka som stiller krav og gir rammer mellom anna til musea er:

- Fylkesplan for Rogaland (under revisjon)
- FINK, Fylkesdelplan for Friluftsliv, Idrett, Naturvern og Kulturvern

- Strategisk kulturplan (under revisjon)
- Regionalt utviklingsprogram - RUP
- Les for livet. Strategisk plan for lesing i Rogaland 2005–2009
- Regionalplan for et inkluderende samfunn 2011–2014
- Fylkesplan for universell utforming
- Den kulturelle skolesekken Rogaland, Utviklingsplan for 2008–2010
- Vedtak knytta til fylkeskommunal litteratursatsing
- Vedtak knytta til Magma Geopark
- Vedtak knytta til Arkivenes Hus

Desse set på dagsorden tema som:

- Forsking
- Samfunnsengasjement utanfor museumsgjerdet
- Kunnskap og haldningar til kultur og naturvern
- Sikring av kultur- og naturverdiar
- Kulturbasert næringsutvikling
- Reiseliv

Ryfylke-museet har lenge engasjert seg i høve til mangfald-samfunnet og driv mellom anna ein internasjonal kafe.
Fotograf: Ryfylkemuseet

- Utvikling av matfylket Rogaland
- Helse og livskvalitet
- Helsefremjande arbeid
- Kulturelt mangfald
- Barn og unge
- Entreprenørskap

Nasjonale føringar

- Abm-meldinga (St.meld. nr.22 (1999–2000) Kjelder til kunnskap og oppleving)
- St.meld. nr. 49 (2008–2009) *Framtidas museum Forvaltning, forskning, formidling, fornying*
- St.meld. nr. 24 (2008–2009) *Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv*
- St.meld. nr. 23 (2008–2009) *Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid*
- St.meld. nr. 48 (2002–2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014*
- *UNESCOs konvensjon om vern av immateriell kulturarv (2003)*
- Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (kulturminneloven)
- St.meld nr. 26 (2006–2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*

Musea og samfunnsrolla

Musea si overordna rolle er uløysleg knytt til samfunnsoppdraget. I følge ICOM¹ sin definisjon er musea institusjonar som skal tena samfunnet og utviklinga og dei skal vera ope for publikum. Musea skal driva med innsamling, bevaring/konservering, forskning og formidling. Det blir lagt vekt på ei heilskapleg tilnærming i å utvikla kunnskap om kulturarv gjennom å sjå materielle og immaterielle kulturuttrykk i samanheng. I tråd med denne definisjonen er det overordna målet i St.meld. nr. 49 (2008–2009), *Framtidas museum*, utvikling av musea som profilerte samfunnsinstitusjonar. Her vert det formulert fire hovudmål for museumssektoren knytta til forvaltning, forskning, formidling og fornying. Vektlegginga av musea si samfunnsrolle og dei fire satsingsområda blir også vektlagt i regionale planverk og i øvrige nasjonale planar og føringar.

¹ "Eit museum er ein permanent institusjon, ikkje basert på profit, som skal tena samfunnet og utviklinga av samfunnet og vera ope for publikum; som samlar inn, bevarer/konserverer, forskar i, formidlir og stiller ut materielle og immaterielle vitnesbyrd om menneska og deira omgjevnader med studie-, utdannings- og underhaldningssiktemål. Revidert definisjon frå 2007.

Forsking og forvaltning

Mål St. meld 49: *Forsking og kunnskapsutvikling ved museene er et nødvendig faglig grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling. Et delmål vil være økt forskningssamarbeid, både i museumsnettverket og mellom museene og forskningsmiljøer i kunnskapssektoren.*

Mål St. meld. 49: *Museenes samlinger skal sikres og bevares best mulig for ettertiden og gjøres tilgjengelig for publikum og for forskning. Viktige delmål vil være gode sikrings- og bevaringsforhold samt prioritering og koordinering av samlingene.*

Fylkesplanen peikar på viktige satsingsområde og strategiar, og fleire av desse vil bli omtalte i denne museumsplanen. Både Fylkesplanen og Strategisk kulturplan/Regionalplan for kultur er for tida under revisjon. Fylkeskommunen finn det naturleg å sjå nærare på føringane i desse når dei reviderte planane føreligg.

Tilrettelegging av kulturminne er ein del av den fylkeskommunale politikken og vert mellom anna støtta gjennom FINK og tildeling av midlar til antikvarisk vedlikehald. Rogaland fylkeskommune er ved kulturseksjonen ein sektormyndighet innafor kulturvern. Det er i hovudsak kulturminneloven, men også St.meld nr. 26 (2006–2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*, som legg føringar for dette arbeidet. Av desse dokumenta går det fram at det er eit overordna og nasjonalt mål for arealpolitikken å sikra og ta vare på verdifulle kulturminner og kulturlandskap.

Dei ulike musea har saman med fylkeskommunen på ulikt vis, direkte eller indirekte, ansvar for tilrettelegging og sikring av kulturminne. Det er forventa at musea skal vera aktive og vera med som rådgjevarar og samarbeidspartnarar i sikring og tilrettelegging. Åmøyprosjektet, som går ut på tilrettelegging av helleristningsfelt på Åmøy, er til dømes eit samarbeidsprosjekt mellom Arkeologisk museum og Rogaland fylkeskommune. Det vil vera fokus på å fullføra utgreininga i planperioden.

Alle regionmusea forvaltar til dømes eigen verneverdig bygningsmasse, til dels betydelege mengder bygningar. Dette ansvaret har auka gjennom konsolideringsprosessen

ved at regionmusea har fått større ansvar for bygdemusea.

Slik sett har musea eit betydeleg kulturminne-ansvar. Ansvaret for kulturminneforvaltinga i fylket generelt ligg hos fylkeskommunen. Musea har teke på seg færre oppgåver enn dei hadde før fylkeskommunen si overtaking av kulturminneforvaltinga for to tiår sidan.

Musea får store utfordringar gjennom *Fylkesplan for Rogaland* og FINK. Bruken av kultur i regional utvikling skal aukast og regionale kulturtiltak skal prioriterast. Kulturarven skal både vernast og formidlast, som basis for identitet, i forhold til livskvalitet og trivsel og som innsatsfaktor i utdanning og næringsutvikling. Alle befolkningsgrupper i heile fylket skal sikrast tilgang til eit mangfaldig kulturliv. Det å skulle byggja kunnskap om vernemetodar, skapa gode haldningar og byggja interesse hos barn og unge, krev eit breitt og tverrfagleg samarbeid.

Innan samlingsforvaltning er det mellom anna knytta store utfordringar til digitalisering. Viktige føringar for digitaliseringsarbeidet vert og gitt i *St.meld. nr. 23 (2008–2009) Bibliotek* og *St.meld. nr. 24 (2008–2009) Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv*. *St.meld 49 (2008–2009) Framtidas museum* tek også opp dei digitale utfordringane knytt til forvaltning av samlingane. Det vert peika på dei tverrsektorielle utfordringane, og særleg digitalisering av foto vert framheva som viktig å handsama i eit tverrsektorielt perspektiv. Privatarkiv er eit anna felles felt som særskilt vert nemnt.

Fornyning

Mål St.meld. 49: Gjennom faglig utvikling, nytenking og profesjonalisering, skal museene være oppdaterte og aktuelle i alle deler av sin virksomhet, være solide institusjoner og ha en aktiv samfunnsrolle. Et delmål vil være å utvikle digital forvaltning og formidling.

Abm-melding (St.meld. nr.22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving*) hadde som hovudtiltak ei betre strukturering av museumslandskapet, der kvart fylke skulle ha eit mindre tal museer. Desse skulle ha ei så sterk fagleg og økonomisk plattform at dei kunne inngå i eit nasjonalt museumsnettverk. Dette er eit statleg iverksett landsomfattande samanslåings- og

kvalitetsstyrkingsprosjekt ved musea, og det går framleis føre seg konsolideringsprosessar – også i Rogaland. Målsettinga med reforma har vore å skapa profesjonelle museumsfaglege institusjonar som kan gå aktivt inn i dei mange utfordringane i musea si samfunnsrolle, mellom anna ved å delta i eitt eller fleire av dei faglege museumsnettverka. Det er etablert 24 faglege museumsnettverk og to tverrsektorielle abm-nettverk.

I *St.meld 49 (2008–2009) Framtidas museum* vert fornyinga vidareført gjennom å prioritere utvikling av musea som faglege kunnskaps-sentra og solide organisasjonar. Musea skal profesjonaliserast både museumsfagleg og administrativt, og det skal leggjast vekt på samarbeid mellom institusjonane og på felles-tiltak, mellom anna digitalisering. Digitalisering og digital formidling vert framheva som satsings-område og eit av tiltaka er å styrka og utvikla den digitale forteljar- og formidlingskompetansen i abm-institusjonane. Gjennom prosjektet *Digitalt fortalt* skal det mellom anna arbeidast med digital formidling, dramaturgi, skiving for nett, nye metodar i nettbasert formidling og samhandling med brukarane.

Formidling

Mål St. meld. 49: Museene skal nå publikum med kunnskap og opplevelse og være tilgjengelig for alle. Det innebærer målrettet tilrettelegging for ulike grupper og aktuell formidling som fremmer kritisk refleksjon og skapende innsikt.

Musea er viktige premissleverandørar i eit moderne demokrati og har ei aktiv samfunns-rolle i eit Norge som i aukande grad har blitt eit fleirkulturelt samfunn. Stortingsmeldingane om bibliotek og om museum som kom i 2009, har begge fokus på minoritetar og kulturelt mangfald som sentrale og viktige felt for abm-institusjonane.

I St.meld. nr. 49 er det eit mål at musea skal spegla det samfunnet dei er ein del av, og mangfaldet av kulturuttrykk skal både vernast og fremjast. Jamfør ratifikasjon av konvensjonar der Norge forpliktar seg til vern av immateriell kulturarv og vern og fremjing av mangfald i kulturuttrykk.

Samfunnsrolla og folkeopplysningstanken er

også svært sentrale felt i folkebiblioteka, og i forhold til demokratisering har dei som viktigaste fokusområde å stimulera til og støtta opp under utdanning, opplysning og opplæring.

Regionalplan for et inkluderende samfunn

2011–2014, som vart vedteken i 2010, har som overgripande hovudmål at Rogaland skal vera eit inkluderande og mangfaldig fylke, prega av gjen- sidig forståing og respekt, kor det skal leggst til rette for tilhøyrslø og deltaking for alle innbyg- gjarar i praksis. Planen omfattar inkludering på fire felt; etnisk bakgrunn, høg alder, seksuell orientering og funksjonsevne.

Den nye antidiskrimineringslova vart iverksett 1. januar 2009. Diskriminerings- og tilgjengelighetslova forbyr diskriminering av personar med nedsatt funksjonsevne og omfattar alle samfunnsområder, også IKT. ABM-utvikling har universell utforming som ei prioritert oppgåve i sine måldokument og arbeider med konkrete tiltak. Mellom anna skal alle museum som mottar tilskot frå KUD rapportera på status og tiltak for tilrettelegging for personar med nedsatt funksjonsevne

Fylkesdelplan for Universell Utforming 2007–2011 vart vedteken mars 2007 og legg stor vekt på at krav om godt tilgjenge og tilrettelegging for alle brukargrupper skal innarbeidast i og ligga til grunn for dei tenester fylkeskommunen yt og har ansvar for.

St.meld. nr 8 (2007–2008) Kulturell skulesekk for framtida slår fast at kunnskap og innblikk i kulturarv og tradisjonar er viktige og sentrale element i DKS. Musea spelar ei viktig rolle i denne samanhengen.

Den fylkeskommunale DKS-planen, *Den kulturelle skulesekken Rogaland Utviklingsplan for 2008–2010*, seier at den viktigaste oppgåva er å levera produksjonar av høg kvalitet. Eit av måla er at alle skulebarn i fylket i løpet av skuletida skal ha besøkt dei viktigaste sentrale kulturinstitusjonane i fylket – representert ved museum, teater og konsertsal. Når det gjeld kulturarvfeltet er dette i stor grad lagt til den kulturelle skulesekken lokalt, til den enskilde kommune eller skule. "For lokalt DKS-arbeid gjeld å ta lokalsamfunnet, lokalhistoria og dei lokale kunst- og kulturressursane i bruk, og i større grad ha fokus på å styrka elevane sine egne uttrykk". For fylkeskommunen vil sentrale oppgåver difor vera å informera, støtta og leggja til rette for at skulane og kommunane kan utføra sin del av oppgåvene. Folkebiblioteka er og i stor grad involverte i det lokale DKS-arbeidet, både i høve til produksjonar og i lokale styringsgrupper. Kompetanseheving av den lokale skulesekken er eit satsingsområde, og institusjonar som museum og teater vert nemnde som moglege arenaer for kulturoplæringa.



5

Museumsplanen for Rogaland 1992 – mål og resultat

Status 2010

Rogaland fylkeskommune fekk den første museumsplanen sin i 1992, og saman med handlingsplanane som kom i ettertid er det framleis denne som gjeld.

Planen var, og vart i særleg grad, ein plan for å byggja opp regionmusea utanom Stavanger: Dalane, Haugalandet og i særleg grad Jæren og Ryfylke – dei to nyskapingane. I planen vart det skissert opp utfordringar og mål i høve til stillingar, oppbygging av naturvitskapleg kompetansesenter for fylket, fellesmagasin, konsolidering, investeringar og bygg (sjå også vedlegg 5).

Men det var også ein plan for fylkeskommunal politikk i forhold til musea generelt. Dette gjaldt lokalmuseer og større museer som Arkeologisk museum og

Norsk Oljemuseum. Desse musea driv ei omfattande verksemd og det har skjedd ei sterk utvikling sidan 1992.


Nedanfor vil vi koma inn på nokre hovedlinjer i planen og korleis situasjonen er i dag.

Økonomi og vekst

Musea har hatt stor vekst i aktivitet dei siste 20 åra. Dei totale budsjetta har i fleire tilfelle auka med fleire hundre prosent. Veksten i offentlege tilskot har også vore stor. Den samla tildelinga frå Rogaland fylkeskommune var i 2010 på kr. 23.760.000,-. Dette er ein auke på 136% sidan 2002.

For 2011 søkte musea om ytterlegare auke av fylkeskommunalt driftstilskot på i overkant av 23%, totalt kr. 30.392.000 . Tilskotet som vart løyvd for 2011 er på kr. 25.886.000. Ønska om auka tilskot har dels bakgrunn i at musea har etterslep på stillingar til den daglege drifta og dels at dei ser føre seg nye oppgåver. Dette utgjer om lag ¼ av budsjettet til kulturseksjonen i Rogaland fylkeskommune.

Norsk hermetikk-museum tilbyr læring og opplevingar i eit fabrikkmiljø frå mellomkrigstida. Fotograf: Elisabeth Tønnesen



Stillingar:

I 1992 var det eigentleg berre eit stort halv-offentleg museum i Rogaland. Det var Stavanger Museum med om lag 25 faste stillingar. Totalt ved musea i Rogaland var det om lag 100 tilsette (om lag 55 faste heildagsstillingar), dei fleste ved dei store region,- og spesialmusea. Arkeologisk museum og Stavanger museum var dei to største musea i fylket, og følgjeleg var størst antall museumsstillingar knytt til Stavanger.

På kort sikt var målet oppretting av fire stillingar:

- Ei 50% konservatorstilling ved Folkemusikkarkivet ved Ryfylkemuseet
- Ei museumslærer/lektorstilling ved Dalane Folkemuseum
- Ei handverkarstilling ved Ryfylkemuseet
- Ein fagkonsulent ved Jærmuseet

Museumsplanen la på lang sikt opp til ein vekst på 11 nye stillingar:

- To konservatorstillingar ved kvart av regionmusea
- Ein museumslærer/lektor ved kvart av regionmusea
- Teknisk personale
- Handverkarpersonale
- Fellesmagasinet 1 stilling

Ved oppretting av fellesmagasin skulle stillingsbehovet løysast som eiga sak.

Grunnen til oppsplittinga i mål på kort og lang sikt skuldast at planen vart til i ei økonomisk vanskeleg tid. På bakgrunn av denne situasjonen vart planen altfor forsiktig, og tok ikkje høgde


for å ha meir å strekka seg etter når den økonomiske krisa var over. Det er på denne bakgrunn inga overrasking at måla på nokre område er meir enn oppfylt, og at dette ikkje nødvendigvis skuldast ein god, men ein forsiktig plan.

Antalet tilsette ved musea i Rogaland har totalt auka med 140% sidan 1992, frå 100 til 240 tilsette. I tillegg kjem mellombelse stillingar og eit betydeleg tal prosjekt- og vakttilsette ved musea kvart einaste år. Den frivillige innsatsen er også stor: 7,8 frivillige årsverk er rapportert for 2009, men innsatsen er truleg større. Tilsaman utgjer stillingane eit betydeleg antal arbeidsplasser i regionen. Veksten i stillingar ved regionmusea har vore mykje større enn det planen la opp til, og auken har først og fremst skjedd utanom Stavanger.

I 1989 var 85% av museumsstillingane knytt til Stavanger. Dette har endra seg og i 2009 var 62% av dei museumstilsette knytt til dei ulike musea i Stavanger (inkl. Oljemuseet, Arkeologisk museum og Stavanger kunstmuseum). Dette er i tråd med tidlegare plan som hadde som mål å bygga ut regionmusea, særleg utanfor Stavanger.

Om lag 37% er tilsette ved Museum Stavanger, som hadde 55 fast tilsette personar i 2009 mot 25 fast tilsette i 1992. Med konsolideringa med Stavanger kunstmuseum kjem talet opp i 68 fast tilsette personar.

Jærmuseet har auka mest, frå ca. 11 årsverk i 2001 til dagens 52 årsverk. Det er dei to store sentraene Vitengarden på Nærbø og



Vitenfabrikken i Sandnes som har størst bemanning, medan Nasjonalt Garborgsenter ved Jærmuseet er ein av dei mindre einingane.

Dei som har hatt minst vekst er Haugalandmuseene, Ryfylkemuseet og Dalane Folkemuseum, sistnevnte med aller minst vekst. I 2009 hadde desse tre musea til saman 35 fast tilsette personar (33,3 årsverk).

Til tross for stor vekst ser musea store utfordringar. Samtlege melder at dei har underskot på personale og har ynskje om å få tilført fleire stillingar.

På stillingssida er det eit ønske frå musea om å betra:

- Administrasjons- og økonomifunksjonen
- Handverkarkapasiteten
- Samlingsforvaltninga og forskingskapasiteten
- Pedagog -/ formidlarsituasjonen
- Digitaliseringsoppgåver

Forskning

Alle musea driv forskning, men dei fleste er avhengige av oppdragsforskning med hovudtyngd på lokalhistorie, mellom anna i form av bygdebøker. Føresetnaden for å kunna initiera forskning sjølv er svært avgrensa, og her er planen frå 1992 ikkje oppfylt. Planen hadde som mål å oppretthalda og auka forskinga ved musea, mellom anna gjennom å oppretta ei stilling med ambulerande forskarstipend. Dette målet er ikkje oppfylt.

Oppbygging av naturvitskapleg kompetansesenter

Planen frå 1992 peika på behovet for å byggja ut eit naturvitskapleg senter for fylket gjennom samarbeid mellom dei naturvitskaplege avdelingane ved Stavanger Museum og Arkeologisk museum i Stavanger, og mellom desse og tilgrensande verksemdar. Dette har ikkje skjedd. Derimot har det skjedd ei oppbygging av det naturvitskaplege området med Vitenfabrikken på Sandnes og Vitengarden på Jæren, der mykje har kretsa om matematikk og naturvitenskap, men også kulturhistorie. Jærmuseet fekk av Kunnskapsdepartementet i 2003 status som regionalt vitensenter, og Rogaland er så langt eit av åtte fylke som har regionale vitensenter. Jøssingfjordsenteret og den sjølvstendige verksemda Magma Geopark i Dalane er òg under utbygging. I tillegg sit Norsk Oljemuseum og Arkeologisk museum på naturvitskapleg kompetanse.

På dette området ligg framleis store utfordringar, og det er fleire sentrale tema som må avklarast, mellom anna Museum Stavanger AS si rolle i dette og samarbeidet med mellom anna Arkeologisk museum.

Fellesmagasin

Planen la opp til fellesmagasin to stader i fylket. Magasinformholdera er lagt til rette med eitt stort fellesmagasin på Åmøy. Dette magasinet har vore til stor hjelp for musea, men er no fullt. Her kan vera mogleg å utnytte plassen betre ved rasjonalisering. Dette vil likevel ha avgrensa

Besøkstal

Museum	1989	1999	2002	2004	2006	2008	2009
Dalane folkemuseum	8100	11500	9534	11401	13754	39715	19378
Karmsund folkemuseum		10005	8529	13106			
Haugalandmuseene					33398	33525	30051
Ryfylkemuseet	3500	7978	7805	10744	15739	11707	14315
Stavanger Museum	60659	47530	45299	52488	44007	70478	71127
Stavanger kunstmuseum		29079	32174	25208	33910	40566	32500
Jærmuseet		20752	24072	45286	108263	160045	184744
Sum regionmusea	72259	126844	127413	158233	251077	356036	352115
Utstein Kloster		19265	18024		21644	20815	16450
Norsk Oljemuseum		84978	60798	92688	74300	92480	94781
Arkeologisk Museum		24562	26932	51810	38997	52693	45100
Sum	72259	255649	233167	302731	386018	501209	508446

innverknad på utfordringane på magasinsida. Musea melder om store behov for meir magasin-plass, både i form av nærmagasin og større fellesmagasin. Dette skuldast delvis stort tilfang av nytt materiale og delvis uheldbare tilstandar i dei nærmagasina som musea har til rådvelde i dag. Jærmuseet, Haugalandmuseene og Norsk Oljemuseum har særleg tatt til orde for å oppretta eit magasin som kan handsama store gjenstandar og kjøretøy.

Felles konserveringstenester

Musea har behov for ulike typer konserveringstenester og det er ikkje mogleg for det einskilde museum å kunna dekkja behovet gjennom tilsetjing av eige personale med spesialkompetanse på kvart område.

Med bakgrunn i dette og i museumsplanen frå 1992 vart *Handlingsplan for konservering* vedteke i 1995. I tråd med planen vart det satt i gang eit 3-årig prøveprosjekt i konserveringssamarbeid. Dette skulle gjerast etter fylgjande finansieringsmodell, der den konkrete oppfølginga skulle vera avhengig av dei årlege budsjetta: *"Stillingen avlønnes med midler frå fylkeskommunen, og Norsk museumsutvikling. Lønn til teknisk konservator i prøveprosjektperioden baseres på bevilgninger frå Fylkeskommunen. Staten ved AmS dekker leie- vedlikehold- og strømavgifter til konserveringslokalene"*.

Denne fellestenesta er framleis i drift, men stillinga er no redusert slik at konservator ein del av året arbeider for Arkeologisk museum i staden for regionmusea. Dette har bakgrunn i at tilskotet til fellestenesta ikkje har blitt auka dei siste 5 åra.

Investeringar:

Behovet for investeringar med tanke på bygg var store ved alle musea og er langt på veg dekkja i forhold til dei utfordringane ein stod ovanfor i 1992. Alle musea har fått nye bygningar etter 1992, eller dei er i ferd med å flytta inn i nybygg.

Av større investeringar som er gjennomførte kan nemnast:

- Jærmuseet – to byggetrinn på Vitengarden i Hå og eitt byggetrinn på Vitenfabrikken i Sandnes
- Dalane folkemuseum – nye administrasjonslokale i den tidlegare institusjonen Bakkebø på Slettebø, Egersund
- Fayancemuseum har fått nybygg
- Ryfylkemuseet – 2 byggetrinn (Nes-sjøhuset og nybygg for administrasjon og tekniske tenester)
- Haugalandmuseene AS – vidare utbygging av museumssenter i dei tidlegare meierilokalane, Dokken museumssenter bygd ut, innkjøp av større eigedom m/sjølinje i nordre bydel i Haugesund til ekspansjon for Haugalandmuseene.
- Nordvegen Historiesenter

- investeringsmidlar til Tusenårsstaden
- Stavanger kunstmuseum²- ferdigstilt nye lokale

I 2010 har musea nye utfordringar og dei har meldt om nye store investeringsbehov i tida framover. I planen frå 1992 går det fram at begrensa opningstider var ei stor utfordring. Her har skjedd mykje, og i dag har alle musea ope ved hovudanlegga året rundt (frå og med 2010 har og Dalane folkemuseum heilårsope ved Egersunds Fayancemuseum). Besøktala har følgeleg også auka.

Opningstider og besøk

Å visa auken i reine tal er vanskeleg, delvis på grunn av manglande tal frå 1992 og delvis fordi grunnlaget for samanlikning har endra seg etter konsolideringsprosessane. Men av materialet som føreligg er det ingen tvil om at det har vore stor vekst i besøktala dei siste 18 åra.

I tabellen ovanfor er Karmsund folkemuseum tatt med i oversikten fordi dei sto for den største andelen besøkande innan konsolideringa og opprettinga av Haugalandmuseene AS. Stavanger kunstmuseum som nyleg er konsolidert inn i Museum Stavanger AS er óg med i oversikten. Dette er gjort for å illustrera korleis besøktala til eit "modernmuseum" veks ved konsolidering.

² Tidlegare Rogaland kunstmuseum. Etter konsolideringa med MUST AS har dei endra namn til Stavanger kunstmuseum. Vi har valgt å konsekvent nytta det nye namnet også når det i teksten vert referert til situasjonar før namnebyttet..


ABM-utvikling har sidan 2002 årleg presentert ein samla statistikk for alle musea i Rogaland (inkludert dei to store musea Norsk Oljemuseum og Arkeologisk museum m.fl.). I følge denne statistikken har besøkalet for musea i Rogaland auka med 63% frå 2002 til 2009. Det samla besøkalet for alle musea i Rogaland var i 2009 på 527.368. Dei fem regionmusea åleine hadde til samanlikning 352.115 besøkande i 2009, nær 70% av det totale besøkalet i fylket. Jærmuseet er det museet som vart mest besøkt, og stod i 2009 for 35% av heile museumsbesøket i fylket. Av Jærmuseet sine mange anlegg var Vitenfabrikken det mest besøkte med nær 50% av det totale besøkalet til Jærmuseet (vedlegg 6).

Opningstider og formidling er framleis utfordringar for musea, men no på nye måtar. Idag er det alle dei mindre anlegga ved regionmusea som er utfordringa, og her er store forventningar, særleg frå publikum og kommunar.

Konsolidering

I planen frå 1992 vart det peika på behovet for å knytta gjenstandssamlingar som fell utanfor museumsdefinisjonen nærare til museumsstellet. Det vart også peika på behovet for reglar som sikrar samlingane juridisk, og skissert ulike måtar å organisera slike tilknytingar på. Det var eit klart mål i planen å få til større regionalt samarbeid og samordning.

Ei konsolidering vart gjennomført i forhold til lokalmusea, og vidareført ved statlege initiativ. I



Rogaland pågår enno konsolideringsprosessen, mellom anna mellom Jærmuseet og Flyhistorisk museum Sola og Rogaland Krigshistorisk museum. Prosessen går også vidare ved at mindre einingar har, eller ynskjer å starta, drøftingar med eit regionmuseum med tanke på samanslåing eller samarbeid på anna vis. Dette gjeld først og fremst Utstein Kloster, men og Det norske utvandrersenteret og Fortidslandsbyen Landa. MUST AS har skrive intensjonsavtale om konsolidering med Det norske utvandrersenteret og er og i forhandlingar med Utstein Kloster om konsolidering.

Rogaland har hatt ei indre konsolidering med ein desentralisert struktur, der ei rekke større og mindre einingar er samla innunder dei fem regionmusea (vedlegg 3). I andre fylker har dei gått enno lenger og har konsolidert i mykje større einingar, for eksempel Hedmark fylkesmuseum og Vestfoldmuseene IKS (vedlegg 4). Det vil vera naturleg at det i planen vert stilt spørsmål ved om konsolideringsprosessen er ferdig, eller om ein skal drøfta samanslåing i enno større einingar.

Abm-tanken i 1992

Tanken om meir samordning mellom arkiv, bibliotek og museum var også tema i museumsplanen frå 1992. Der vart slått fast klare tilknytingspunkt mellom arkiv og museum som kulturverninstitusjonar. Museumsbiblioteka og offentlege bibliotek med lokalhistoriske samlingar skulle også vurderast å bli trekte inn i eit større fagleg fellesskap saman med musea og arkiva. Musea skulle ha som mål å ikkje berre sikra betre styring og samordning seg imellom, men også mellom nærskyldte miljø som arkiv- og bibliotekinstitusjonar. Utfordringane og moglegheitene i dag er med andre ord ganske like slik dei var i 1992.

Oppsummering

Mykje av det som planen frå 1992 skisserte opp av utfordringar og mål har blitt gjennomført, og på mange område har veksten vore mykje større enn det planen la opp til, fordi han var konservativ og forsiktig. Både i høve til tilsette, formidling, besøk og opningstider har det vore stor vekst. Mange nye bygg har kome til, fellesmagasinet på Åmøy er kome på plass og er for lengst fylt opp. Mange av dei mindre samlingane og musea inngår no i eit av dei fem regionmusea og har kome museumsfagleg styrka ut av det. I ein større heilskap har dei blitt fullverdige museumsinstitusjonar, slik det vart formulert i planen frå 1992. Dei samla budsjetta, medrekna Norsk Oljemuseum og Arkeologisk museum, var i 2009 på kr. 214.520.000. Veksten har i første rekke skjedd utanfor Stavanger, i tråd med målsetjinga om å byggja ut dei andre regionmusea. Grunnlaget for samordning mellom abm-institusjonane var til stades i 1992 som det er i dag, og her er framleis mykje ugjort.

Den store veksten gjer det nærliggjande å tenka at museumsvesenet må ha blitt kolossalt styrka på denne tida, og at dei står enno betre rusta til å utføra oppgåvene sine i 2011 og framover. Men veksten har og ført til at mange av utfordringane frå 1992 framleis gjeld; fleire stillingar, nye bygg og investeringar, etterslep ift. samlingsforvaltning, og behov for meir ressursar til forskning og formidling.

Det vert også stilt større forventningar til musea og til den aktive rolla dei skal spela i samfunnet, og dei står kan hende svakare ovanfor samfunnsoppdraget i dag enn dei gjorde i 1992 til tross for stor vekst. Samfunnet rundt, inkludert fylkeskommunen, er med på å gje musea større utfordringar. Musea blir i større grad mellom anna gjennom *Fylkesplan for Rogaland* og FINK trekte inn som aktørar i regional utvikling.



6

Utfordringar

I dette kapitlet vil vi sjå nærare på dei utfordringane som no ligg føre.

Økonomi

Regionmusea hevdar at nivået på noverande tilskot ikkje dekkjer forsvarleg drift slik aktivitetsnivået er i dag. Dei presenterer i sine søknader til ABM-utvikling/KUD for 2011 eit samla budsjett på kr. 134.453.000,-.

For 2011 har regionmusea søkt Rogaland fylkeskommune om totalt tilskot på kr. 30.392.000. Av dette totale søkebeløpet gjeld kr. 26.442.000,- søknadar om ordinær driftsstøtte, medan kr. 3.950.000,- gjeld andre tiltak. Norsk Oljemuseum har også søkt om driftsstøtte for 2011 på kr. 1.500.000. Den totale søkesummen frå musea / museumsrelaterte einingar for 2011 kjem då på kr. 34.144.000. Tilskotet som vart løyvd over budsjettet for 2011 var totalt på kr. 25.886.000.

Til saman representerer søknadene ein auke på kr. 5.703.000, i overkant av 23%, frå

utbetalingane året før (2010). Attåt dette kjem søknader om driftsstøtte frå mindre museum og einingar knytt til museum på kr. 2.252.000³.

Det er i første rekke fleire stillingar til å løysa dagens oppgåver det vert søkt midlar til. I tillegg til søknadene om driftstilskot kjem behov for investeringsmidlar.

Nedanfor vil vi sei litt om utfordringane på stillings- og investeringssida. Deretter vil vi koma inn på utfordringar knytta til særskilte fagfelt og satsingsområde.

Personale/stillingar

Nedanfor er ei opplisting av behov og ynksje for nye stillingar ved regionmusea. Som det går fram av oversikten er ynksja mange og overstig det som er mogleg å løysa innanfor fylkeskommunen sitt budsjett. Musea ynksjer minst

Li-tunet i Suldal, ein av dei mest spektakulære stadene i fylket. Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune kjøpte garden i 2010, og har inngått avtale med Ryfylkemuseet om vedlikehald og drift. Fotograf: Ryfylkemuseet.

³ Senter for konservering, Stiftelsen Ullandhauggården, Vigsnes Grubemuseum, Utstein Kloster, Utvandrercenteret

Stillingsbehov regionmusea:

1 år	2–5 år	5–20 år
Haugaland-museene	Haugaland-museene	Haugaland-museene
Antikvarisk handverkar	Museumsvertar	Forvaltningsoppgåvene styrkes med fotograf og tømmer
Samlingsforvaltar	Avdelingsleiar	Formidlingsarbeidet styrkes med en som digitaliserer
Konsulent	Avdelingsleiar	Avdelingsleiar ved alle avdelingane
Jærmuseet	Formidlar	Jærmuseet
Økonomisjef	Reinhaldar	35 årsverk totalt;
Arkiv / sentralbord	Regionantikvar	MUST
100% museumspedagog Tungenes fyr	Fotoarkivar	Handverkar
Science Circus og dei regionale vitensenteroppgåvene	Marknadsførar / infomedarbeidar	Bibliotekar
Teknikar / Teknisk drift Vitenfabrikken	Jærmuseet	Administrasjonsmedarbeidar
Digitalisering av foto 50% stilling	Sekretær / fellesadministrasjon	2 digitaliseringsmedarbeidarar (prosjekt)
MUST	3 stillingar formidling	Samlingsforvaltar
Kommunikasjonssjef	Handverkarstilling	Kurator
Foajéleiar	MUST	Kurator - virtuell kunst/digital kunst
Formidlingsleiar	Formgivar / grafisk designar	Tekstilkonservator
Forskningsleiar	Fotograf	4 konservatorar
Forvaltningsleiar	Utstillings- / arrangementskoordinator	Pedagog til oppsøkande verksemd
Handverkar	4 Digitaliserings-medarbeidarar (prosjekt)	2 konservatorar
Konservator	Bibliotekar / arkivleiar	Pedagog
Pedagog	IT-ansvarleg	Konsulent - ringmerking
2 konservatorar	Pedagog oppsøkande	Konservator
Pedagog	Pedagog	Dalane folkemuseum
Samlingsforvaltar	2 konservatorar	Formidlarstilling Jøssingfjordsentret
Program / driftsansvarlig - barne/ skolemuseet	Marinarkeolog	Konservator Jøssingfjord
50% møbelsnekker	2 pedagogar	Museumsarbeidar/Vakt Jøssingfjord
Samlingsforvaltar	Konsulent - ringmerking	Arkivarbeidar
Dalane folkemuseum	Konservator	Ryfylkemuseet
Registrator	Dalane folkemuseum	Lølandsenteret, 3 årsverk
Digitalisering og tilgjengeleggjering av foto og anna materiale – tilsatt 2011	Forskar	Norsk Oljemuseum
Ryfylkemuseet	Vakt/kontorpersonale Fayancemuseet	
Formidlar	Vaktmeister	
Administrasjon 50%	Formidlestilling Fayancemuseet	
Samlingsforvaltar	Ryfylkemuseet	
Formidlingspersonale Kvitsøy Hummermuseum	Formidlar - årskostnad	
Ny stilling for formidlar	Kontormedarbeidar - årskostnad	
Kontormedarbeidar/skrankenestete	Ny stilling for skippar - tilsyn og drift av "Brødrene af Sand" og "Suldal" -	
Digitalisering	Norsk Oljemuseum	
Norsk Oljemuseum	2-4 stillingar innanfor forskning, arkiv, foto og gjenstandshandtering	

100 nye stillingar dei neste 20 åra. I overkant av 70 av desse stillingane ynskjes innan 5 år. Her må gjerast prioriteringar og avklaringar i høve til ansvar og rolle.

I tråd med regionale og nasjonale føringar vil Rogaland fylkeskommune prioritera å styrka det faglege arbeidet ved musea. Dei ulike utfordringane innanfor dei ulike fagfelta vil bli diskutert for seg.

Behovet for nye stillingar har fleire årsaker. Delvis skuldast det betydelege mål for vekst og utvikling som musea sjølv har sett seg. Delvis har dei bakgrunn i nasjonale og fylkeskommunale vedtak og planar som:

- Museumsreforma / konsolidering
- Lølandsenteret – senter for nynorsk litteratur og barnekultur ved Ryfylkemuseet ynskjer på sikt 4-5 stillingar
- Nasjonalt Garborgsenter ved Jærmuseet har behov for 7 stillingar
- Alexander Kiellandsenteret / Litteraturhus knytta til Sølvberget Stavanger bibliotek
- Jøssingfjordsentert knytta til Dalane Folkemuseum – 5 stillingar

Konsolidering er ikkje nødvendigvis ei rasjonalisering av drifta. Det udekkte behovet som treng å løysast på kort sikt er i stor grad knytt til konsolideringa og til eit auka behov for personale til felles administrasjon og dagleg drift. Samlingsforvaltninga har og store udekkte behov, delvis på grunn av store etterslep frå før, og delvis på grunn av tilvekst av nye samlingar ved konsolidering av nye einingar.

Fylkesrådmannen forstår og er einig i at det er etterslep på stillingar, og ser i denne samanhengen særleg utfordringar knytta til forvaltning, forskning og administrasjon. Musea har mellom anna gjennom konsolideringa også fått ansvar for ei rekke nye antikvariske bygningar som skal haldast ved like.

Musea har hatt ei enorm utvikling dei siste åra, i nokre tilfelle har dei vakse frå eit lite anlegg med svært få tilsette, til eit stort regionmuseum med mange formidlingseiningar og tilsette. Dette stiller nye krav til kva som trengs av kvalifikasjonar for å leia og driva eit museum; administrativ kompetanse på leiarnivå, personalansvar, økonomistyring, prosjektleiing og i korleis ivareta

samfunnsoppgåver og vera regionale utviklingsaktørar. Dette er utfordringar som musea tek på seg i ulik grad, og som fylkeskommunen ser på som viktige satsingsområde.

Kompetanseutvikling må sjåast i samanheng med behovet for å styrka det faglege miljøet, og erfaringsutveksling og samarbeid med universitet/høgskule vil kunna vera relevant i denne samanheng.

I forhold til forskning ligg det særskilte utfordringar i museumsretta forskingsprosjekt. Musea har vore meir opptekne av å skriva historie enn om reine museumsfaglege tema, og museologi er ein ung fagtradisjon i Noreg. Det vil vera eit særskilt mål i denne planen å gjera noko med desse utfordringane og tilføra musea kompetanse. Fylkeskommunen har då som føresetnad at musea frigjer arbeidskraft til andre viktige oppgåver som formidling og drift.

Bygg / investeringar

Overtakinga av ansvar for nye einingar og samlingar har gjeve behov for større magasin, fleire kontor og ynskje om samlokalisering av tilsette. Etablering av større einingar med meir profesjonell fagleg drift har og ført til ei meir systematisk gjennomgang som har avdekket behov knytta både til bygningsmasse og ovanfor publikum.

Som oversikten viser, er det store planar når det gjeld investeringar på museumssida i Rogaland. Fleire av behova vert karakteriserte som prekære, altså behov som må løysast innan eitt eller få år. Dette gjeld særleg i høve til dei fysiske arbeidsforholda til tilsette, magasin, samt sikring og vedlikehald av bygningar.

Utfordringane i Rogaland er i tråd med tilbagemeldingar på nasjonalt nivå, der 95% av musea i det nasjonale museumsnettverket i 2008 meldte om store behov for betre fysiske rammevilkår. Behov for nybygg, påbygg og rehabilitering vart her i hovudsak knytt til utstillingslokaler, magasin, publikumsfasiliteter og arbeidsforhold for tilsette, og vel ein tredjedel av musea meinte det auka behovet hadde samanheng med museumsreforma og konsolidering. Totalt omsøkt beløp til investeringar på nasjonalt nivå var i 2008 på i underkant av 1 milliard.

Investeringsbehov 1-5 år	Investeringsbehov 5–20 år
Haugalandmuseene	
Studiemagasin og publikumsbygg på museumsgarden Ørpetveit	Magasinplass
Museumskvartalet	Nybygg, reising av Tollbua. Nedstrand bygdemuseum/ Strandstaden Nedstrand
	Nybygg Arquebus, inngangsparti og oppdaterte utstillinger opp mot dagens forsvar
	Publikumsbygg og vitensenter i Dokken/Haugeverven
	Bokn bygdemuseum - samle museumsbygningane ein stad
	Vindafjordmuseet - Bispestova
	Utvikle Sørhaugøy fyrstasjon
Jærmuseet	
Vitenfabrikken: fullføre byggetrinn 2	Eksperimentelt jordbruk - gjennom tusenår
Byhistoriske utstillinger	Senter for handlingsboren kunnskap, knytt til arbeids- måtene i jordbruket
Kontorbygg Vitengarden med evt magasin i kjellar	Studiemagasin under parkeringsplass, Vitenfabrikken
Flytting av smie i mekanisk verkstad	
Maritimt vitensenter Utstillingslokale + nye utstillinger Tungenes fyr	
Utvida parkeringsplass Tungenes	
Magasin for store gjenstandar	
Sola, Sømmevågen, nytt museumsanlegg	
Audemotland -rehabilitering driftsbygning	
Audemotland, sprinkling	
Limagarden, sprinkling, utvida parkeringsplass, rehab av Nyløa til utstillingsareal	
Grødaland, innredning av gamleløa til utstilling og bruk	
Vistnestunet, alarmanlegg og sprinkling	
Thranegarden, sprinkling og rehabilitering tak driftsbygn.	
Museum Stavanger AS	
Utvidelse Muségt.16 1. byggetrinn	Utvidelse Muségt.16 2. byggetrinn
Renovering av tak og glas i tak, Kunstmuseet	Utvidelse Muségt.16 3. byggetrinn
Opne magasin, kunstmuseet	Kjøp av areal på Revtingen
Kunstlaboratorium/verkstad til praktisk kunstutøving	Kjøp av areal på Revtingen
Multimediasal, kunstmuseet	
Utstillingssal, kunstmuseet	
Flytting av barnemuseet og skolemuseet	
Medisinshistorisk utstilling	
Ny basisutstilling sjøfartsmuseet	
Utvidelse Hermetikkmuseet	
Flytting av Grafisk museum	
Spritmagasin	
Klimastyrt nærmagasin	
Ny basisutstilling zoologi	

Investeringsbehov 1-5 år	Investeringsbehov 5–20 år
Dalane folkemuseum	
Nærmagasin	Nytt utstillingslokale – besøksenter Slettebø
Restaurering verkstad og røyrgate og trallebane ved kraftstasjonen i Jøssingfjord	Restaurering Hovedbygning og Gardsbestyrarbolig på soreskrivergarden Slettebø
Bergverksenteret / Jøssingfjordsenteret	
Ryfylkemuseet	
Viga, Hjelmeland - restaurering, servicebygg, formidling	Viga
Røynevarden, Suldal - restaurering/rekonstruksjon av løa	Forsand - utvikling av bygdemuseet
Mølleparken, Tau	Kaldtlager/magasin, Sand
Li-tunet, Suldal - tilrettelegging, restaurering, drift	Li-tunet, Suldal - tilrettelegging, restaurering, drift
Nesasjøhuset, Sand - revitalisering	Suldalsdampen-restaurering, drift
Hummermuseet, Kvitsøy - vidareutvikling, drift	Humarmuseet - årlege driftskostnadar
Lølandsenteret, Sand - bygg og utstillingar + årlege driftskostnadar	Lølandsentert - årlege driftskostnadar
	Servicebygg Hustveit, Sauda
	Finnøy bygdemuseum, lokale, utstillingar
Norsk Oljemuseum	
Magasin	

Nedanfor er ei forenkla oppstilling av investeringsbehov- og planar ved regionmusea. For ein meir utfyllande oversikt sjå vedlegg 11.

Formidling, opningstider og besøk

Om forholdet mellom etterspørsel og tilbod

Når museumsverksemda er spreidd på eit utal større og mindre anlegg, vil det krevja auka ressursar om ein skal prioritera formidling til publikum. Konsolideringa har og skapt auka forventningar. Musea har no ei rekke formidlingsarena spreidde rundt i ulike kommunar, og det er knytta utfordringar til opningstider ved desse, både i høve til formidlings- og vaktpersonale og fysisk tilrettelegging. Nokre museer får førespurnader frå publikum som dei må avvise grunna manglande kapasitet. Dette gjeld særleg ved dei mindre anlegga der dei ikkje har fast personale eller opningstider.

Det er store forskjellar i behov på dei ulike mindre anlegga. I dei fleste tilfelle vil det ikkje vera aktuelt med ein person på kvart anlegg, men gjerne ei stilling som kan rullera mellom ulike mindre anlegg. Enkelte stader vil det kun vera aktuelt med personale til stades i sommarhalvåret. Ressursar til å tilrettelegga formidlingsopplegg og aktivitetar ved dei ulike anlegga vert og nemnde som ein viktig faktor for å halda anlegga opne. Fysisk tilrettelegging av til dømes parkeringsplasser og ulike publikumsfasilitetar er enkelte stader også avgjerande for at eit anlegg skal kunna ta i mot publikum, og det trengs ressursar til dette.

Formidling og utstilling

Formidling handlar om meir enn opningstider og publikumsfasilitetar. Det handlar og om å velja og å presentera aktuelle og relevante tema og problemstillingar for publikum, og om prioritering av kva for gjenstandar som skal visast fram og ikkje.

Nokre område og samlingar er godt dekkja gjennom formidlingstilboda til musea, kanskje til og med overrepresenterte. Andre område er underrepresenterte eller manglar heilt. Utstillingar treng fornying eller utskifting. I nokre tilfelle er heile samlingar/utstillingar pakka ned på grunn av kapasitetsmangel på ein eller annan måte. "Den kombinerende indretning" er eit eksempel på nedpakka utstilling/museum.

Musea i Rogaland har høg kompetanse med tanke på å laga ulike formidlingstilbod til publikum, i ulik grad relatert til dei ulike musea sine ansvarsområde. Fylkesrådmannen vil med dette stadfesta at musea skal ha ei fagleg fri stilling som gjev mogelegheit til å stilla kritiske spørsmål om fortid og framtid, og til å formidla det slik dei ynskjer. Det krev ei armlengds avstand til styresmaktene.

Rammene til musea blir gitt gjennom planverk, tilskot og tildelingsbrev. I museumsplanen frå 1992 vart musea sine arbeidsoppgåver og ansvar avgrensa for å sikra at viktige oppgåvefelt vart ivaretekne og at dei samla museumsressursane vert utnytta på beste måte (vedlegg 5).

Formidling og utstillingar er område som det vert forventat at musea skal løysa innanfor desse rammene av tilskot og ansvarsområder. Utover dette vil fylkeskommunen si overordna rolle på formidlings- / utstillingssida vera som regional utviklingsaktør, og i den grad fylkeskommunen skal meina noko eller ta ei meir direkte rolle må det vera å bidra til utvikling av det som i dag ikkje alt er dekkja og i høve til prioriteringar i regionale planverk.

Bevaring og tilgjenge

I formidlingssamanheng kjem ein ikkje utanom samlingar og bygningar som ikkje er tilgjengeleg for publikum. Det gjeld både bygningar og mindre gjenstandar og anna materiale og skuldast fleire ting. Det vil ved dei fleste musea vera heilt umogleg å ha alle samlingar framme til ei kvar tid. Både av omsyn til plass, men ikkje minst av omsyn til formidling. Andre samlingar eller bygg er i ei slik forfatning at dei ville verta øydelagde dersom dei skulle inngå i eit fast formidlingstilbod. Dette gjeld mellom anna fleire av bygningane som er i musea si eige. I slike tilfeller vil bevaring og sikring av bygningane for framtida, for dokumentasjon, forskning og som grunnlag for formidling på andre måtar enn

ved besøk, vera hovudfokus. Dersom bruk og formidling av samlingane fører til for stor slitasje og øydelegging vil det vera i strid med musea si oppgåve. Rogaland fylkeskommune synest det er positivt at samlingar og bygningar vert formidla til publikum, men understrekar at enkelte samlingar først og fremst må bevarast og sikrast og at framsyning for publikum må koma i andre rekke.

Samlingsforvaltning

Som det kjem fram innleiingsvis er magasin og konservering område denne planen har eit særleg fokus på. Samlingane består mellom anna av gjenstandar, bygningar, fartøy, foto, kunst, papir og papirarkiv, lyd, film/video.

Samlingsforvaltning er ein kjerneaktivitet for musea og består av innsamling, bevaring, dokumentasjon, registrering og tilgjengeleggjering av samlingane. Det er eit mål at dette arbeidet skal gjerast på ein gjennomtenkt måte, sett i samanheng med dei andre delane av musea si verksemd. Ei god samlingsforvaltning må byggjast opp gjennom bruk av samlingsplanar, oversikt over samlingane, digitale verktøy, tilgjengeliggjering av samlingane, samt av ei medviten forståing av samlinga sitt føremål. Det er og viktig å ha fokus både på den materielle og immaterielle kulturarven, der sistnemnte kan vera å dokumentera og vidareføra handlingsboren kunnskap i høve til mattradisjonar, tradisjons-handverk, livsminne eller folkemusikk. Musea er og kunnskapsprodusentar som skaper sine egne kjelder, mellom anna gjennom samtidsdokumentasjon og deltakande observasjon.

Magasin

Musea melder om behov for større fellesmagasin, men og for eige nærmagasin. Behov for meir magasinplass har bakgrunn delvis i at samlingane heile tida blir tilført nytt materiale og delvis i at mykje er oppbevart i midlertidige lagerbygningar med uholdbare tilstandar i høve til bevaring og sikring.

Av dei fem regionmusea oppgjev to av musea (Dalane folkemuseum og Ryfylkemuseet) at dei har planar for innsamling. Dette er i tråd med ei auka bevisstgjerings og prioritering av kva materiale ein skal og kan samla inn. Dei som ikkje har planar oppgjev at dei likevel har ein streng innsamlingspolitikk og/eller er i ferd med å

utarbeida slike planer. Likevel aukar samlingane, og med eit allereie udekkja behov for magasinplass er situasjonen mange stader kritisk. Gjenstandar står i fare for å verta øydelagde eller stå utan oppbevaringsplass i nær framtid.

Som eksempel kan nemnast:

- Ved Vitengarden, Jærmuseet, er leigeavtalen for eit av dei midlertidige magasinane nyleg sagt opp av utleigar, og Jærmuseet må innan kort tid finna nye lokalar.
- Ved Haugalandmuseene AS står landbruksamlinga pr i dag hos ein privat eigar, i bygningar som ikkje vert vedlikehaldne, i påvente av å finna nye lokalar og ressursar til dette. Gjenstandane som er lagra i hallen på Arabrot rustar på grunn av manglande klimastyring og elles dårlege lagringsforhold.
- Dalane folkemuseum leiger lokale for større gjenstandar av ein privat eigar. Dette er ikkje noko optimal løysing og det er behov for å finna nye lokale i løpet av dei fem næraste åra. Det var diverre ikkje mogleg å få hand om det tidlegare garasjeanlegget til Sivildforsvaret på Slettebø og det må såleis finnast andre løysingar på museet sine magasinproblem.

I fellesmagasinet på Åmøy er det behov for ein skikkeleg gjennomgang av samlingane, både med tanke på samordning og avhending. Det må formulerast ein felles innsamlingspolitikk og ein plan for regional samlingsforvaltning. Norsk Kulturråd har utarbeidd ein plan for samlingsforvaltning på nasjonalt nivå om kva som skal til for å løysa utfordringane og gje samlingsforvaltninga eit nasjonalt løft. Denne er enno ikkje offentleggjort, men det er forventa at den vil ta opp problemstillingar knytte til satsingsområder og prioriteringar, koordinering, ansvarsfordeling og økonomi som ein regional plan kan byggja vidare på.

Konservering

Den felles konservatorstillinga har på langt nær dekkja konserveringsbehovet ved musea i fylket, men den har vore eit viktig bidrag til å få ein oversikt over konserveringsbehovet ved det einskilde museum og ikkje minst i høve til rådgjeving og arbeidsoppgåver knytta til preventiv konservering. Det fylkeskommunale tilskotet til fellestenesta har ikkje blitt auka dei siste åra, og arbeidstida til fellestenestene har dermed blitt redusert. Dette har delvis samanheng med budsjettsituasjonen generelt og delvis

fordi ein frå fylkeskommunen si side etter kvart har blitt skeptisk, om det er ei god løysing kor kvart museum får dekkja forventa behov.

Ståstaden til fylkeskommunen er at ein har hatt som utgangspunkt at ein har kjøpt ei konserveringsteneste - ikkje teke ansvar for å løna ein person.

Det har blitt gjort forsøk på å få musea til å bidra i eit spleiselag med egne midlar slik at ein igjen kunne disponera konservator 100% gjennom heile året. Av ulike årsaker har musea heller ikkje vore villige til å prioritera dette.

På konserveringssida er det framleis eit stort udekkja behov. I tillegg til eit generelt behov for meir ressursar til å utføra konserveringsarbeid, er det behov for konservatorar med spesialkompetanse, mellom anna innan tekstilkonservering. Museum Stavanger fekk i si tid midlar til ein tekstilkonservator, men valde å disponera desse til å tilsetja ein møbelsnekkar. Behovet for tekstilkonservator står dermed framleis udekkja. Musea har sjølv eit ansvar for konservering, men har ikkje prioritert dette.

Digital forvaltning

Digitaliseringsproblematikken er sentral innan samlingsforvaltninga og dreier seg både om bevaring av kulturarvmateriale for framtida og å betra tilgjengeleggjing av materialet. I eit bevaringsperspektiv er det to hovudtypar digitalt materiale som vil vera aktuelt å langtidslagra: digitaliserte representasjonar av fysiske originalar og digitalt skapt materiale. Det vil seie at alle typar kulturarvmateriale i utgangspunktet skal kunna digitaliserast: gjenstandar, foto, lyd, film osv. Registrering og katalogisering krever tid og kompetanse, og utgjer ein viktig og tidkrevande del av digitaliseringsarbeidet.

I høve til formidling er det knytte store utfordringar til det å utnytta potensialet i digitalt basert formidlingsteknologi som både forskarar og publikum har nytte og glede av. Her er behov for både ressursar og kompetanse. Ein kan også diskutere kor vidt noko av materialet berre skal bevarast metafysisk.

Kulturnett

Det eksisterer ulike nettstader for tilgjengeleggjing av kulturarvmateriale, mellom anna nasjonale fellestenester som Digitalt museum, Arkivportalen, Norvegiana/Europeana og kulturnett.

Kulturnett Rogaland har hatt som målsetjing å bidra til å styrka og utvikla kulturlivet i Rogaland ved å synleggjera mangfaldet og motivera til samarbeid mellom ulike aktørar. Kulturseksjonen i fylkeskommunen har ansvaret for innhaldet og tenestene på Kulturnett Rogaland.

Kulturnett i noverande form har ikkje fungert tilfredstillande og Kulturrådet ynskjer i samarbeid med fylkeskommunane ei omlegging av Kulturnett (vedlegg 2) og å oppretta ein felles infrastruktur. Rogaland fylkeskommune vil avventa erfaringar med den nye løysinga frå andre fylker, og deretter diskutera vidareføring og evt. omlegging i samarbeid med musea og andre kulturinstitusjonar.

Foto

Musea sit på store og verdfulle fotosamlingar som ikkje er tilfredsstillande registrert eller digitalisert. Dalane folkemuseum har det mest prekære behovet når det gjeld katalogisering og digitalisering av fotoarkivet. Dei har ei stor samling foto som dei til no har hatt stor nytte av ein frivillig person til å registrera. Våren 2011 skal museet tilsetje ein ny medarbeidar som mellom anna skal ha ansvaret for foto og digitalisering av bilete- og lydmateriale. Haugalandmuseene og Museum Stavanger har og store og gamle samlingar og eit stort behov for å ordna dette, medan Ryfylkemuseet og Jærmuseet som er forholdsvis nye museer har mindre samlingar og meir kontroll på dei.

Digitalisering av foto krev både spesialkompetanse- og utstyr. Frå fleire hald er det føreslått å oppretta ei fellesstilling innan fotobevaring, med base enten ved Haugalandmuseene eller Dalane folkemuseum som sit på dei største samlingane. Begge desse musea, samt Jærmuseet, har allereie gått til innkjøp av avansert utstyr. Haugalandmuseene og Jærmuseet har tilbode seg å vera base og yta kontorplass til ei eventuell fellesstilling. Det er viktig å understreka at sjølv scanninga/fotograferinga bare utgjer ei side ved utfordringane med å ordna fotosamlingane, og at ein like viktig del er registrering og katalogisering. Det enkelte museum må stilla med kvalifisert personale til å utføra det viktige registrerings- og katalogiseringsarbeidet, medan ei fellesstilling kan vera med å koordinera dette arbeidet.

Også arkiva og biblioteka sit på verdfulle og i fleire tilfelle store fotosamlingar. Ei vidareføring

av fylkesfotonettverket som fagleg nettverk samt styrking av personale til å utføra arbeidsoppgåver vert framheva som viktige satsingsområde både frå arkiv og museum.

Eit regionalt arkivsenter, Arkivenes Hus på Ullandhaug, er under planlegging. Arkivenes Hus er tenkt å vera eit regionalt arkivsenter, eit senter for kompetanse og kompetansebygging mellom anna i høve til foto og digitalisering, eit konserveringssenter for papir, foto og nye media og eit formidlingssenter.

Informasjonsavdelinga i fylkeskommunen har føreslått å iverksetja eit fotoprosjekt for å sikra og gjera tilgjengeleg fylkeskommunen si eiga fotosamling. Dette prosjektet kan med fordel sjåast i samanheng med det øvrige fotoarbeidet som skjer i regionen. Ikkje minst i høve til den kompetansen som er utvikla i samband med fylkesfotonettverket.

Det er viktig å sjå desse utfordringane og satsingane samla og i samanheng, med tanke på å finna gode felles løysingar og utnytta den kompetansen og dei ressursane som alt finst.

Bygningsvern og fartøyvern

Eit viktig formål med å bevare bygningar på eit museum er å kunne formidle kunnskap og opplevingar om bruken av husa og livet i dei, samstundes som ein får tatt vare på dei reint bygningstekniske aspekta og får vist stadbunde tradisjonshandverk.

Det finst 214 kulturhistoriske bygningar på musea i Rogaland. Bygningssamlingane representerer eit breitt utval av opphavslege bruksområde og byggemåtar og er ein viktig del av bygningsarven i Rogaland. Det er få bygningar frå vår eiga tid representerte og få frå industrisamfunnet.

Tilstanden til desse bygningane kan grovt sett delast i to:

- Ein del som er i tilfredsstillande, god eller svært god stand
- Ein del der det er behov for meir eller mindre omfattande reparasjons-/restaureringsarbeid (ein mindre del av denne, ca. 10%, kan karakteriserast som i svært dårleg/kritisk stand)

Det er eit generelt behov for å styrka arbeidet med vedlikehald og sikring av bygningane.



Barn og voksne i aktivitet på museets dag på Slettebø, Dalane folkemuseum. Fotograf: Leif Dybing.

Ugunstig klima og spredde bygningssamlinger som gjer det tungreist på grunn av fjord og ferjer, tilseier eit stort behov for ressursar til dette arbeidet.

Kulturdepartementet krev at alle kulturhistoriske bygningar på musea skal vere oppmålte og dokumenterte. Mindre enn halvparten av bygningane på musea i Rogaland er oppmålte og dokumentasjonen er i varierende grad tilfredsstillande. Det er mellom anna mangel på gode nok verktøy/FDV-program til bruk for ein systematisk dokumentasjon, mellom anna ventar ein på vidareutvikling av katalogsystemet PRIMUS.

Dokumentasjon av den immaterielle delen av bygningsvernet er også eit sentralt punkt i samlingsforvaltninga og må vurderast som ein sjølvstendig del av bygningsvernet ved musea.

Fartøyvernet er i nær slekt med bygningsvernet, og representerer tunge drifts- og vedlikehaldsoppgåver. Museum Stavanger AS eig fartøya "Wyvern" og "Anna af Sand" medan Ryfylkemuseet eig "Brødrene av Sand". I tillegg driftar Haugalandmuseene gjennom Stiftelsen Haugesjøen to fartøy, "Johanne Karine" og "Kaia".

Oppsummering samlingsforvaltning

Utfordringane innan samlingsforvaltninga er mange og samansette. Det er etterslep i høve til katalogisering, magasinerings, digitalisering og konservering. Det er ulike utfordringar knytta til eit variert kunst, kultur- og naturhistorisk materiale og der forvaltninga av ulike typar materiale krev ulike type kompetanse og utstyr.

I høve til magasin og konservering må desse utfordringane sjåast i samanheng. Gode magasin er preventiv konservering - ikkje lagringsplass. Nyare forskning viser at det er langt viktigare med skikkeleg magasinerings enn å ta problema att som aktiv konservering. På magasinsida handlar difor ikkje utfordringane berre om behov for meir areal, men vel så mykje om innsamlingspolitikk, samordning og avhending. Dette er arbeid som vil ta lang tid og krevja mykje ressursar. Rogaland fylkeskommune erkjenner at musea har store og ulike behov for meir magasinplass men finn det vanskeleg å prioritera midlar til større investeringar på bakgrunn av dei budsjettmessige føringane som er gitt.

Allereie store etterslep i katalogisering og

konservering, stadig tilvekst til samlingane og til dels ein utydeleg innsamlingspolitikk, samt nye krav om digitalisering og tilgjengeleggjering, gjer at dei fleste musea ikkje ser seg i stand å koma å jour med dette arbeidet på mange tiår under noverande vilkår.

Også på konserveringssida etterlyser musea ressursar og har eit ynskje om å styrka den felles konserveringstenesta. Musea understreker at det einiskilde museum opplever at dei får likeverdige tenester uavhengig av geografisk avstand til denne, og at dette er eit prinsipp som bør vidareførast.

Det er vidare behov for ei samordning av samlingane slik at ein kan få eit representativt utval, og geografisk. Her må musea saman med fylkeskommunen gjera prioriteringar. Skal fylkeskommunen ha ansvar for magasinerings av alt det innsamla materialet ved musea, eller prioritera det som er av regional eller nasjonal verdi? Det må i så fall drøftast kva som skal kunna definierast som kulturarvmateriale av *lokal, regional og nasjonal verdi*.

Fotobevaring og digitalisering er utfordringar som gjeld heile fylket og også andre institusjonar enn musea sjølve. Ei styrking av desse felta vil vera tenleg for andre områder enn dei reint museumsfaglege. I arbeidet med sikring og tilgjengeleggjering av kulturarvmateriale må behovet til arkiv, bibliotek og museum sjåast i samanheng og bli forsøkt løyst i fellesskap.

Når det gjeld bygnings- og fartøyvernet har musea ulike utfordringar knytte både til økonomiske forhold, men også reint praktisk, i høve til sikring, tilfredsstillande dokumentasjon og gode verkty for dette.

Forsking

Dei siste åra har forsking blitt framheva som ei viktig oppgåve og eit felt musea både skal ha planar for og målast på. Ei undersøking gjennomført av Forskerforbundet i 2007, konkluderte med at forskningssituasjonen ved musea hadde blitt vanskelegare etter konsolideringane. Fleire administrative oppgåver og auka fokus på kortiktig måloppnåing var mellom årsakene.

Dette samsvarer med tilbakemeldingane frå regionmusea i Rogaland. Musea forsøker å følgje avtalane i institutt- og universitetssektoren med å gje tilsette fast tid til forsking. Fleire har difor i prinsippet høve til å forska, men når det kjem til stykket har dei likevel ikkje moglegheit til å prioritera dette. Andre har ikkje ein gong forskingsfri med i planane og nedprioriterer forsking i forhold til alle andre viktige oppgåver ved museet.

Musea i Rogaland engasjerer seg i forsking på ulikt vis. Fleire museumstilsette har vore eller er knytta til universitet/høgskular gjennom undervisning, rådgjeving, eksamens- og sensorarbeid. Personalet produserer vitskapeleg materiale i ulik grad. Det skjer gjennom eigne produksjonar frå musea som årbøker og skriftseriar og ved at personalet tek på seg ulike forskingsoppdrag i høve til lokal- og regionalhistorie og bedrifts- og økonomisk historie.

Det vert arbeidd i ulike nasjonale og internasjonale nettverk og samarbeidsformer. Som ein del av museumsreforma vart det utvikla ei rekke ulike nettverk, 24 faglege museumsnettverk og to tverrsektorielle abm-nettverk. Det har vore eit mål at alle musea som får statlege driftstilskot skal inngå i eit eller fleire slike nettverk. Dei fem regionmusea i Rogaland deltek alle i eitt eller fleire av desse nettverka. Ryfylkemuseet

Regionmusea er representerte slik i dei nasjonale museumsnettverka:

Dalane folkemuseum:	Bergverksnettverket, Nettverk for medisinsk historie
Ryfylkemuseet:	Byggnettverket (leiar), Mangfaldsnettverket, Kulturlandskapsnettverket, Litteraturnettverket
Museum Stavanger AS:	Nettverk for medisinsk historie, Nettverk for teknologi- og industrihistorie, Sjøfartsnettverket, Kunstnettverket
Haugalandmuseene AS:	Nettverk for minoritetar og mangfald, nettverk for fiskeri- og kystkultur,
Jærmuseet:	Samtidsnettverket, Kulturlandskapsnettverket, litteraturnettverket, Luftfartsnettverket

har i tillegg leiaransvaret for eitt av nettverka; *Nasjonalt museumsnettverk for bygningsvern og håndverk – Byggnettverket*.

Det har og kome ønske frå nokre av musea om at det bør opprettast regionale nettverk.

Dei fem regionmusea, Arkeologisk Museum og Norsk Oljemuseum har alle tilsett vitskapleg personale. Til saman ved musea i Rogaland er det 99,8 årsverk vitskaplege stillingar (ABM-statistikk for 2009).

Mykje av den faglege verksemda ved enkelte av musea er likevel i liten grad forskingsbasert, både når det gjeld samlingsforvaltning og formidling. Det ligg ei klar oppfordring i museumsmeldinga om å styrka forskinga og til å vera meir offensive i kunnskapsproduksjonen, noko som igjen er grunnleggjande for å kunna ivareta den viktige samfunnsrolla.

Forskningsbiten er det som skil musea frå andre samlingar og museumsliknande tiltak, og er eit av dei sentrale kriteria for å kunna kalla seg museum. Dalane folkemuseum og Ryfylkemuseet er i sine regionar dei einaste vitskaplege institusjonane, noko som viser kor viktig det er å ivareta nettopp dette fagfeltet.

Det er behov for betydeleg meir ressursar til vitskapleg arbeid for å sikra den faglege kvaliteten. Det er særleg behov for å styrka forskinga på eigne samlingar og på museumsfaglege problemstillingar.

Immateriell kultur vert i UNESCO`s konvensjon definert slik: praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap, ferdigheter – samt tilhørande instrumenter, gjenstandar, kulturgjenstandar og kulturelle rom som samfunn, grupper, og i noen tilfeller, enkeltpersonar anerkjenner som en del av sin kulturarv.

Musea, og då særleg regionmusea, har også ei viktig rolle knytta til forskning, forvaltning, vern

og formidling av den immaterielle kulturarva. Med vern er meint "tiltak for å sikre den immaterielle kulturarvens levedyktighet, herunder det å kartlegge, dokumentere, forske, bevare, verne, fremme, styrke, videreføre, særlig gjennom formell og uformell utdanning, samt gjenopplive de ulike sidene ved den arven"⁴. Dokumentasjon av handlingsboren kunnskap er noko særleg Ryfylkemuseet og Jærmuseet har lagt vinn på, og Haugalandmuseene har arbeidd mykje med vern av immateriell kulturarv knytta til nasjonale minoritetar.

Ei av utfordringane når det gjeld forskning og forskingsmidlar er uføreseielegheit. Musea kan bruka lang tid på forarbeid og søknad på noko som ein ikkje veit om ein får midlar til, og ved positiv tilbakemelding må ein i gang relativt raskt. Dette er ei stor utfordring for musea som frå før er pressa på tid og ressursar. I museumsplanen frå 1992 vart det føreslått ei ordning med ambulerande forskingstipendiat. Ei slik ordning ville kunne skapa forutsigbarheit der det einskilde regionmuseum i alle fall var meir eller mindre sikra frikjøp til prioriterte forskingsprosjekt kvart femte år.

Musea har og sjølv eit ansvar for å leggja til rette for forskingspermisjonar og oppbygging av systematiske forskingsprogram.

Oppsummering utfordringar

Rogaland fylkeskommune er kjent med dei ulike utfordringane, ønska og planane til musea på dei ulike fagfeltene. Oversikten ovanfor viser at musea ynskjer å styrka dei fleste sider ved verksemda si. For ein del handlar det om naudsynte tiltak for å få noverande drift til å gå rundt, sikra tilfredstillande arbeidstilhøve for tilsette eller redde samlingar som er lagra uforsvarleg. Andre utfordringar går meir i retning av fornying, utvikling og vekst. Her vil både musea sjølve og dei offentlege bidragsytarane måtta gjera prioriteringar.

⁴ Immateriell kulturarv i Norge. En utredning om UNESCO`s konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven.



7

Andre problemstillingar

Sørhaugøy fyrstasjon ligg 400m nordvest for Haugesund. Det vart oppretta i 1846 og har godt bevarte bygningar. Anlegget er freda etter Kulturminneloven. Fotograf Haugaland-museene AS

Samfunnsrolla

Utvikling som profilerte samfunnsinstitusjonar er eit hovudmål i stortingsmeldinga *Framtidas museum*.

Dei ulike musea i fylket tek ulike roller og oppdrag som sine samfunnsoppdrag i sine regionar. Musea har brei kompetanse med potensiale for auka vitskapleg verksemd, dei har allsidige antikvariske handverkarar, dyktige formidlarar og godt samarbeid med lokale og regionale aktørar. Dei har kompetanse og lokaliteter for små og store arrangement i eigen og andre sin regi.

Av initiativ kan nemnast:

- Jærmuseet - særskilt fylkesansvar for å dokumentera nyare landbrukshistorie
- Ryfylkemuseet – nye landsmenn, folkemusikk/folkemusikkarkiv
- Haugalandmuseene – Romanifolket
- Dalane folkemuseum: Magma Geopark og arbeida med feltet krig – konflikhtar – folke-mord – flyktningar.

- Norsk oljemuseum - Nordsjødykkarane
- Museum Stavanger – mellom anna ulike emne knytta til kultur- og naturhistorie, barnekultur/-historie, skulehistorie, kunst og kunsthistorie.

Det er ønske og moglegheiter òg for samfunnsengasjement utanfor museumsgjerdet. Samarbeid med bydelshus/grendahus/kulturhus kan vera aktuelt i nokre tilfelle. Teater og musikk-institusjonar og museumsbygningar kan planleggjast for sambruk. Det er mange moglegheiter for samarbeid med frivillige organisasjonar, slik som for eksempel på Jærmuseet med 4H, Bygdekvinnelag og Bondelag.

Tillitskapital

Samfunnsrolla til musea er viktig på mange ulike plan, ikkje berre som kunnskapsleverandørar. Musea er i ein unik posisjon, med eit tilhøyrande stort ansvar, av di musea er den type samfunnsinstitusjon det knyter seg størst tillit til i befolkninga. Musea vert oppfatta som nøytrale og

saklege både i politiske og religiøse spørsmål, og nyt stor truverde i høve til alle andre offentlege institusjonar. Denne "trygge" posisjonen – tillitskapitalen - gjer dei også godt eigna som møteplass for menneske med ulik ståstad.

Musea blir mellom anna framheva som ein nøytral møteplass i høve til kulturelt mangfald. Her er det viktig å få fram at musea har ei vidare oppgåve enn berre å vera møteplass. Musea skal spegle samfunnet og har eit ansvar for at alle har ein spegel der dei kan kjenna seg att. Det fleirkulturelle aspektet skal heller ikkje berre speglast gjennom formidling og utstilling, mangfaldet skal og reflekterast i innsamling- og dokumentasjonsarbeidet.

Musea spelar også ei viktig rolle som identitetsskapar i sitt lokale miljø. Det blir difor sentralt å framheva viktigheita av å ha ei lokal forankring som basis for det regionale ansvaret.


Fordelingsnøkkel

Musea finansierer i dag si verksemd hovudsakleg gjennom offentlege tilskot. Dette skjer gjennom tilskot til drift og tilskot til prosjekt og anna tidsavgrensa verksemd. Tabellen nedanfor viser korleis finansieringa for det einskilde museum var fordelt på stat, kommune, fylke og eigeninntekter i 2009. Kolonnen til høgre for denne fordelinga syner storleiken på andre offentlege tilskot som kjem i tillegg til dei ordinære driftstilskota.

Som tabellen viser er det stor variasjon i storleiken på anna offentleg tilskot/prosjektbasert drift. Ved nokre museum utgjer prosjektmidlar ein stor del av inntektene, ved andre berre ein brøkdel. Eigeninntektene varierer og stort.

Tilskotet frå fylkeskommunen er pr i dag ikkje basert på ein fast fordelingsnøkkel. Det er ikkje rekna ut på grunnlag av for eksempel tal på innbyggjarar i regionen, storleik på bygningsmasse eller andre handfaste kriteria. Det eksisterer ingen fordelingsnøkkel som seier noko om kva for eit museum som skal ha størst eller minst tilskot eller kvifor dei skal ha det. Tilskotet vert kvart år vurdert og avgjort politisk i samband med budsjettarbeidet og etter søknad frå musea. Tilskotet frå året før utgjer grunnlaget for driftstilskotet og kan evt. aukast etter søknad og grunngeving frå musea, avhengig av økonomi og prioriteringar i fylkeskommunen. Ikkje alle musea er nøgd med denne ordninga, og både museer og kommunar har etterlyst ein fordelingsnøkkel der klare kriterium ligg til grunn for utrekning av tilskot, og som kan vera med på å gje alle paratar føreseielegheit og ei oppleving av rettferdig tildeling.

Med dei store skilnadene i folketal og inntektsgrunnlag vil dette krevja ei nøye drøfting (sjå elles vedlegg 7). Dette er ei todelt problemstilling. For det første dreier det som om kriterium for storleiken på det grunnleggjande driftstilskot til det einskilde museum, ein fordelingsnøkkel som seier kvifor det eine museet skal ha meir





Kjøretøy fra Arquebus krigshistorisk museum. Fotograf: Haugalandmuseene AS

enn det andre. For det andre handlar det om kva kriterium som skal ligga til grunn for å få ein auke i driftstilskotet i samband med den årlege budsjettprosessen.

Forholdet mellom stat og region vert og sett på som ei utfordring. Dersom stat eller region aukar sitt tilskot til drift vert det forventat at dei andre instansane aukar sitt bidrag tilsvarende. Dette er det ingen automatikk i og skuldast fleire forhold. Frå fylkeskommunen si side er det eit ønske å få til ei betre samordning med stat og større grad av føreseielegheit både for musea og for fylkeskommunen. Dette gjeld både i høve til konkrete prioriteringar og storleik på beløp, og i høve til rutinar og søknadsprosedyrar. Slik situasjonen er i dag er det liten eller inga samordning, noko som skaper frustrasjon på mange nivå, også hos fylkesrådmannen. Desse problemstillingane vart drøfta i møte med Kulturdepartementet 28.02.2011 og 01.09.2011.

Konsolidering

Fleire fylke har konsolidert sine museum inn i ei eller få store einingar, mellom anna Hedmark fylkesmuseum og Vestfoldmuseene IKS. I konsolideringsprosessen i Rogaland har ein bygd vidare på musea i dei fem regionane, og

i hovudsak gjennomført ei indre konsolidering. I Stavanger har det og skjedd ei konsolidering mellom dei to større og sjølvstendige einingane, tidlegare Rogaland kunstmuseum og Stavanger museum. Det pågår og ein prosess om konsolidering av Det norske utvandrersenteret og med Utstein Kloster, som geografisk tilhøyrer Ryfylke, i Museum Stavanger AS. I ein plan som denne vil det vera naturleg å stilla spørsmålet om konsolideringsprosessen er ferdig, eller om ein skal gå enno lenger og konsolidera i endå større einingar. Er det for eksempel ønskeleg og formålstensleg med eit fylkesmuseum som skal ha overordna samordningsoppgåver og fellesoppgåver som magasin, konservering etc.?

Konsolidering av musea utover dei geografiske grensene for noverande museumsregionar, har vore drøfta tidlegare. I samanheng med konsolideringsprosessen som gjekk føre seg i Stavanger vart det i fylkestinget 10.06.2008, sak 55/08, mellom anna vedteke at: *Fylkestinget oppfordrar til at en i den videre prosessen vurderer mulighetene for alternative modeller for konsolidering både innenfor kommunen og i en større regional samanheng.* Dette vart det kraftige reaksjonar på frå musea si side.

Bakgrunnen for mange av dei konsolideringane som har funne stad har vore eit mål om å hausta faglege og administrative synergjar gjennom stor-drift, og vidare leggja grunnlag for ei profesjonalisering og kvalitetsheving av drifta av einingane som vert samla. Konsolideringsarbeidet har vore ein tung prosess, og dei fleste musea er på ulikt vis framleis i ein fase der felles samordning, planlegging og prioriteringar skal innarbeidast. Slik situasjonen er no kan det sjå ut til at musea har meir enn nok med å utvikla dei nye einingane til profesjonelle museumsfaglege og administrative organisasjonar.

Framleis er musea forholdsvis små og har vanskar med å dekkja alle fagområde og ansvarsoppgåver på ein tilfredsstillande måte. Dette gjeld særleg i høve til samlingsforvaltning, og det kan synast aktuelt å etablera ei ordning med fellestenester som ivaretek fellesbehov/løysingar. På sikt kan det og vera aktuelt å ta opp diskusjonen om eitt samla fylkesmuseum.

Museumsregionane og konsolideringa som er gjennomført til no bygger på geografiske prinsipp. Dersom ei konsolidering utover, eller på tvers av desse geografiske grensene skal opp til drøfting, må ein og diskutera det prinsipielle i dette og kva kriteria som skal liggja til grunn for avgrensingar og inndelingar. Konsolidering utover museums-grensene må og diskuterast med dei involverte regionmusea.

Før ein diskuterer vidare konsolidering, er det difor viktig med ei evaluering av den prosessen som alt har vore, kva resultat ein har oppnådd, og ikkje minst kva ein ynskjer å oppnå med ei eventuell vidare konsolidering.

Rogaland fylkeskommune vil førebels prioritera konsolidering av einingar som pr. i dag er sjølvstendige, som naturleg høyrer heime under eit av dei fem regionmusea, og der både regionmuseum og ny eining vil ha ressursar til gjennomføring og få fordelar av ei konsolidering. Det vil og leggjast til grunn at ein kvar institusjon som inngår i ei av dei konsoliderte einingane må innstilla seg på endringar i høve til struktur og prioriteringar.

Museumsrådet – verkeområde og ansvar

Ansvar for fylkeskommunen har endra seg sidan 1992. Mellom anna hadde fylkeskommunen det overordna arbeidsgjevaransvaret. Formelt sett kunne ikkje fylkeskommunen gi direktiv til musea, men fylkeskommunen hadde og har anledning til å setja opp føresetnader for fylkeskommunale løyvingar.

I tråd med forslaget i museumsplanen vart det vedteke å oppretta eit museumsråd hausten 1993. Museumsrådet var tiltenkt ei samordningsrolle og eit organ kor fylkeskommunen kunne driva styring gjennom samarbeid med musea. I praksis har museumsrådet vore eit diskusjonsforum. Det har vore vekslende interesse for deltaking, relatert til interesse for sakene som vart teke opp. Enkelte har nok og, feilaktig, sett for seg at museumsrådet skulle vera eit styringsorgan. Museumsrådet har hatt svakheiter sett både frå musea og fylkeskommunen si side, og vidareføring i si noverande form synest ikkje hensiktsmessig. Fylkesrådmannen foreslår difor å avvikla museumsrådet.

Alle regionmusea har gitt tilbakemelding om at det er ynskjeleg med eit nettverk for dialog, diskusjon og utveksling av erfaring og kompetanse. Dei ser helst føre seg dette dialogforumet som eit reint museumsnettverk, der museumsfaglege problemstillingar kan drøftast. Andre museer som ikkje får tilskot via fylkeskommunen, har og ytra ønske om å få delta i eit slikt museumsnettverk (mellom anna Arkeologisk museum).

Fylkesrådmannen ynskjer eit nært samarbeid med musea og mellom musea, og vil sørgja for formalisert kontakt mellom musea og fylkeskommunen gjennom oppretting av eit nytt nettverksmøte/museumsmøte. Dette kontaktorganet kan vera eit årleg museumsmøte mellom fylkeskommunen og musea, i første rekke mellom administrasjonane.



8

Fylkeskommunalt ansvar for ulike museer

Elevlar får prøva krefter på kopi av taljetrekk på Norsk Oljemuseum. Fotograf: Norsk Oljemuseum

Det er i hovudsak dei fem regionmusea som er fylkeskommunen sitt hovudansvar innan museumssektoren. Mindre private samlingar og museumsliknande institusjonar vert ikkje rekna som fylkeskommunen sitt ansvar.

Utanom dei fem regionmusea som fylkeskommunen har eit driftsansvar for finst og ei rekke andre større og mindre museer og museumsliknande verksemdar i fylket. Institusjonar som Utstein Kloster, Stiftelsen Ullandhauggarden, Vigsnes Grubemuseum og Det norske utvandrer-senteret har status som museum og/eller representerer ein institusjon av regional interesse og verdi, og kjem innunder ordninga med driftstilskot frå fylkeskommunen.

Arkeologisk museum UiS og Norsk Oljemuseum er to store museer i regionen som på ulikt vis har eit nasjonalt ansvar og får tilskot via andre departement enn Kulturdepartementet.

Fleire av dei andre musea og samlingane ynskjer også å ta imot driftstilskot frå fylkeskommunen. Vi vil her diskutera dei prinsipielle aspekta: kva er det som er eit fylkeskommunalt ansvar og kva skal kriteria vera for å kunna få og ikkje få driftstilskot frå fylkeskommunen?

Private samlingar og museumsliknande institusjonar

ICOM sin definisjon av museum er den som ligg til grunn for museumsdrifta i Noreg. Definisjonen understrekar at musea er offentlege institusjonar til nytte og fornøyelse for innbyggjarane gjennom studia og utdanning. Dette er oppgåver som musea har til felles med andre institusjonar, og dei som ligg nærast denne rolla er arkiv og bibliotek. Det som definerer musea og særleg skil dei frå desse andre institusjonane, er kombinasjonen av dei fire hovedverksemdene ved musea; samling, bevaring, forskning og formidling. I tillegg

er aktiviteten ved musea knytta til dei *materielle og immaterielle vitnesbyrda om menneske og miljø*. Samfunnsoppdraget til musea er og vektlagt i ICOM sin definisjon, og dette perspektivet vert og sterkt framheva i museumsdokument i Noreg.

For at ein institusjon skal kunna kalla seg museum må dei altså fylla vilkåra om permansens, institusjonalisering, samfunnsorientering og forskning. For å få fylkeskommunal støtte må det vera eit minimumskrav at dei ivaretek alle primæroppgåvene til eit museum og at verksemda har verdi for fleire kommunar. Museumsliknande institusjonar som ikkje fyller desse vilkåra må kallast samlingar av kulturhistorisk materiale, og hovedskilnaden ligg som oftast i at musea er vitskaplege institusjonar der det blir drive forskning knytt til samlingane. Forskinga ligg igjen til grunn for samlingsforvalting og formidling og ikkje minst ei aktiv samfunnsrolle.

Ein type museumsliknande institusjon er opplevingssenter. Omgrepet kan brukast på ein type anlegg som prøver å vere mest mogleg autentisk og kor føremålet er å bidra til opplysning så vel som å yte rein underhaldning. Dei har med andre ord ikkje alle av musea sine kjerneoppgåver knytta til seg, og reknast difor ikkje som eit museum. Nordvegen historiesenter er døme på eit slik opplevingssenter. Dette er og fylket sin Tusenårsstad, og via Haugalandmuseene som er kvalifisert til å ha eit musealt ansvar vert det gitt eit tilskot til ei formidlarstilling på Nordvegen historiesenter.

Rundt i fylket finst og ei lang rekke private verksemdar/samlingar som meir eller mindre bevisst seglar under museumsflagget. Døme på slike private samlingar er Vålandmuseet i Hå, Høyvik i Jelsa, Kystkultursamlinga i Tananger, Brannmuseet i Stavanger, TS-museet i Sola, Helleland private museum m.fl. Denne typen private samlingar reknast ikkje som museum etter internasjonale kriterier og får heller ikkje støtte frå Rogaland fylkeskommune.

I og med at "museum" ikkje er noko beskytta omgrep er det fritt for alle samlingar og opplevingssenter å kalla seg museum. Fylkeskommunen meiner og at det må finnst rom for private samlingar utanom det offentlege museumsvesenet og offentlege tilskotsordningar,

men fylkeskommunen kan ikkje ta noko ansvar for desse. Slike verksemdar kan likevel verta aktuelle i fylkeskommunal samanheng dersom dei vert konsolidert med eit av regionmusea.

Museum i "grenseland"

Nerheimstunet som ligg i Ølen kommune er eitt av opphavleg to gardstun som stod på bruket Nerheim Store. Nerheimstunet ligg geografisk i Rogaland, men er organisert som ei eining under Sunnhordland museum. Den geografiske plasseringa tilseier samarbeid med Haugalandmuseene AS, men her spelar tradisjon og endring av fylkesgrenser inn. Nerheimstunet er eit eksempel på at dei geografiske grensene ikkje alltid kan følgjast slavisk. I slike tilfeller er det viktig å ha fokus på praktiske og organisatoriske løysingar som er tenlege og akseptable for alle involverte parter. Samarbeid over fylkesgrensene og deling av ansvar kan og vera ei løysing.

Utstein Kloster

Utstein Kloster, Rennesøy, er eit halvoffentleg museum og får årleg driftstilskot gjennom fylkeskommunen og staten. Den økonomiske situasjonen er ikkje tilfredsstillande og dei ser no etter moglegheiter for anna finansiering og driftsmodellar. Utstein Kloster har i lengre tid basert inntektene på hotell, konferanse og restaurantdrift. I ein marknad kor det har vore store svingingar er dette ikkje lenger eit sikkert driftsgrunnlag, og dei søker no mot det offentlege for å sikra ei meir stabil drift. Geografisk ligg Utstein Kloster i Ryfylke, noko som skulle tilseie ei konsolidering med Ryfylkemuseet. Kontakten med og nærleiken til Stavanger, har likevel gjort at ein her bryt med dei geografiske grensene. Utstein Kloster er i forhandlingar med Museum Stavanger AS og planen er å få til ei konsolidering innan 2012. Både staten og fylkeskommunen har delteke i møte vedrørande konsolidering.

Det norske utvandrersenteret

Det norske utvandrersenteret i Stavanger får og fylkeskommunalt driftstilskot. Dei er i ein liknande situasjon som Utstein Kloster der dei ser at dei ikkje greier å oppretthalda noverande aktivitetsnivå utan betydeleg auke i tilskot. På bakgrunn av dette er det skrive ein intensjonsavtale med Museum Stavanger AS om konsolidering.

Fylkeskommunen ser positivt på vidare konsolidering i den grad det er økonomisk forsvarleg og vil ha ein meirverdi for dei institusjonane som inngår. Det norske utvandrersenteret er og ein av institusjonane som inngår i prosjektet Arkivenes Hus.

Vigsnes Grubemuseum

Vigsnes grubemuseum, Karmøy, er eit av dei mindre musea som tidlegare fekk direkte tilskot gjennom fylkeskommunen. I forhold til dei andre mindre musea som tidlegare fekk slik direkte støtte er desse forholda no rydda opp i og desse får no kun tilskot via dei regionmusea dei ligg under. I tråd med gjeldande føringar bør det vera ein føresetnad for framleis tilskot at Vigsnes Grubemuseum vert konsolidert inn i Haugalandmuseene AS.

Norsk Oljemuseum

Norsk Oljemuseum er eit nasjonalt museum med ansvar for petroleumssektoren. Museet er organisert som ei stifting og har som føremål å vera eit nasjonalt senter for formidling av informasjon og kunnskap om petroleumsverksemda si utvikling og tyding for det norske samfunnet.

Drifta blir finansiert gjennom ein kombinasjon av eigne inntekter, prosjektverksemd, bidrag frå oljeindustrien og offentlege tilskot frå staten v/ Olje- og energidepartementet og frå Stavanger kommune.

Norsk Oljemuseum sitt ansvarsområde er nært knytt til Rogaland som region også gjennom den store oljeverksemda her. Rogaland fylkeskommune bidrog med investeringsmidlar ved opprettinga av museet og har ein representant i styret. Fylkeskommunen har dermed hatt eit nært forhold til museet gjennom utbygging og utvikling over lang tid. Museet er vidare eit sentralt kulturanlegg med nedslagsfelt i store delar av regionen og ein profilert turistattraksjon. Norsk Oljemuseum ynskjer anerkjenning av den regionale tydinga det har gjennom at fylkeskommunen bidreg med årlege tilskot til drift.

Arkeologisk museum Universitetet i Stavanger

Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger (AM) er eit universitetsmuseum. Det har ansvar

mellom anna for forvaltning av automatisk freda kulturminne, gjennomføring av arkeologiske undersøkingar, utstillingar, undervisningsopplegg for skulen, publisering og dei driv forskning på ei rekke område knytt til førhistoria.

Museet mottek tilskot frå Kunnskapsdepartementet via UiS. På bakgrunn av dette og deira nasjonale ansvar og rolle er det staten som har hovudansvar for drifta.

Grunna plassmangel er museet inne i ein plan- og byggeprosess om utviding av eksisterande areal, som i hovudsak vil bli brukt som utstillingsareal.

Arkeologisk museum var med i ein dialog omkring konsolidering av tidlegare Rogaland kunstmuseum, Arkeologisk museum Stavanger og Stavanger museum. Dette førte ikkje fram og Arkeologisk museum valde å etablera seg som universitetsmuseum.

Arkeologiske friluftsmuseer

I Rogaland har vi tre arkeologiske friluftsmuseer; Jernaldergarden på Ullandhaug, Vikinggarden på Avaldsnes og Fortidslandsbyen Landa på Forsand.

Arkeologiske friluftsmuseer er frå november 2010 ein eigen type museer. Frå då av vert deira internasjonale organisasjon, EXARC, tilknytta ICOM som såkalla 'affiliated organisation'.

Dette betyr at arkeologiske friluftsmuseer kan reknast som museum. Dei fyller dei generelle vilkåra for museer ved at dei har samlingar, driv forskning og formidling. Samlingane til desse musea kan vera arkeologiske minne, men er i alle fall rekonstruksjonar og kopiar og dokumentasjonen av desse. Forsking skjer både i eigen regi (eksperimentell arkeologi) og i samarbeid med arkeologiske forskingsmiljø. På formidlings-sida er dei fleste arkeologiske friluftsmuseer langt framme og driv eit utstrakt formidlingsarbeid. Ulike formidlingsmetodar vert nytta, men ofte er det snakk om å levandegjere historie.

Vikinggarden på Avaldsnes

Vikinggarden er eit gardsanlegg bygd opp for levandegjering av livet i vikingtid. Vikinggarden ligg i tilknytning til Nordvegen Historiesenter i det historiske landskapet med middelalderkyrkja, gravhaugar og andre kulturminne.

Ansvar og eigeforhold i høve til desse anlegga

er komplisert. Rådmannen i Karmøy har det overordna museale ansvaret for vikinggarden og Nordvegen historiesenter samla. Utover det er ansvaret oppsplitta og det er vanskeleg å få eit samla grep (vedlegg 8).

Avaldsnes er valt til Rogaland fylke sin tusenårsstad. Fylkeskommunen var med og finansierte oppføringa av Nordvegen historiesenter med 13 millionar. Formidlingstilbodet ved Nordvegen Historiesenter er løna av Haugalandmuseene AS via driftstilskotet frå fylkeskommunen. Gjennom dette tilskotet går kr. 1 million til ein stillingsressurs til formidling ved Nordvegen Historiesenter.

Forskningsprosjektet Avaldsnes er eit eige prosjekt der leiar formelt har det faglege ansvaret for innhald og forskning tilknytt både Vikinggarden og Nordvegen Historiesenter. Forskningsprosjektet er tilknytt kulturavdelinga i Karmøy kommune.

Forholdet mellom Haugalandmuseene AS og Karmøy kommune gir utfordringar og treng nærare avklaring. Ei mogleg løysing kan vera konsolidering av heile Nordvegen historiesenter og Vikinggarden inn i Haugalandmuseene AS.

Jernaldergarden på Ullandhaug

Jernaldergarden på Ullandhaug er ei eiga stifting. Det årlege fylkeskommunale tilskotet går til stiftinga og nyttast til vedlikehald av bygningane. Dette har med bakgrunnen for tilskotet å gjera. Tilskotet har si opphav frå 1970-åra då bygningane vart gitt av staten som gåve til 1100-års jubileet for slaget ved Hafsrfjord. Kommunane Randaberg, Stavanger og Sola gjekk då saman med fylkeskommunen og garanterte for tilskot til drift/vedlikehald. Randaberg og Sola kommune har sidan trekt seg ut og gjev ikkje lenger tilskot til Jernaldergarden.

Fortidslandsbyen Landa

Fortidslandsbyen Landa er eigd av Forsand kommune, og det er dei som har ansvar for bygningane. Forsand kommune bidrar årleg med kr 200.000 til vedlikehald av bygningane og kr. 300.000 til drift.

Fylkeskommunen har indirekte ansvar for Landa gjennom eigarskapet i Lysefjorden Utvikling AS. Lysefjorden Utvikling AS har sidan 2008 hatt ansvaret for drift og formidling ved Landa. Fortidslandsbyen Landa ynskjer fylkeskommunalt

driftstilskot og dei er i ein fase der dei arbeider med å finna nye modellar for finansiering og organisering som kan sikra fagleg og økonomisk drift av anlegget.

Oppsummering arkeologiske friluftsmuseer

Fylkeskommunen gjev tilskot til Jernaldergarden på Ullandhaug (og indirekte til vikinggarden på Avaldsnes gjennom tilskot til formidlarstillinga ved Historiesenteret gjennom Haugalandmuseene AS). Den nære tilknyttinga til Arkeologisk museum og Universitetet i Stavanger tilseier at staten skal ha heile ansvaret for Jernaldergarden. På grunn av den særskilte historia finn fylkeskommunen det naturleg inntil vidare å halda fram med tilskot.

Fortidslandsbyen Landa ynskjer og fylkeskommunal støtte. Det er prinsipielt ikkje noko som tilseier at Fortidslandsbyen Landa ikkje bør få fylkeskommunalt tilskot, men fylkeskommunen har som føresetnad at anlegget vert knytt til eit av regionmusea, anten som konsolidert eining eller i form av formalisert samarbeid på anna vis. Fylkeskommunen ser på Ryfylkemuseet som det museet det vil vera naturleg å inngå samarbeid med på bakgrunn av dei geografiske grensene som pr. dags dato ligg til grunn for konsolidering. Landa bør i tillegg ha eit utstrakt fagleg samarbeid med Arkeologisk museum.

I 2007 starta eit tettare samarbeid mellom dei tre arkeologiske friluftsmusea og fylkeskommunen, mellom anna i høve til felles marknadsføring. Fylkeskommunen har bidrege som fødsels-hjelpar i dette arbeidet, og har framleis rolla som koordinator og tilretteleggar av nettverksmøter og andre fellestiltak. Fylkeskommunen driftar ein felles nettportal; www.levendearkeologi.no og har elles bidrege med litt midlar til fellesbrosjyre. Nettverket med dei tre arkeologiske friluftsmusea har regional verdi og interesse, og koordineringa av dette nettverket er ei oppgåve fylkeskommunen kan og ynskjer å bidra med.

Magma geopark og det planlagde museumsanlegget i Jøssingfjord

Dei fem kommunane Bjerkreim, Eigersund, Flekkefjord, Lund og Sokndal utgjer det 2329 km² store området som er definert som Magma

Geopark. Ein geopark skal ivareta og forsterka medvititet rundt ein region sin eigenart med utgangspunkt i geologi, natur, landskap og kultur. Jøssingfjordsenteret skal gje forståing for geologien og utnyttinga av regionen sin spesielle berggrunn, knytt til fortidas og nåtidas bergverksverksemd, kultur og historie. Det skal synleggjera kva betyding dette har hatt for lokalbefolkninga, og denne verksemda sitt samband til resten av landet og verda elles.

Prosjektet Jøssingfjordsenteret er sett i gang av Dalanerådet i nært samarbeid med Dalane folkemuseum og Magma Geopark. Rogaland fylkeskommune har, saman med dei fem ovannemnde kommunane, gjeve si støtte til forprosjektet. Bygget skal finansierast av private, statlege,

regionale og lokale midlar. I november 2010 vart det invitert til ein open plan- og designkonkurranse for det nye museumsanlegget, og vinnaren vart kåra juni 2011 (sjå vedlegg 9).

Magma Geopark er i dag organisert som eit AS. I prinsippa for slike geoparkar er det ein føresetnad at dei har ei sjølvstendig organisering. Forholdet mellom Dalane folkemuseum og Magma – Jøssingfjordanlegget er at Jøssingfjord skal vere ei konsolidert eining under Dalane folkemuseum. Magma vil leige lokale i Jøssingfjord gjennom eit vanleg forretningsbasert forhold. Økonomisk og administrativt skal Dalane folkemuseum/ Jøssingfjordsenteret og Magma vere klart skilde frå kvarandre.



9

Arkiv, bibliotek og museum

I dette kapitlet vil vi gå nærmere inn på arkiv og biblioteksektoren, og sjå på felles utfordringar og moglege samarbeidsoppgåver.

Bibliotek

Fylkeskommunen har eit særleg rådgjevande ansvar for folkebiblioteka i fylket gjennom fylkesbiblioteket som er ein del av kulturadministrasjonen. Fylkesbiblioteket skal ivareta den offentlege folkebibliotekverksemda på fylkeskommunalt nivå og bidra til at folkebiblioteka på best mogleg måte kan oppfylle si overordna målsetting: å fremja opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd.

Fylkeskommunen har i tillegg ansvar for og eig biblioteka i dei vidaregåande skulane. I Rogaland er det 52 folkebibliotek, inkludert filialer. Dei hadde tilsaman 158 tilsette i 2009, mot 140 for 20 år sidan. I tillegg er det 242 skulebibliotek i fylket, 19 av desse er kombinerte skule-/folkebibliotek.

Musea og biblioteka har ein del felles berøringspunkt gjennom felles funksjonar og i nokre tilfelle gjennom samlokalisering. Fleire av musea har til dømes eige bibliotek (vedlegg 10), både med og utan bibliotekfagleg tilsette.

Litteratursentra som skal byggjast opp på Bryne, Sand og Stavanger vil ha ei form og eit innhald som plasserer dei i skjæringspunktet mellom bibliotek og museum. Organisatorisk høyrer Garborgsenteret til Jærmuseet, Lølandsenteret til Ryfylkemuseet og Kiellandsenter/Litteraturhuset til Sølvberget Stavanger bibliotek og kulturhus.

På lokalt plan kjenner ein til konkrete/permanente samarbeid mellom abm-institusjonar i tre kommunar: Hjelmeland, Forsand og Rennesøy. Alle desse tre har arkiv og/eller museumsfunksjonar i tilknytning til eller i same bygg som biblioteket.

Desse samarbeidsprosjekta har kome i stand som eit resultat av reforma. I enkelte andre kommunar føregår det samarbeid

Ryfylkemuseet har ansvar for å ta vare på og vidareformidla folke- og folkedans-tradisjonen i fylket. Fotograf: Ryfylkemuseet

mellom bibliotek og museum når høvet byr seg. Det har tradisjonar tilbake til før reforma. Også i Stavanger er det eit samarbeid mellom ulike abm-institusjonar i det Museum Stavanger AS og den årlege Kapittel festivalen har eit samarbeidsprosjekt.

Arkiv

Statsarkivet er depotinstitusjon for arkivmateriale frå den lokale og regionale statlege forvaltninga i Rogaland. Dei eldste arkiva går tilbake til 1500-og 1600-talet, men hovudtyngda av materialet er frå om lag 1750 og framover. Statsarkivet skal ha tilsyn med arkivforholda i den offentlege forvaltninga innan sitt distrikt. Dei har og eit overordna tilsyn med alle kommunearkiva i fylket. Statsarkivet er med andre ord både eit forvaltingsorgan og ein vitskapleg kulturverninstitusjon. I Rogaland har vi også desse arkivinstitusjonane:

- Interkommunalt arkiv i Rogaland (IKA)
- Byarkivet i Haugesund
- Misjonsarkivet
- Byarkivet i Stavanger

Fylkeskommunen sitt ansvar på arkivfeltet er først og fremst knytt til ansvaret for eigne arkiv og forvaltninga av desse, både internt og gjennom Interkommunalt arkiv i Rogaland – IKA. Like fullt er det slik at arkivfeltet er eit statleg og også eit kommunalt ansvar.

Men det er også mange berøringspunkt mellom arkiv, bibliotek og museum, både politisk og i praktisk dagleg arbeid.

Privatarkiv

Musea spelar ei viktig rolle i arbeidet med arkiv etter private verksemdar og har ein fjerdedel av det som samla er teke vare på av privatarkiv. Statsarkivet sit på meir enn 1550 store og små privatarkiv. Dei største privatarkiva omfattar hermetikkindustrien, skipsreiarlag og petroleumsindustrien. I tillegg kjem privatarkiv i dei andre arkivinstitusjonane og til dels og i biblioteka.

Det er oppretta eit regionalt privatarkivnettverk i Rogaland. Statsarkivet er fylkesansvarleg kontaktinstitusjon for privatarkivarbeidet i Rogaland.

Riksarkivaren og ABM-utvikling har parallelt med

museumskonsolideringa etablert ein infrastruktur for nasjonal og regional samhandling i privatarkivarbeidet i form av eit landsdekkande nettverk av koordinerande institusjonar. Desse skal fungera som regionale kompetansesentra og bidra til å koordinera arkivarbeidet i sine fylke.

Samfunnsinstitusjonar

Samfunnsrolla vert framheva som satsingsområde for heile abm-sektoren. Arkiv, bibliotek og museum skal vera aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar, med vekt på nytenking, kritisk refleksjon og skapande innsikt.

Som del av samfunnsminnet har biblioteka, arkiva og musea mange felles oppgåver når det gjeld innsamling, vern og formidling, og dei representerer ein sentral del av den informasjons-, dokumentasjons- og kunnskapsfaglege infrastrukturen som blir kravd for at innbyggjarane skal kunne ta aktivt del i det demokratiske systemet.

Folkebiblioteka har til dømes ei tredelt samfunnsrolle:

- Å bidra til å sikra demokratiet ved å stilla informasjon gratis til disposisjon for alle som bur i landet (folkeopplysningstanken).
- Å vera ei støtte for opplæring og utdanning.
- Litteratur- og kulturformidling

I tillegg har funksjonen som møteplass fått ei auka tyding.

Litteratursatsing og litteraturformidling

Den fylkeskommunale litteratursatsinga er omfattande, men det er nokre få hovudsatsingar som peikar seg ut. Den eine satsinga er to litteraturstipend som vert delt ut årleg. Rasmus Lølandstipendet skal styrka barne- og ungdomslitteraturen medan litteraturstipendet går til ein ung, uetablert forfattar med tilknytning til fylket vårt. "Hele Rogaland lesar" er i utgangspunktet eit Stavanger-prosjekt som har blitt fylkeskommunalt.

Den økonomisk største satsinga er på institusjonar bygd opp rundt minnet etter tre av fylket sine største forfattarar, Rasmus Løland, Arne Garborg og Alexander L. Kielland. Desse sentra

sine hovudfokus vil mellom anna vera på barn, ungdom og demokrati, i tillegg til litteraturen sjølv, på kulturarven knytt til litteraturen og til forfatarane både i nåtid og fortid, og dei vil vera ein møteplass for folk på ulike måtar (vedlegg 11).

Foto

Mange folkebibliotek/kommunar har store fotosamlingar som ikkje er tilstrekkeleg registrert. Dei får fagleg råd frå statsarkivet, men har vanskeleg for å prioritera digitalisering og registrering av fotosamlinga i ein stram økonomisk kvardag. Frå 1982–2009 var det innsamlingsaksjonar av gamle foto i biblioteka. Mykje av materialet som vart registrert her er enno ikkje reinskrive eller katalogisert då biblioteka ikkje har prioritert eller hatt ressursar til dette.

Det største og mest omfattande samarbeidet er Fotonettverk Rogaland. Nettverket vart etablert i 2004 og er eit samarbeidstiltak mellom 13 museum og arkivinstitusjonar i Rogaland. Statsarkivet har hatt ei koordinerande rolle. Biblioteksektoren har mangla i samarbeidet, sjølv om kommunane ved biblioteka i mange tilfelle eig fotosamlingar. Neste steg for nettverket er å inkludera biblioteka. Ni kommunar har meldt interesse for dette, og fylkesbiblioteket fungerer som kontaktledd mellom biblioteka og Fotonettverk Rogaland fram til samarbeidet er vel etablert.

Fylkesfotonettverket i Rogaland har frå nasjonalt nivå blitt peika på som eit godt døme på samarbeid innan feltet. Dei har fått RUP-midlar frå fylkeskommunen, og har laga nettside med mykje fagleg stoff, men og med søkefunksjon for sjølve fotografia.

I 2007 vart eit nasjonalt fotobevaringsnettverk formelt etablert. Dette vert leia av Preus museum og er ei vidareføring av det uformelle nettverket frå slutten av 1970-talet.

Digitalisering

Digitalisering og tilgjengeleggjering av foto, samlingar og arkivmateriale vert sett på som ei av dei største utfordringane i næraste framtid.

Digitaliseringsutfordringane er knytt til både bevaring/sikring og formidling av kulturarvmateriale. Her er utfordringar i høve til kompetanse, utstyr, tilgjengeleg teknisk verktøy og løysingar, strategiar og prioriteringar. Det er behov for felles, nasjonale standardar for innhausting, registrering, lagring og formidling. I tillegg til alt dette kjem mengdeutfordringa. Digitaliseringsmeldinga erkjenner at det vil ta fleire tiår å gjennomføra strategiane. Det er i hovudsak dei nasjonale institusjonane Nasjonalbiblioteket, Arkivverket og Kulturrådet som på ulikt vis har ansvar for å utvikla og koordinera felles løysingar for arkiv, bibliotek og museum.

Arkivenes Hus, Ullandhaug

Eit regionalt arkivsenter i Rogaland er under planlegging. Dette er tenkt å vera ei fysisk samling av ulike arkivfaglege miljø og ei styrking av den arkivfaglege kompetansen. Gjennom eit regionalt arkivsenter vil mesteparten av det historiske arkivmaterialet som gjeld Rogaland finnast på ein stad, noko som vil vera ei forenkling for brukarane. Det er Riksantikvaren som har oppnemnt prosjektgruppa som arbeider med dette, og prosjektet omfattar følgjande institusjonar: Statsarkivet i Stavanger, Byarkivet i Stavanger, Interkommunalt arkiv Rogaland (IKA), Det norske utvandrersenteret (DNU), Norsk lydinstitutt og Rogaland historie- og ættesogelag (RHÆ).

Rogaland fylkeskommune har i vedtak i fylkesutvalget 09.02.2010, sak 14/10, sagt seg villige til å avstå tomt til arkivsenteret. Ei av føresetnadene for dette er at senteret skal ivareta arkivfunksjonar knytt til forskning og andre føremål ved Universitetet i Stavanger. Einskilde utfordringar og løysingar i høve til mellom anna foto, privatarkiv, digitalisering og delvis konservering, kan sjåast i samanheng og samordnast med arkivsenteret. I kva grad det er behov og ønske om deponering av arkivmateriale frå musea i arkivsenteret vil og vera aktuelle spørsmål (vedlegg 12).



10

Mål og handlingsplan 2011–2014

*Vistnestunet,
Randaberg. Gards-
miljø frå slutten av
1800-talet.
Fotograf:
Jærmuseet*

Mål:

Denne planen har som overordna mål å klargjera Rogaland fylkeskommune sitt ansvar og si rolle ovanfor musea i regionen, og gje tydelege signal om satsings-område og prioriteringar i planperioden. Fylkeskommunen sitt ansvar har blitt endra og redusert sidan førre museumsplan vart utarbeidd i 1992. Då vart både dei statlege og fylkeskommunale midlane forvalta av fylkeskommunen. Etter at dette vart lagt om i 2004 er fylkeskommunen si rolle redusert til ein av tre offentlege aktørar som bidreg med ressursar til regionmusea.

Rogaland fylkeskommune vil bidra til å utvikla regionmusea til institusjonar som:

- har ei drift bygd på godt forvalta materiell og immateriell natur- og kulturarv der forskingsbasert kunnskap er fundamentet
- har ei sterk lokal og regional forankring, og bidrar til utvikling av samfunnet gjennom forskning, forvaltning, formidling og fornying og andre samfunnsorienterte kulturtiltak av høg kvalitet

Rogaland fylkeskommune vil i planperioden, gjennom strategisk satsing på samlingsforvaltning og forskning, styrka den faglege utviklinga ved regionmusea, og utvikla musea til vitale institusjonar som spelar ei stor rolle i samfunnet og som vert anerkjente for det.

Rogaland fylkeskommune vil målretta sin innsats i planperioden til avgrensa områder, og på den måten bidra til å løysa arbeidsoppgåver heller enn å prioritera einskilte museer eller regionar som, på ulike måtar og i ulik grad, har ynskje om og behov for å styrka sine organisasjonar.

Rogaland fylkeskommune ynskjer å spela ei viktig samordnande rolle for musea i fylket, og bidra til samarbeid og samhandling mellom museer, andre tilskotsparter og mellom museer og andre kulturinstitusjonar.

Rogaland fylkeskommune vil gjennom strategisk satsing på litteratur, formidling og foto/digitalisering aktivt arbeida for å styrka samarbeidet mellom museum, bibliotek og arkiv.

Oppsummering tiltak

I denne delen er det lista opp 9 delmål og 25 ulike tiltak. Tiltaka utgjør handlingsdelen av Regionalplan for museum 2011–2014. Handlingsdelen vil bli rullert kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

Ein er i fleire tilfelle avhengig av medverknad frå ulike parter, til dømes stat og kommunar. I ein del tilfelle er musea ansvarlege for prosjekta, og musea sin evne til å samla dei nødvendige støttespelarar vil vera avgjerande for realisering av tiltaka. I nokre tilfelle er tiltaket ei utgreiing, og ei eventuell gjennomføring av tiltaket kan skje i neste planperiode. Fylkesrådmannen vil presisera at kostnadene som vert oppgjevne under tiltaka er meint som Rogaland fylkeskommune sitt bidrag. Der det vil vera aktuelt med andre tilskotsytarar vil dette koma i tillegg til midlane frå Rogaland fylkeskommune.

10.1 Organisering og fornying

10.1.1 *Delmål: Musea i Rogaland skal utviklast som solide organisasjonar slik at dei best mogleg kan utføra samfunnsoppdraget sitt.*

Gjennom fagleg utvikling, nytenking og profesjonalisering, skal musea vera økonomisk og fagleg oppdaterte og aktuelle i alle deler av si verksemd. Konsolideringsprosessen bør i planperioden bli ført vidare for å skapa fagleg sterke og organisatorisk velfungerande museumseiningar. Det er mellom anna framleis behov for konsolidering av mindre einingar. Det er og behov for ei avklaring av lokalt og regionalt ansvar. Dette må skje i samarbeid med kommunane.

Tiltak 1:

Prioritera tilskot til museer med regional status

Fylkeskommunen sitt tilskot vil gå til regionmusea og Norsk Oljemuseum. Musea skal med andre ord ha regional status for å kunne motta driftstilskot frå fylkeskommunen. Lokale museer som i dag ikkje har slik status, og som pr. i dag får tilskot på bakgrunn av gamle ordningar og tradisjonar, kan ikkje forventast tilskot til drift i framtida. Rogaland fylkeskommune vil utforma årlege forventningsbrev for tilskot til drift. Innanfor komande planperiode er det ikkje lagt opp til auke i det faste tilskotet til musea utover justeringar i tråd med dei statlege rammene for løn- og prisvekst. Den økonomiske situasjonen kan på sikt endra seg, og då vil til ei kvar tid gjeldande planverk liggja til grunn for prioritering av eventuelle søknader.

Gjennomføringsperiode: Oppstart 2012

Ansvar: Rogaland fylkeskommune

Tiltak 2:

Tilskot til investeringar skal hentast frå dei tilskotsordningane som fylkeskommunen har til rådvelde.

Det er gitt tydelege budsjettmessige føringar om at det i liten grad er rom for nye, større investeringar. Søknader om investeringsmidlar til rehabilitering, utviding

og nye museumsbygg blir vurderte gjennom tilskotsordningane for spelemidlar til kulturbygg og Rogaland fylkeskommune sine egne kulturbyggmidler. Rammene for desse midlane utgjer til saman 8 millioner kroner pr. år.

Tiltak 3:

Vidareføring av konsolideringsprosessane

Fylkeskommunen vil førebels prioritera konsolidering av einingar som pr. i dag er sjølvstendige, som naturleg høyrer heime under eit av dei fem regionmusea, og der både regionmuseum og ny eining vil ha ressursar til gjennomføring og få faglege, organisatoriske og økonomiske fordelar av ei konsolidering.

Gjennomføringsperiode: 2011–2014

Ansvar: Rogaland fylkeskommune, kommunane, regionmusea, stat

Tiltak 4:

Stimuleringsmidlar til konsolidering

For å føra vidare arbeidet med å konsolidera regionmusea blir det sett av eit øyremerka eingongstilskot på kr.1 million som kan nyttast som stimuleringsmiddel i ein overgangsperiode. Det er ein føresetnad at kommunane fylgjer opp med tilskot som tilsvare deira del. Eventuelle varige endringar av tilskotrammene må drøftast med dei andre tilskotspartane.

Kostnader: kr. 1.000.000

Gjennomføringsperiode: Oppstart 2012

Ansvar: Rogaland fylkeskommune, kommunane, stat

Tiltak 5:

Vurdering av vidare konsolidering og ulike konsolideringsmodellar i tilknytning til Haugalandmuseene AS

For Haugalandmuseene AS sin del er det særleg behov for ei avklaring i høve til Nordvegen Historiesenter og Karmøy kommune. Det er og behov for å sjå på vidare samarbeid med Karmøy kommune og musea der. Fylkeskommunen er kjent med at museet har satt ned ei arbeidsgruppe som skal evaluera og sjå på ulike former for organisering av dei konsoliderte einingane. Fylkeskommunen ser positivt på dette arbeidet og vil bidra i vidareføringa av dette. Det vil og vera naturleg å vurdera deira ansvar og rolle i høve til utviklinga på Vibrandsøy, mellom anna med tanke på om museet bør overta Bergesenhuset som Rogaland fylkeskommune eig og er i ferd med å restaurera.

Det kan og vera naturleg å styrka Haugalandmuseene gjennom samarbeid på tvers av fylkesgrensa mot Hordaland. Rogaland fylkeskommune vil samarbeida med museet om ei slik utgreiing.

Gjennomføringsperiode: 2011–2014

Ansvar: Rogaland fylkeskommune, Haugalandmuseene AS, kommunane, stat

Tiltak 6:

Evaluering av konsolideringsprosessen med tanke på vidareføring

Konsolideringsprosessen skal i løpet av planperioden evaluerast. I evalueringa skal ein ha fokus på økonomiske, faglege og administrative konsekvensar ved samanslåing. Evalueringa skal og kasta lys over problemstillingar knytte til vidare konsolidering, og til dømes i kva grad det vil vera tenleg å halda fast ved noverande modell med geografiske regionar, opna opp for nye modellar som går utanom dei geografiske grensene eller konsolidering i eit stort fylkesmuseum. Fylkeskommunen vil be om statleg deltaking i ei slik evaluering i tillegg til representantar frå regionmusea og kommunane.

Kostnader: kr. 250.000

Gjennomføringsperiode: 2013–2014

Ansvar: Rogaland fylkeskommune, regionmusea, stat, kommunar

Kjekt å leika butikk
på Stavanger
Sjøfartsmuseum.
Fotograf: Elisabeth
Tønnesen



10.1.2

Delmål: Norsk Oljemuseum får status på linje med regionmusea

Rogaland fylkeskommune ynskjer å plassera Norsk Oljemuseum som eit museum på linje med regionmusea.

Norsk Oljemuseum har ei verksemd og organisering som kan samanliknast med dei noverande regionmusea. Til skilnad frå regionmusea er dette museet ein institusjon med særleg nasjonalt ansvar. Det hentar og sine statlege tilskot frå eit anna departement enn dei andre regionmusea.

Tiltak 7:

Årleg tilskot til drift til Norsk Oljemuseum

Rogaland fylkeskommune vil frå 2012 bidra med kr 1 mill. i driftstilskot til Norsk Oljemuseum. Med utgangpunkt i museet si rolle som nasjonal institusjon finn fylkeskommunen det naturleg at det statlege tilskotet er høgare enn for regionmusea. På dette grunnlaget vil det heller ikkje vera aktuelt med tilskot frå fylkeskommunen på same nivå som regionmusea i fylket.

Kostnader: kr. 1.000.000

Gjennomføringsperiode: Oppstart 2012

Ansvar: Rogaland fylkeskommune

10.1.3. ***Delmål: Vurdering av søknadsprosedyrer og kriterium for tilskot***

Tilskota til regionmusea er ikkje basert på ein einskapleg modell. Kvart museum har ulikt opphav og tilskota har blitt fastsett delvis ut frå ulike økonomiske føresetnader. Frå statleg hald har det i museumsmeldinga blitt skissert ein fordelingsnøkkel med maksimalt 60% statleg tilskot, 30% frå eigarkommunar og 10% frå fylkeskommunar. Det er heller ikkje faste kriterium for kva som kan/skal utløysa ein auke i det faste driftstilskotet.

Tiltak 8:

Betre samordning av søknader til stat, fylke og kommune

Det er eit stort behov for å få til betre samordning mellom stat, fylke og kommune for å skapa betre oversikt, kontroll og føreseielegheit for alle partar. Det er behov for å sjå nærare på søknadsfristar, innhald og prosedyrar/rutinar, både hos musea og dei offentlege forvaltningsinstitusjonane. Rogaland fylkeskommune vil ta initiativ til dialog med dei ulike partane, slik at ein kan sjå på utfordringar og finna løysingar i fellesskap.

Gjennomføringsperiode: 2012

Ansvar: Rogaland fylkeskommune, stat, kommunar, museer

Tiltak 9:

Rogaland fylkeskommune vil ta initiativ til ei nasjonal utgreiing av tilskotskriterium

Storleiken på tilskota har ikkje blitt fastsett gjennom klart definerte kriterium som til dømes bygningsmasse, ansvarsområde eller tal på besøkande. Sjølv om det kunne vore ønskeleg med klare kriterium finn Rogaland fylkeskommune det vanskeleg å utreda slike på fylkesnivå. Rogaland fylkeskommune vil difor framleis ta utgangspunkt i volumet på dei faste tilskota som blir gitt i dag og i prinsippet vidareføra desse.

Det er likevel naudsynt med ei drøfting av kva kriterium som skal liggja til grunn for tildeling av driftstilskot til regionmusea, om det bør reknast ut etter faste kriterium eller etter søknad med utgangspunkt i eigendefinert behov og ynskje om vekst. Rogaland fylkeskommune ser det som ei statleg oppgåve å gjennomføra ei slik drøfting saman med musea sine organ, fylka og kommunane. Fylkeskommunen vil ta initiativ til at ei slik utgreiing blir starta opp.

Gjennomføringsperiode: 2011–2014

Ansvar: Rogaland fylkeskommune, stat

10.1.4 ***Delmål: Rogaland fylkeskommune skal ha ei aktiv rolle som pådrivar og tilretteleggar i nettverksarbeid musea imellom, og mellom musea og andre aktørar.***

Rogaland fylkeskommune ynskjer eit nært samarbeid med musea og vil bidra til formalisert kontakt mellom musea og fylkeskommunen. Fylkeskommunen har eit klart ansvar for regionmusea og seier og i planen at det er desse som skal prioriterast økonomisk. Ovanfor andre større og mindre organisasjonar der fylkeskommunen ikkje har eit økonomisk ansvar, men der ein likevel ser at desse har ein regional verdi, kan fylkeskommunen ta ei rolle som pådrivar og tilretteleggar for samarbeid.

Tiltak 10:**Det vert oppretta eit årleg museumsmøte**

Museumsrådet i si noverande form blir avvikla. I staden blir det oppretta eit kontaktorgan i form av eit museumsmøte som skal haldast 1-2 gonger årleg. Museumsmøtet skal først og fremst vera eit kontaktorgan mellom musea som får offentleg tilskot og dei offentlege bidragsytarane. Andre museer vil verta inviterte til å delta der dette er naturleg. Organiseringa av eit slikt samarbeidsorgan bør utformast i samråd mellom partane. Rogaland fylkeskommune vil ta initiativ til eit oppstartsmøte.

Kostnader: kr. 50.000

Gjennomføringsperiode: 2011–2014

Ansvar: Rogaland fylkeskommune

Tiltak 11:**Rogaland fylkeskommune skal vera pådrivar for samarbeid mellom dei Arkeologiske friluftsmusea**

Rogaland fylkeskommune har ikkje og kan ikkje ta på seg ansvar i høve til drift eller økonomi for dei arkeologiske friluftsmusea. Enkeltvis vil dei heller ikkje vurderast som regionale aktørar. Sett i samanheng har dei tre friluftsmusea regional verdi og spelar ei regional rolle, og fylkeskommunen ynskjer å bidra til å styrka og utvikla samarbeidet og samordninga mellom dei. Fylkeskommunen ynskjer å vera ein pådrivar for nettverksarbeid mellom friluftsmusea, og vil ta på seg å koordinera dette arbeidet gjennom halvårlege møter.

Kostnader: kr. 20.000

Gjennomføringsperiode: Årleg

Ansvar: Rogaland fylkeskommune, arkeologiske friluftsmuseer

Tiltak 12:**Oppretting av regionale museumsnettverk**

Rogaland fylkeskommune vil bidra til å styrka samarbeidet mellom musea i regionen ved å ta initiativ til at det i tillegg til nasjonale nettverk, opprettast faglege regionale nettverk etter modell av fotonettverket og privatarkivnettverket. Musea må sjølv koma med innspel til kva for fag desse skal knytast til, og dei må drifta nettverka og stå for fagleg innhald. Eventuelle nettverk skal forankrast i musea og ta utgangspunkt i tema, funksjonar og/eller metodar. Det er institusjonane sjølv som skal stå for dei operative utviklingsoppgåvene i nettverka. Fylkeskommunen kan bidra med tilrettelegging og organisering.

Kostnader: kr. 30.000

Gjennomføringsperiode: 2012–2014

Ansvar: Musea

10.2**Forvaltning****Mål:**

Musea sine materielle og immaterielle samlingar av kunst, kulturarv, og naturhistoriske preparat skal vera fagleg forsvarleg sikra, oppbevart og dokumentert. Dei skal vera digitalt og/eller fysisk tilgjengelege for publikum og for forskning og nyttast i formidling.

10.2.1***Delmål: Fornyng og utviding av fellestenester innan samlingsforvaltning***

Rogaland fylkeskommune vil i planperioden prioritera forvaltningsoppgåvene ved å styrka ordninga med fellestenester innan samlingsforvaltning.

Det er særleg store utfordringar knytte til samlingsforvaltning, og musea hevdar dei manglar ressursar til å utføra alt frå tilfredstillande sikring, bevaring, pleie, dokumentasjon og digitalisering. Dette er føresetnader for at musea kan utøva sine andre oppgåver og for å kunna utforma ein heilskapleg plan for bevaring og innsamling. Vi er difor og godt nøgde med at Kulturdepartementet har utarbeidd ein nasjonal forvaltningsplan. Denne er enno ikkje offentleggjort. Det kan i planperioden bli naturleg å justera tiltak i tråd med dei føringane som blir gitt i planen.

I første omgang vil det vera behov for ei utgreiing av kva fellestenester det er behov for og modellar for organisering og lokalisering. Vil det til dømes vera mest tenleg å oppretta eit eige fysisk kompetansesenter for deler av arbeidet, byggja ut tenestene etter noverande modell eller styrka arbeidet gjennom fellesstillingar knytt til dei ulike regionmusea og deira spesialkompetanse? Ei regional kartlegging og plan for samlingsforvaltinga skal liggja til grunn for tiltaka.

Dei nye fellestenestene vil erstatta kjøp av tenester frå konserveringstenesta på Arkeologisk museum.

Tiltak 13:

Utgreiing av behov og modellar for samarbeid og fellestenester innan samlingsforvaltning

Det skal gjennomførast ei kartlegging og utgreiing av kva type tenester det vil vera størst behov for og mest tenleg å løysa gjennom fellestiltak. Utgreiinga skal vurdera ulike modellar for eigarskap og samarbeid (t.d. med Arkeologisk museum og Arkivenes Hus), og sjå på lokalisering og finansiering. Utgreiinga skal ha eit breitt perspektiv, men særleg vurdera fellestenester i høve til foto/digitalisering, konservering og magasinering. Musea har og felles utfordringar i høve til bygningsvern og dette området skal og vurderast i høve til fellesløyningar.

Innan utgreiinga er gjennomført vil det vera vanskeleg å gje eksakte kostnader. Ut frå tilbakemeldingane frå musea er behovet stort, og det vil ikkje vera realistisk å innfri alle ynskja. Som ei ramme for dei økonomiske konsekvensane er det tatt utgangspunkt i opprettinga av 5 nye fellesstillingar for å løfta samlingsforvaltinga i planperioden. Dette vil vera Rogaland fylkeskommune sitt bidrag til styrking av samlingsforvaltinga, og ein forventar statleg bidrag som kan styrka dette arbeidet ytterlegare. Fellestenestene skal utføra arbeid og bidra med rådgjeving for regionmusea og dei skal vera gratis i høve til dei retningslinjer som vert utarbeidd for verksemda. I tillegg vert det sett av investeringskostnader til mellom anna verkstad-lokale, utstyr og kontorplass på 10. millionar. Det skal på førehand greiast ut ulike løysningsforslag innanfor desse rammene.

Deler av midlane skal i startfasen brukas til slikt utgreiings- og planarbeid. I utgreiings/prosjektperioden skal deler av midlane og gå til ei stilling til foto/digitaliseringsarbeid som førebels blir knytt til eitt av regionmusea. Utgreiingsarbeidet skal mellom anna ta stilling til om denne skal vidareførast som ein del av dei nye fellestenestene.

Tiltaket føreset statleg medfinansiering.

Kostnader fellestenester, drift: kr. 5.000.000,-

Gjennomføringsperiode: 2012 (oppstart plan- og utgreiingsarbeid)

Ansvar: Rogaland fylkeskommune, stat, musea

Kostnader fellestenester, investeringar: kr. 10.000.000,-

Gjennomføringsperiode: 2012 (oppstart plan- og utgreiingsarbeid)

Ansvar: Rogaland fylkeskommune, stat, musea

Tiltak 14:**Utarbeida regional plan for samlingsforvaltning**

Det skal utarbeidast ein regional plan for samlingsforvaltning med fokus på å få ei samla oversikt over og ei samordning av gjenstandsmateriale og anna materiale samt tilstanden til dette. Gjennom regionmusea skal det sikrast eit representativt utval frå kunst, handverk, næring og daglegliv, og det kan vera tenleg å sjå på om det er behov for presiseringar eller justeringar i høve til ansvarsfordelinga frå 1992.

Planen bør og avklara kva type av arbeid det er viktig å knytte til regionale felles-tenester, både for å ivareta dei noverande samlingane og dei utfordringar som er knytte til immaterielle kulturminne. Digitaliseringsutfordringar skal og ha særleg fokus i arbeidet med regional samlingsplan. Det bør og drøftast om ein skal klassifisera i lokal, regional og/eller nasjonal verdi, og korleis eit slikt skilje evt. skal handterast i høve til innsamling og bevaring.

Kostnad: Eventuelle kostnader til sekretærenester skal tas av midlane til fellestiltak
Gjennomføringsperiode: 2012

Ansvar: Rogaland fylkeskommune, musea, Statsarkivet

Tiltak 15:**Vidareføring av fylkesfotonettverk og katalogisering og digitalisering av foto i museum**

Det vert oppretta ei 2-årig prosjektstilling for fagarbeidar innan katalogisering og digitalisering av foto. Stillinga inngår førebels som ein del av satsinga på samlingsforvaltning og fellestenester, og vil i prosjektperioden vere knytt til eit av regionmusea. Stillinga skal ha ei fast formell og fysisk tilknytning til eit av regionmusea, men skal ha alle regionmusea som arbeidsområde. Det er tenkt at stillinga skal delast mellom å utføra konkret katalogiserings- og digitaliseringsarbeid ved musea, og gje rettleiing innan fylkesfotonettverket. Det skal og prioriterast å inkludera biblioteka i fylkesfotonettverket og å vera pådrivar for å fullføra katalogiseringa og digitaliseringa av innsamla biletmateriale der. Arbeidet med fylkeskommunen si eiga fotosamling bør og vera ein del av denne satsinga. Det er ein føresetnad at musea bidreg med månadsverk tilsvarande det som vert lagt ned ved det enkelte museum gjennom fellesstillinga.

Kostnad: kr. 750.000 av midlane til fellestiltak ovanfor

Gjennomføringsperiode: 2012–2014

Ansvar: Rogaland fylkeskommune, musea, Statsarkivet, Norsk Kulturråd

10.2.3***Delmål: Ta vare på eit representativt utval av bygningar og fartøy***

I tråd med forventningane frå Riksantikvaren vil Rogaland fylkeskommune ta vare på eit representativt utval av bygningar og fartøy frå ulike miljø, tidsepokar, næringar og med ulike funksjonar. I arbeidet med å realisera denne målsettinga bør og musea delta.

Spesielt når det gjeld bygningsvern spelar fylkeskommunen allereie ei viktig rolle i det dei har eit regionalt ansvar for forvaltning av både verneverdige, verna og freda bygningar. Fylkeskommunen forvaltar desse i forhold til dispensasjonsbehandling og har støtteordningar til ulike kulturminnetiltak.

Det er til saman 214 kulturhistoriske bygningar ved regionmusea. I tillegg eig eller driftar Museum Stavanger, Ryfylkemuseet og Haugalandmuseene til saman fem fartøy. Desse representerer ulike deler av bygnings- og fartøyhistoria i fylket, og det er knytt til dels tunge drifts- og vedlikehaldsoppgåver til fleire av desse.

- Tiltak 16:** **Primært gi støtte til eigarar av antikvariske bygningar**
Fylkeskommunen vil primært støtta eigarar av slike bygningar gjennom eksisterande tilskotsordningar, for på den måten å stimulera til å sikra eit tífredsstilande vern og ei hensiktsmessig framtidig bruk for eigar. I enkelte tilfelle kan det vera aktuelt å støtta museer som ynskjer å overta eldre bygningsmasse. Det er ønskeleg, men ikkje ein føresetnad at verna bygningar skal vera opne for publikum.
Gjennomføringsperiode: 2011–2014
Ansvar: Rogaland fylkeskommune
- Tiltak 17:** **Prioritering av oppstarta prosjekt**
I planperioden vil Rogaland fylkeskommune prioritera arbeidet med Bergesenhuset på Vibrandsøy og Li-tunet i Suldal. Ut over dette vil tilskot måtta koma frå dei ordinære budsjetttrammene for bygningsvern.
Gjennomføringsperiode: 2011–2014
Ansvar: Rogaland fylkeskommune
- Tiltak 18:** **Dokumentasjon og vidareføring av den immaterielle delen av bygningsvernet**
Ryfylkemuseet blei i 2010 tildelt ansvaret for å leia eit nasjonalt arbeid for bevaring og utvikling av kompetanse innan gamle handverkstradisjonar og teknikkar. Dei har og etablert eit samarbeid i høve til vidaregåande skule. Rogaland fylkeskommune ynskjer å bidra til å utvikle slikt samarbeid med vidaregåande skular og vil sjå dette i samanheng med utgreiing av samarbeid og fellestenester innan samlingsforvaltning.
Kostnad: Skal sjåast i samanheng med tiltak om fellestenester
Gjennomføringsperiode: 2011–2014
Ansvar: Rogaland fylkeskommune, Ryfylkemuseet
- Tiltak 19:** **Vurdering av bygningsfaglege rettleiarar ved musea**
I enkelte fylke er det oppretta eigne stillingar med bygningsfaglege rettleiarar. Desse stillingane er knytt til musea og skal fungera som rettleiarar og bindeledd mellom fylkeskommune og eigarar i saker om bygningsvern. Rogaland fylkeskommune vil sjå nærare på desse tiltaka og i løpet av planperioden vurdera om slike ordningar kan vera aktuelle i Rogaland. Dette skal skje i samarbeid med aktuelle kommunar og museum.
Gjennomføringsperiode: 2012–2014
Ansvar: Rogaland fylkeskommune, musea, kommunane

10.3 Forsking

- 10.3.1** ***Delmål:** Forsking skal vera eit berande element i museumsverksemda i Rogaland. Det skal leggjast til rette for allsidig forskingsaktivitet og stimulerast til auka forskning i samarbeid med andre museer og forskingsmiljø i fylket. Det er eit mål å styrka forskinga på musea sine samlingar og eigne virkefelt.*

Vi ser at forskingsarbeidet ved musea ofte må konkurrere med andre oppgaver og at det er vanskeleg å gjennomføra større oppgaver innafør eit konsentrert tidsrom. Fylkeskommunen legg stor vekt på at musea er medlemmer i nasjonale, internasjonale og regionale forskingsnettverk og deltek i forskingsprosjekt. Vi meiner og at samarbeidet med universitet og høgskolar kan styrkast for å gi større tyngde til einskilde prosjekt.

Musea sine egne samlingar kan med fordel trekkast meir aktivt inn i forskingsarbeid.

Tiltak 20:

Etablering av forskingstipend

Rogaland fylkeskommune vil etablere eit forskingstipend på kr. 1 million årleg. Det vil bli utarbeidd egne retningslinjer for dette i samråd med musea. Det skal arbeidast for å henta inn støtte frå lokalt næringsliv slik at beløpet kan aukast. Overordna prioriteringar i denne planperioden vil vera:

- I det vitskaplege arbeidet har musea i liten grad forska på seg sjølv og dei samfunnsoppgåvene musea skal ivareta. Dette gjeld mellom anna forvaltning og museumsformidling som vil bli prioritert i denne planperioden.
- Den materielle og ikkje-materielle kulturarven blir i ICOM sin museumsdefinisjon frå 2007 sidestilt. I dette ligg det og ei prioritering av ikkje-materiell kultur i museumsarbeid. Rogaland fylkeskommune vil prioritere forskning og kunnskapsproduksjon innan immateriell kultur.

Kostnader: kr. 1.000.000

Gjennomføringsperiode: 2012–2014

Ansvar: Rogaland fylkeskommune

Tiltak 21:

Forskningsprosjektet Avaldsnes

I samband med det arkeologiske forskningsprosjektet knytt til Kongsgården på Avaldsnes, vil fylkeskommunen bidra med 5 millionar kroner i planperioden.

Kostnader: Kr 5.000.000 (er løyva i eige vedtak)

Gjennomføringsperiode: 2011–2013

Ansvar:

Tiltak 22:

Historieverk om fylkeskommunen

Rogaland fylkeskommune vil fullføra historieverket om fylkeskommunen. Til det formålet blir det avsett kr. 1.500.000 til trykking i planperioden.

Kostnader: Kr. 1.500.000 , eiga sak

Gjennomføringsperiode: 2012–2013

Ansvar: Rogaland fylkeskommune

10.4 Formidling, litteratur og bibliotek

10.4.1

Delmål: *Musea er tilgjengelege for alle og formidlar kunnskap og attraktive opplevingar, fysisk og digitalt tilrettelagt for alle dei ulike brukargruppene. Dette skjer på måtar som gir innsikt i kunst, kultur- og naturhistorie og skapar kritisk refleksjon over dagsaktuelle spørsmål.*

Kunnskapsutviklinga ved musea skal rettast mot samfunnsrelevante problemstillingar der fortid og notid kan knytast til dei utfordringar samfunnet står ovanfor. Rogaland fylkeskommune er oppteken av at nye tilbod i særleg grad blir retta mot barn og unge og tema dei er opptekne av. Det vil vera ein føresetnad for tilskot til drift at tilbod til skuleelevar og gjennom DKS vert gitt gratis når dette er ein del av det ordinære formidlingstilbodet til musea.

Fylkeskommunen ynskjer og at musea sine utstillingar og aktivitetar skal bidra til å styrka regionen som reisemål.

Digital formidling opnar nye moglegheiter for å nå nye brukargrupper og til auka brukarmedverknad. Dette må musea gripa og utvikla innanfor faglege rammer.

Museum og bibliotek har begge stor tillitskapital ved at dei vert oppfatta som nøytrale og saklege samfunnsinstitusjonar, noko som gjer dei egna som møtestad og formidlarar av kunnskap og kultur til menneske med ulik ståstad.

Tiltak 23:

Prosjektstøtte til formidling gjennom RUP

Dersom musea har prosjekt som inneheld klare element av nytenking og fornying er det mogleg å søka om støtte frå pengar som er sett av til RUP. Dette kan vera til utvikling av nye utstillingar og pedagogiske program. Fylkeskommunen vil prioritera områder som ikkje er dekkja i dag og som det vil vera naturleg og ynskjeleg å presentera for publikum. Særlege satsingsområde i regionale og nasjonale planverk vil og leggja føringar for prioriteringane.

I planperioden vil Rogaland fylkeskommune prioritera formidlingstiltak retta mot Grunnlovsjubileet 2014 med tema "Frihet, likhet, brorskap". Samarbeid musea imellom, og mellom museum og bibliotek og/eller arkiv vil ha prioritet.

Gjennomføringsperiode: 2012–2014

Ansvar: Rogaland fylkeskommune, musea, bibliotek, arkiv

10.4.2

Delmål: Rogaland fylkeskommune vil styrka samarbeidet mellom arkiv, bibliotek og museum då særleg knytt til litteratursatsinga i fylkeskommunen, fylkesfotonettverket og til formidlingsprosjekt.

Tiltak 24:

Plan for litteratursatsing

Arbeidet med å utarbeida plan for Rogaland fylkeskommune si litteratursatsing vil setjast i gang i løpet av planperioden.

Gjennomføringsperiode: 2012–2014

Ansvar: Rogaland fylkeskommune

Tiltak 25:

Plan for utvikling av biblioteka i fylket

Det skal utarbeidast ein strategisk utviklingsplan for biblioteka i fylket.

Gjennomføringsperiode: 2012–2014

Ansvar: Rogaland fylkeskommune



11

Vedlegg

Vedlegg 1:

Oversikt over handlingsplanar som vart utarbeidde i tilknytning til "Museumsplan for Rogaland 1992"

Dei fire planane nemnde under er alle vedtekne planar i Fylkestinget i 1992 og har følgjande namn:

- *Handlingsplan for spesialmusea og –samlingane*
- *Handlingsplan for konservering*
- *Handlingsplan for fotobevaring*
- *Handlingsplan for sikring av musea i Rogaland*

Dessutan vart det utarbeidd eit høyringsutkast til *Handlingsplan for lokal-musea/friluftsmusea*, men dette vart aldri sendt ut på høyring.

(I tillegg er det laga hefte i serien Kulturarv Rogaland, m.a. *Rutegåande kulturminne i Rogaland – båtar, ferjer, tog, bussar, fly*)

*Gjenstandar
frå Haugaland-
museene
på veg inn i
fellesmagasi-
net på Åmøy.
Fotograf:
Haugaland-
museene AS*

Vedlegg 2:

Kulturnett

www.kulturnett.no er ein nettportal som vart oppretta på initiativ frå Kultur- og kirkedepartementet for å få norske kulturinstitusjonar og deira samlingar presenterte på internett. Fram til no har kvart enkelt fylke hatt ansvar for å utvikle og drifta eigne regionale variantar av kulturnett.no, i Rogaland er dette www.rogaland.kulturnett.no Kulturnett.no er ein integrert del av Norsk kulturråd. Kulturnett.no er den offisielle inngangen til norsk kultur på nettet. Det er også eit nettverk av regionale og nasjonale samarbeidspartar i Noreg.

Vedlegg 3:

Regionmusea i Rogaland med konsoliderte einingar

Ryfylkemuseet

Tidlegare sjølvstendige museer som inngår i den konsoliderte eininga:

- Finnøy bygdemuseum
- Forsand bygdemuseum
- Rennesøy bygdemuseum
- Hjelmeland bygdemuseum

Øvrige formidlingsarenaer som inngår:

- Husmannsplassen Bakken
- Husmannsplassen Røynevarden
- Hustveit
- Håland
- Industriarbeidermuseum i Åbø-byen
- Jelsa skulemuseum
- Kolbeinstveit
- Kvitsøy hummermuseum
- Preikestolen fjellstue
- Sauda Museum
- Sjøhuset i Bergevik
- Viga

Haugalandmuseene AS

Tidlegare sjølvstendige museer som inngår i den konsoliderte eininga:

- Arquebus krigshistorisk museum
- Bokn Bygdemuseum
- Haugesjøen
- Haugesund billedgalleri
- Nedstrand bygdemuseum
- Hiltahuset Røvær
- Karmsund folkemuseum
- Vikedal bygdemuseum

Øvrige formidlingsarenaer som inngår:

- Bua frå Mo på Sandbekken
- Derikhuset
- Dokken friluftsmuseum
- Hesthammer skole
- Museumsgården Ørpetveit
- Nessa skole
- Røykstove på Laupland
- Sjøhusanlegget Solhåla
- Sjøhuset til Klovning, Utsira
- Slettebøsmia
- Vatland-samlinga

MUST Museum Stavanger AS

Tidlegare sjølvstendige museer som inngår i den konsoliderte eininga:

- Stavanger kunstmuseum
- Den kombinerende indretning
- Ledaal
- Breidablikk
- Norsk Barnemuseum
- Norsk Grafisk museum
- Norsk Hermetikkmuseum
- Stavanger Sjøfartsmuseum
- Vestlandske Skolemuseum

Sjølvstendige institusjonar som er i forhandlingar om å inngå i den konsoliderte eininga:

- Utstein kloster
- Det norske utvandrersenteret

Dalane folkemuseum

Formidlingsarenaer som inngår:

- Egersunds Fayancemuseum
- Husene i Hellen, Jøssingfjord

- Fiskeri- og Sjøfartsmuseet, Sogndalstrand
- Mysinghålla
- Gardsmuseet i Austrumdal
- Kvernhusanlegg Fuglestad
- Bilstadhuset
- Sjødis- fiskefartøy

Jærmuseet

Hovudadministrasjon: Jærmuseet
Vitengarden

Øvrige formidlingsarenaer som inngår:

Vitengarden

Vitenfabrikken

Nasjonalt Garborgsenter (med Garborgheimen, Knudaheio)

Hå gamle prestegard (har en samarbeidsavtale med Jærmuseet og får på bakgrunn av det et årlig tilskott fra staten)

Tidlegare sjølvstendige / kommunale museer som inngår i den konsoliderte eininga:

- Jonas Øglænds Bedriftsmuseum
- Randaberg Bygdemuseum
- Gjesdal bygdemuseum – (Limagarden, Gjesdal Ljåfabrikk)
- Hå bygdemuseum – (Grødaland, Varden Sjøredningsmuseum)
- Klepp bygdemuseum (Haugabakka)
- Krossen Havremølle museum
- Randaberg bygdemuseum (Sjøbruksmuseet, Vistnestunet)
- Tungenes Fyr

Sjølvstendige museer som er i forhandling om å inngå i den konsoliderte eininga:

- Flyhistorisk museum Sola
- Rogaland krigshistorisk museum

Det som gjenstår:

Time bygdemuseum (Træe på Line, Fotland kraftstasjon, museumssamlinga på Undheim)

Vedlegg 4:

Fylkesvis organisering og konsolidering av musea

Østfold

1. Østfoldmuseet
2. Punkt Ø – fylkesgalleri for Østfold, inkl. Galleri F15 og Momentum Kunsthall

Akershus

1. Akershusmuseet
2. Eidsvoll – inkl. Eidsvoll 1814 + Norsk folkemuseum
3. Follo museum
4. Henie Onstad kunstsenter

Oslo

(Eidsvoll 1814 og Norsk folkemuseum medrekna her også)

1. Oslo Museum
2. Jødisk museum i Oslo
3. Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design

4. Norsk Folkemuseum
5. Norsk Teknisk Museum
6. Norsk Sjøfartsmuseum

Hedmark (Hedmark fylkesmuseum fra 2010)

1. Hedmark fylkesmuseum
2. Norsk Skogfinsk museum

Oppland

1. Lillehammer Kunstmuseum
2. Maihaugen
3. Mjøsmuseet
4. Gudbrandsdalsmusea
5. Randsfjordmuseene
6. Valdresmusea

Buskerud

1. Blaafarveværket
2. Drammens museum for kunst og kulturhistorie

3. Hallingdal museum
4. Kunstnerdalen Kulturmuseum
5. Norsk Bergverksmuseum
6. Eiker og Lågendalen museum
7. Hringariki

Vestfold

1. Vestfoldmuseene IKS etablert januar 2009
2. Preus museum

Telemark

1. Norsk Industriarbeidermuseum
2. Telemark museum
3. Vest-Telemark museum

Aust- Agder

1. Aust- Agder kulturhistoriske senter
2. Grimstad bys museer
3. Næs Jernverksmuseum
4. Setesdalsmuseet

Vest-Agder

1. Agder naturmuseum og botaniske hage
2. Sørlandets Kunstmuseum
3. Vest-Agder- museet

Rogaland

1. Dalane folkemuseum
2. Haugalandmuseene
3. Jærmuseet
4. Museum Stavanger AS
5. Ryfylkemuseet

Hordaland

1. Baroniet Rosendal
2. Bergen Sjøfartsmuseum
3. Bymuseet i Bergen
4. Hardanger og Voss museum
5. Kunstmuseene i Bergen
6. Museum Vest
7. Museumssenteret Hordaland
8. Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum
9. Sunnhordland museum

Sogn og Fjordane

1. Musea i Sogn og Fjordane

Møre og Romsdal

1. Nordmøre museum
2. Nynorsk kultursentrum
3. Romsdalsmuseet
4. Kulturkvartalet
5. Sunnmøre Museum

Sør – Trøndelag

1. Museene i Sør-Trøndelag
2. Nordenfjeldske kunstindustrimuseum
3. Rørosmuseet

Nord-Trøndelag

1. Museet Midt
2. Stiklestad Nasjonale Kultursenter

Nordland

1. Helgeland museum
2. Museum Nord
3. Norsk Luftfartsmuseum
4. Salten Museum

Troms

1. Midt-Troms Museum
2. Nord-Troms Museum
3. Sør – Troms Museum
4. Nordnorsk Kunstmuseum
5. Perspektivet museum

Finnmark

1. Museene for kystkultur og gjenreising i Finnmark
2. Varanger museum
3. Verdensarvsenter for bergkunst – Alta Museum

Svalbard

1. Svalbard museum

Vedlegg 5:

Oversikt over ansvarsfordeling mellom dei ulike regionmusea

• Ryfylkemuseet

Kulturlandskap/økologi
Førindustrielt jordbrukssamfunn
Stølsliv/utmark
Skogbruk/sagbruk
Fjordkultur/strandstad
Veksthus
Fjordafiske
Elvefiske/innlandsfiske
Havbruk/akvakultur
Jordbruk/fiske
Båtbygging
Skipsbygging
Kraftutbygging/vasskraft/
kraftforsyning
Smelteverk/industriestad
Folkemusikk
Reiseliv

• Museum Stavanger

Arkeologi/førhistorie
Forvalting av lovverk – "Lov om kulturminne"
Naturhistorie
Kulturlandskap/økologi
Oljeutvinning/-utnytting
Geologi
Energi
Teknologi/kjemi
Skule/utdanning/folkeopplysing
Byhistorie
Byborgarskapet sin kultur
Arbeidarkultur
Arbeidarkooperasjonen
Sosialhistorie
Medisin og sjukepleie
Møbelindustri
Ferdighusindustri
Handel/sjøfart
Skipsbygging
Maritim kultur
Kystkultur
Konserveindustri
Brislingfiske
Emballasjeindustri
Grafisk industri
Zoologi
Ringmerking
Kunst og kunsthistorie

• Haugalandmuseene AS

Kystkultur
Førindustrielt fiske
Moderne kystfiske/havfiske
Båtbygging
Skipsbygging
Bergverk
Smelteverk
Sildolje/fiskemjølsindustri
Krigstid

• Jærmuseet

Moderne jordbruk
Kulturlandskap
Industri knytta til produksjon av
landbruksreiskapar
Landbrukssamvirke
Meieri
Slakteri
Stasjonsbyen
Møller
Ullvareindustri
Teglverk
Møbelproduksjon
Sykkelindustri
Ferdighus
Kraftforsyning
Fyr-, los- og merkevesen
Redningsvesen
Fly, krigstid

• Dalane folkemuseum

Strandstadutvikling
Bergverk
Fajanseindustri
Sildolje/fiskemjølsindustri
Møller
Kystkultur
Kystfiske
Krigstid
Handverk
Jernbaneutbygging
– anleggsverksemd
Geologi og industrikraft (vatn og vind)

Kjelde: "Museumsplan for Rogaland 1992" s. 73 ff.

Vedlegg 6:

Det totale besøkstalet til Jærmuseet som gjeld Vitenfabrikken

Totalt var det ca. **131 000**⁵ besøkende på Jærmuseet sine anlegg (ekskl. Hå gamle prestegard) i 2010. Av dette var ca. **62 100** på besøk på Vitenfabrikken i Sandnes.

Det vil seie at 47,4% av Jærmuseet sine gjester var på Vitenfabrikken og dette må kallast eit høgt tal med tanke på alle dei anlegga som Jærmuseet har

5 Pr. 2.2.2011 var ikkje finteljinga av besøkande ikkje ferdig, difor ca. tal.



Dei zoologiske utstillingane har alltid vore attraktive. Fotograf: Elisabeth Tønnesen.

Vedlegg 7:**Oversikt over økonomiske bidrag frå dei respektive kommunane**

	Kommune	Økonomisk bidrag	
Haugalandmuseene AS		2009	2010
	Haugesund	3053000	3279000
	Karmøy	0	0
	Tysvær	138000	338000
	Vindafjord	100000	160000
	Bokn	0	0
	Utsira	5000	5000
	SUM	3296000	3782000
Jærmuseet			
	Hå	846778	864781
	Time	705858	718647
	Klepp	372360	394320
	Gjesdal	454325	463980
	Sola	300233	310501
	Sandnes	4614012	4688573
	Randaberg	949000	1009494
	SUM	8242566	8450296
Museum Stavanger AS			
	Stavanger	0	10837000
	SUM	0	10837000
Dalane folkemuseum			
	Bjerkreim	0	0
	Eigersund	823000	1017000
	Sokndal	0	0
	Lund	0	0
	SUM	823000	1017000
Ryfylkemuseet			
	Forsand	0	0
	Strand	50000	50000
	Hjelmeland	45000	48000
	Suldal	1045000	1077000
	Sauda	200000	100000
	Finnøy	0	0
	Rennesøy	30000	30000
	Kvitsøy	0	0
	SUM	1370000	1305000

Arkeologiske friluftsmuseum

Vikinggarden Avaldsnes

Vikinggarden er eigd av Karmøy kommune som og finansierer vedlikehald av bygningane.

Formidlingstilbodet på Vikinggarden har vore todelt.

- Leirskuletilbodet til skuleelevar på Vikinggarden har vore finansiert delvis av staten og delvis av Karmøy kommune. Her har skjedd endringar og leirskuletilbodet stod i fare for å bli lagt ned, men slik det ser ut no vil tilbodet vidareførast.
- Karmøy kulturopplevingar har hatt guida turar / formidling for publikum generelt i turistsesongen med egne sesongtilsette. Karmøy kulturopplevingar har i tillegg ansvar for drift, utleige og kafé ved Nordvegen historiesenter.

Jernaldergarden på Ullandhaug

Styreleiar er til ei kvar tid sitjande direktør for Arkeologisk Museum (AM). Stiftinga er eigarar av Ullandhauggarden, men stiftinga driftar ikkje verksemda sjølv. Formidlinga er delegert til Arkeologisk museum som finansierer formidlarstillinga. Kontorsjefen ved arkeologisk museum er dagleg leiar. Styremedlemmene vart tidlegare oppnemnt av museet sitt styre, men etter samanslåinga med universitetet har ikkje museet lenger eit styre. No har dei eit museumsråd, og enn så lenge oppnemner dette styremedlemmene til stiftinga.

Arkeologisk museum betaler og kr 210.000 i årleg leige til Stiftinga.

Fortidslandsbyen Landa

Det er tilsett ein formidlar i 100% stilling som er finansiert av Lysefjorden Utvikling.

Dei har via Lysefjorden Utvikling mellom anna fått tilskot gjennom RUP til levandegjering av historia.

Dei siste åra har det vore nedgang i bedriftsarrangement, noko som merkast godt på inntektssida. I tillegg ynskjer dei ei stilling som kan ha det overordna museumsfaglege ansvaret og som kan ta seg av dagleg drift og marknadsføring

Vedlegg 9:**Magma Geopark – Jøssingfjordsenteret – vedtak**

Vedtak i regional- og kulturutvalget 29.01.2009 sak 3/09:

1. Rogaland fylkeskommune slutter seg til charteret for European Geopark Network.
2. Rogaland fylkeskommuner slutter seg til valget av AS - uten utbytte til eiere - som organisasjonsform for selskapet Magma Geopark og vil anmode om at den daglige driften av selskapet skjer i tett samarbeid med Reisemål Syd Vest og Dalanerådet.
3. Rogaland fylkeskommune vil bidra med årlig driftsstøtte på kr. 230.000 (10 kroner pr. innbygger i fylkets del av geoparken). Driftsstøtten legges inn som egen post i driftsbudsjettet i prosjektperioden.
4. Rogaland fylkeskommunes andel av aksjekapitalen i Magma Geopark A/S skal ha en maksimal ramme på 2 millioner kroner. Dette beløpet oppnås ved en fulltegning på 5 millioner kroner. Beløpet tas av regionalutviklingsfondet.
5. Rogaland fylkeskommune forutsetter styrerepresentasjon i Magma Geopark med 1 styrerepresentant og 1 vararepresentant.
6. Som styrerepresentant oppnevnes Jarle Braut. Som vararepresentant oppnevnes Therese Anita Holmen.

Magma Geopark er tenkt å inngå i Jøssingfjordsenteret og må sjåast i samanheng med dette. Jøssingfjordsenteret skal organiserast som ein underavdeling til Dalane folkemuseum, og forprosjektet er støtta av fylkeskommunen via RUP-midlar.

Magma Geopark arbeider med å utvikle 46 geoparklokalitetar. Magma Geopark er medlem av European Geoparks Network og Global, som er støtta av FN sin organisasjon for utdanning, vitenskap og kultur – UNESCO. I dag er det 77 geoparker i verda, mellom anna 42 i Europa og 3 i Norden.

Vedlegg 10:**Museumsbibliotek****Norsk Oljemuseum**

Bibliotek:	Ja
Eigne tilsette:	Ja
Tal på bibliotekstilsette:	1 – bibliotekar (80%)

Arkeologisk museum UiS

Bibliotek:	Ja
Eigne tilsette:	Ja
Tal på bibliotekstilsette:	2 bibliotekarar (i 1,8 stilling)

Fortidslandsbyen Landa

Bibliotek:	Eit slags bibliotek, men kan ikkje kallast museumsbibliotek. Har arkeologisk faglitteratur knytt hovudsakleg til Landa og utgravingar på Forsand
Eigne tilsette:	Nei
Tal på bibliotekstilsette:	-

Det norske utvandrersenteret

Bibliotek:	Ja, stort museumsbibliotek – ikkje utlån
Eigne tilsette:	Nei, tilsette på senteret tek seg av dette også
Tal på bibliotekstilsette:	-

Haugalandmuseene AS

Bibliotek:	Bibliotek på Karmsund folkemuseum og
Haugesund billedgalleri	
Eigne tilsette:	Nei, ikkje eigne tilsette, blir betjent av kontorphersonale tilsv. mindre enn 0,1 stilling
Tal på bibliotekstilsette:	-

Ryfylkemuseet

Bibliotek:	Ja, men hovudsakleg eit handbibliotek for dei
tilsette. Ingen utlån. ⁶	
Eigne tilsette:	Nei, same person som har ansvar for museet sine samlingar
Tal på bibliotekstilsette:	-

MUST AS

Bibliotek:	Ja
Eigne tilsette:	Ja
Tal på bibliotekstilsette:	2 – bibliotekleiar og bibliotekar

Jærmuseet

Bibliotek:	Ja
Eigne tilsette:	Ikkje eige bibliotekpersonale, men eigen fagarkivar som har ansvar for biblioteket
Tal på bibliotekstilsette:	(1)

Dalane folkemuseum

Bibliotek:	Ja
Eigne tilsette:	-
Tal på bibliotekstilsette:	(1 – friviljug medarbeidar)

Utstein kloster

Bibliotek:	Ja, men kan ikkje kallast museumsbibliotek.
Meir type boksamling	
Eigne tilsette:	Nei
Tal på bibliotekstilsette:	-

Vigsnes gruvemuseum

Bibliotek:	Nei
Eigne tilsette:	-
Tal på bibliotekstilsette:	-

⁶ Når det gjeld Ryfylkemuseet ligg også Bibmus (bibliotek og museum i eitt) på Rennesøy under museet. Men her er bibliotekar som er tilsett i og lønna av Rennesøy kommune.

Nordvegen historiesenter

Bibliotek: Ikkje eit organisert bibliotek, mest boksamling for dei tilsette

Eigne tilsette: -

Tal på bibliotekstilsette: -

Jernaldergarden

Bibliotek: Nei

Eigne tilsette: -

Tal på bibliotekstilsette: -

Vedlegg 11:**Litteratursatsinga til fylkeskommunen - vedtak**

I regional- og kulturutvalget 28.05.2009 vart det mellom anna vedteke at:

"Pkt. 1: Rogaland fylkeskommune er positiv til arbeidet som føregår på litteraturfeltet, og har intensjonar om å støtta satsingane rundt Rasmus Løland, Alexander L. Kielland og Arne Garborg, dersom staten og kommunane yter sin del."

Pkt. 2: Rogaland fylkeskommune ser desse prosjekta i samanheng og føreset eit tett samarbeid."

Pkt. 3: Rogaland fylkeskommune ser at det trengs ein samla plan for den store litteratursatsinga i fylket. Det vert arbeid ut skisse til regionaldelplan for litteratur i Rogaland."

Vedlegg 12:**Arkivenes hus - vedtak**

Vedtak i FU 09.02.2010 sak 14/10

.1 Rogaland fylkeskommune er villig til å avstå tomt til nytt arkivsenter på Ullandhaug forutsatt et samarbeid med Stavanger kommune der fylkeskommunen får dekket en andel av tomteverdien.

.2 Det forutsettes at det nye arkivsenteret ivaretar arkivfunksjon knyttet til forskning og andre formål ved Universitetet i Stavanger.

.3 Ny sak fremmes når betingelsene knyttet til tomteavståelse er nærmere avklart.

Vedlegg 13:

Museum med styremedlemer frå Rogaland fylkeskommune

Norsk oljemuseum:

Inghild Vanglo

Vara: Daniel Haug Nystad

Arkeologisk museum UiS:

Tove Frantzen

Vara: Sveinung Stensland

Fortidslandsbyen Landa (gjennom Lysefjorden utvikling AS)

Solveig Ege Tengesdal

Vara: Janne Johnsen

Nordvegen historiesenter

Ingen

Jernaldergarden

Ingen

Utstein kloster

Tom Tvedt

Vara: Ellen Solheim

Vigsnes grubemuseum

Ingen

Det norske utvandrarsenteret

Rune K. Tvedt (styreleiar)

Vara: usikkert om RFK har oppnemnt det

Haugalandmuseene

Ellen Solheim

Vara: Jan Georg Iversen

MUST

Rune K. Tvedt

Vara: Toril M Heglum

Elisabeth Sjø Jespersen

Vara: Pål Morten Borgli

Jærmuseet

Tom Tvedt (nestleiar)

Vara: Ellen Solheim

Dalane folkemuseum

Asbjørn Ramsli

Vara: Åse Lill Skår

Ryfylkemuseet

Ellen Solheim

Vara: Rune K. Tvedt

Vedlegg 14:

Behov for stillingar 1 år

Museum	1 år – behov for å kunna løysa dagens oppgåver	Utfyllande skildring	Bidrag RFK	Total kostnad
Haugalands- museene	Antikvarisk handverkar	Stillingen skal utføre nødvendig vedlike- hald og restaurering, utarbeide planer for arbeidet og sikre museets kompetanse	200	500
	Samlingsforvaltar	Administrere, koordinere, katalogisere og formidle samlingsarbeidet i regionmuseets åtte avdelingar	200	700
	Konsulent	Hovudoppgåvene vil vera forvaltning, forskning og formidling av romanifolket si historie langs kysten	200	500
Jærmuseet	Økonomisjef	Sjå budsjett-søknad 2011, vedlagt. 500.000,-, gitt for 2011, søker restsum for 2012	500	1100
	Arkiv / sentralbord	Kan utsetjast 2012		
	100% museumspedagog Tungenes fyr	Er i dag 50 % pedagogstilling kombinert med Vistnestunet, Er to ulike fagområde		
	Teknikar / Teknisk drift Vitenfabrikken	hastar!	800	900
	Science Circus og dei regionale vitensenteroppgåvene	Vil gjerne drøfta saka med RFK	800	1000
	Digitalisering av foto 50% stilling	Akutt	400	
Museum Stavanger	Kommunikasjonssjef	Felles MUST	200	600
	Foajéleiar	Felles for MUST	170	500
	Formidlingsleiar	Felles MUST	200	600
	Forskingsleiar	Felles MUST	200	600
	Forvaltningsleiar	Felles MUST	170	500
	Handverkar	Felles MUST	170	500
	Konservator	Kunstmuseum	170	500
	Pedagog	Kunstmuseum	170	500
	2 konservatorar	Kulturhistorisk	400	1200
	Pedagog	Kulturhistorisk	170	500
	Samlingsforvaltar	Kulturhistorisk	170	500
	Program / driftsansvarlig - barne/ skolemuseet	Kulturhistorisk	170	500
	50% møbelsnekker	Kulturhistorisk	830	250
	Samlingsforvaltar	Sjøfart- og industri	170	500
Dalane folkemuseum	Digitalisering og tilgjengeleggjering av foto og anna materiale – har tilsett i 2011	Har stor biletsamling, frivillig som arbeider med denne no, derfor ekstra sårbart		550
	Registrator	Har stor gjenstandssamling der det er nødvendig å få katalogisert samling		550
Ryfylke- museet				
	Administrasjon 50%			
	Samlingsforvaltar			
	Formidlingspersonale v Kvitsøy hummermuseum			
	Ny stilling for formidlar – årskostnad	Sterkt behov for å styrke formidlinga	450	950
	Ny stilling for kontomedarbeidar/skranke- teneste – årskostnad	Sterkt behov for å styrke administrasjonen	400	850
	Digitalisering	Stort behov for digitalisering av foto, film og lyd (folkemusikkarkivet)	2000	4000

Behov for stillingar 2–5 år

Museum	2-5 år	Utfyllande skildring	Bidrag RFK	Total kostnad
Haugaland-museene	Museumsverter	Ynskjer faste opningstider for alle åtte avdelinger i sommarsesongen	500	1000
	Avdelingsleiar	Arquebus krigshistorisk museum	200	500
	Avdelingsleiar	Vindafjordmuseet	200	500
	Formidlar	Haugesund billedgalleri	200	500
	Renholder	Karmsund folkemuseum	200	500
	Regionantikvar	Følge opp museumshus og andre kulturhistoriske bygg i regionen	200	500
	Fotoarkivar	Haugalandmuseene har 600.000 foto. Ønskjer at ei felles fylkesfototeneste skal leggjast til Haugesund.	200	500
	Marknadsførar / informasjonsmedarbeidar	Ift sosiale medier og kultur og næring	200	500
Jærmuseet	Sekretær / fellesadministrasjon			
	3 stillingar formidling	Har større etterspørsel einn dei greier å dekke. Det er behov for å styrka formidlinga og arbeidet på lokale anlegg . Dvs. fleire stillingar knytt til undervising og arrangement, anslagsvis 3 årsverk, minst ein ny pedagogstilling. Dette gjeld Limagarden, Grødal og Haugabakka.		Ca. 1,8 mill.
	Handverkarstilling			700
MUST	Formgivar / grafisk designar	Felles MUST	170	500
	Fotograf	Felles MUST	170	500
	Utstillings- / arrangementskoordinator	Felles MUST	170	500
	4 Digitaliserings-medarbeidarar (prosjekt)	Felles MUST	670	2000
	Bibliotekar / arkivleiar	Felles MUST	170	500
	IT-ansvarleg	Felles MUST	170	500
	Pedagog oppsøkande	Kunstmuseum	170	500
	Pedagog	Kulturhistorie	170	500
	2 konservatorar	Sjøfart- og industri	400	1200
	Marinarkeolog	Sjøfart- og industri	200	600
	2 pedagogar	Sjøfart- og industri	330	1000
	Konsulent – ringmerking	Naturhistorisk	170	500
	Konservator	Naturhistorisk	200	600
Dalane folkemuseum	Forskar	Behov for å en offensiv satsing på forskning.		550
	Vakt/kontorpersonale Fayancemuseet	Daglige åpningstider på Fayancemuseet krever økning i ygningar.		550
	Vaktmeister	Har stort behov for daglig tilsyn og pass av vernverdige ygningar og stell av uteanlegg, Slettebø, Hovland, Sokndal.		500
	Formidlarstilling Fayancemuseet	Behov for å styrke formidlingstilbodet knytta til Fayancemuseet.		500
Ryfylke-museet				
Norsk Oljemuseum	2-4 stillinger	Behov innenfor forskning, arkiv, foto og gjenstandshandtering		

Behov for stillingar 5–20 år

Museum	5–20 år, langsiktige behov, utviklingsplanar	Utfyllande skildring	Bidrag RFK	Total kostnad
Haugaland-museene	Forvaltningsoppgåvene styrkes med foto-graf og tømmer			
	Formidlingsarbeidet styrkes med en som digitaliserer			
	Avdelingsleiar ved alle avdelingane			
Jærmuseet	35 årsverk totalt;	Sjå dokument oversendt tidlegare., kostnader		
		Kjem tilbake med kostnader etter nyttår		
MUST	Handverkar	Felles MUST	170	500
	Bibliotekar	Felles MUST	170	500
	Administrasjonsmedarbeidar	Felles MUST	170	500
	2 digitaliseringsmedarbeidarar (prosjekt)	Felles MUST	330	1000
	Samlingsforvaltar	Kunstmuseum	170	500
	Kurator	Kunstmuseum	170	500
	Kurator - virtuell kunst/digital kunst	Kunstmuseum	170	500
	Tekstilkonservator	Kulturhistorisk	170	500
	4 konservatorar	Kulturhistorisk	800	2400
	Pedagog til oppsøkande verksemd	Kulturhistorisk	170	500
	2 konservatorar	Sjøfart- og industri	400	1200
	Pedagog	Sjøfart- og industri	170	500
	Konsulent - ringmerking	Naturhistorisk	170	500
	Konservator	Naturhistorisk	200	600
Dalane folkemuseum	Formidlarstilling Jøssingfjordsentret	Behov for formidling av bergverkshistorie og geologi for hele Dalane		500
	Konservator Jøssingfjord	Konservator med ansvar for bergverks-, energi og krigshistorie for hele Dalane		550
	Museumsarbeider/Vakt Jøssingfjord	Teknisk personale til drift og tilsyn med anleggene i Jøssingfjord		500
	Arkivarbeidar	Store samling arkivalia, men manglar arkivfaglig kunnskap		500
Ryfylke-museet	Lølandsenteret, 3 årsverk			
	Formidlar - årskostnad		450	950
	Kontormedarbeidar - årskostnad		400	850
	Ny stilling for skippar - tilsyn og drift av "Brødrene af Sand" og "Suldal" - årskostnad		450	900

Investeringsbehov 1–5 år




Museum	Tiltak	Utfyllende opplysninger	Bidrag RFK	Samla kostnad
Haugaland-museene	Studiemagasin og publikumsbygg på muse- umsgarden Ørpetveit	Prekært behov for studiemagasin på 300m2 til landbrukssamlinga som i dag står på Tveit landbruksskule som RFK har selt. Oppvarma undervisningsrom for skuleelevar. Avløyser hallene på Tveit og Årabrot. Venter på uttalen frå kommunen.		15000
	Museumskvartalet	Ombygging og rehabilitering av Gamle Meieriet i Haugesund sentrum til publi- kumsfasilitetar, garderobe, undervis- ningsrom, toalett/stellerom, kafé, kontor mottaksrom for gjenstandar, verkstadlo- kalar, magasinareal og administrasjon for Haugalandmuseene. Utviding med kjøp av Wrangell-huset i Torggata og overtaking av resten av Meieribygningen i Sørhauggata.		25000
Jærmuseet	Vitenfabrikken: fullføre byggetrinn 2	Inkludert kontorfasiliteter. Prekært på HMS-sida i dag	6000	39000
	Byhistoriske utstillinger		15000	
	Kontorbygg Vitengarden med evt magasin i kjellar	Bruker pr i dag brakke på dispensasjon.	15000	
	Flytting av smie i mekanisk verkstad			
	Maritimt vitensenter Utstillingslokale + nye utstillinger Tungenes fyr	Oppgradering av eksisterande bygg + nybygg		45000
	Utvida parkeringsplass Tungenes			1000
	Magasin for store gjenstandar			38000
	Sola, Sømmevågen, nytt museumsanlegg	Nytt flyhistorisk- og krigshistorisk museum		150000
	Audamotland -rehabilitering driftsbygning			500
	Audemotland, sprinkling	Haster		
	Limagarden, sprinkling, utvida parke- ringsplass, rehabilitering av Nyløa til utstillingsareal			
	Grødaland, innreiing av gamleløa til utstil- ling og bruk			
	Vistnestunet, alarmanlegg og sprinkling			
	Thranegarden, sprinkling og rehabilitering tak driftsbygn.			
MUST	Utviding Muségt.16 1. byggetrinn	FELLES MUST		
	Renovering av tak og glas i tak	Kunstmuseum		
	Opne magasin 500 m2	Kunstmuseum		
	Kunstlaboratorium/verkstad til praktisk kunstutøving 600 m2	Kunstmuseum		
	Utstillingssal 600 m2	Kunstmuseum		
	Multimediesal 300 m2	Kunstmuseum		
	Flytting av barnemuseet og skolemuseet	Bymuseum		
	Medisinshistorisk utstilling	Bymuseum		
	Ny basisutstilling sjøfartsmuseet	Sjøfart og industri		
	Utviding Hermetikkmuseet	Sjøfart og industri		
	Flytting av Grafisk museum	Sjøfart og industri		
	Spritmagasin	Naturhistorisk		
	Klimastyrt nærmagasin	Naturhistorisk		
	Ny basisutstilling zoologi	Naturhistorisk		

Museum	Tiltak	Utfyllande opplysningar	Bidrag RFK	Samla kostnad
Dalane folkemuseum	Nærmagasin	Stort behov. Ynskjer å overta bygg tilhøyrande sivilforsvaret og bruka dette til magasin		
	Bergverksenteret / Jøssingfjordsenteret	Ny avdeling for bergverk, industri, energi, krigshistorie og geologi i J		60000
Ryfylke-museet	Viga, Hjelmeland - restaurering, servicebygg, formidling	Målet er å ha fullført prosjektet innan 2014	3000	12290
	Røynevarden, Suldal - restaurering/rekonstruksjon av løa	Siste lekk i hovudrestaurering av husmannsplassen	350	700
	Mølleparken, Tau	Utstilling om brukssamfunnet på Tau i Bruksløa, Mølleparken	285	885
	Li-tunet, Suldal - tilrettelegging, restaurering, drift	Parkering, kjøkken, vatn og avlaup, vertskap (Årskostnad - jfr. avtale om Li)	800	1220
	Nesasjøhuset, Sand – revitalisering	Ombygging	800	3450
	Hummermuseet, Kvitsøy - vidareutvikling, drift	Mellombygg sjøhus og fiskemottak, drift (formidlingspersonale)	1250	2500
	Lølandsenteret, Sand - bygg og utstillingar + årlege driftskostnader	Av dette drift 4000	7000	20000
Norsk Oljemuseum	Magasin i Dusavik	Disponerer i dag midlertidige lager og magasin fleire stader i og utanfor Stavanger. Desse er utan temperatur- og klimakontroll.		50000

Investeringsbehov 5–20 år

Museum	Tiltak	Utfyllande opplysningar	Bidrag RFK	Samla kostnad
Haugaland-museene	Magasinplass	Magasin, prekärt behov for 1200m2 iht ABM-rapport. I tillegg fotomagasin for 600.000 negativar		10000
	Nybygg, reising av Tollbua. Nedstrand bygdemuseum/Strandstaden Nedstrand	Tysvær kommune kjører prosjektet		20000
	Nybygg Arquebus, inngangsparti og oppdaterte utstillinger opp mot dagens forsvar			15000
	Publikumsbygg og vitensenter i Dokken/ Haugeverven			
	Bokn bygdemuseum - samle museumsbygningane ein stad	Bokn kommune har satt av ei tomt til framtidige museumsformål. Dei vil samla dei sprette museumsbygningane til denne tomta.		
	Vindafjordmuseet - Bispestova	Bispestova har ligga lagra i 30 år. Fylkeskonservatoren har nylig vurdert tømra til å være i god stand.		
	Utvikle Sørhaugøy fyrstasjon	Behov for bru frå Vibrandsøy, og moderne fasilitetar i gjenoppbygd uthus		
Jærmuseet	Eksperimentelt jordbruk - gjennom tusenår			
	Senter for handlingsboren kunnskap, knytt til arbeidsmåtene i jordbruket			
	Studiemagasin under parkeringsplass, Vitenfabrikken			
MUST	Utviding Muségt.16 2. byggetrinn	FELLES MUST		
	Utviding Muségt.16 3. byggetrinn	FELLES MUST		
	Kjøp av areal på Revtingen	Sjøfart og industri		
	Utstillingssal til samlingane	Kunstmuseum		
	Kafé og butikk 250 m2	Kunstmuseum		
	Bibliotek 200 m2	Kunstmuseum		
Dalane folkemuseum	Nytt utstillingslokale – besøkssenter Slettebø	Behov for besøkssenter som gjør det mulig å ta imot besøkende hele året og tilrettelegga for moderne utstillings- og formidlingsmetodar.		25000
	Restaurering Hovedbygning og Gardsbestyrerbolig på soreskrivergarden Slettebø	Sorenskrivargarden er i dag brukt til utstilling av kultuhist. Materiale. Dette er den ikkje egna til. Vi vil restaurere garden med bestyrerbolig til situasjonen slik den var mellom 1858 og 1900.		12000
Ryfylke-museet	Viga	Auka årlege driftskostnadar	800	1220
	Forsand - utvikling av bygdemuseet	Sikring og restaurering av sjøhuset i Bergevik, produksjon av nye utstillinger	1500	3500
	Kaldtlager/magasin, Sand	Behov for utviding av stålhall	600	800
	Li-tunet, Suldal - tilrettelegging, restaurering, drift	Parkering, kjøkken, vatn og avlaup, vertskap (Årskostnad - jfr. avtale om Li)	800	1220
	Suldalsdampen-restaurering, drift	I tilfelle overtaking - kostnadskalkyle ikkje utarbeidd	1000	3000
	Hummarmuseet - årleg driftskostnad		400	850
	Lølandsentert - årlege driftskostnadar		2000	4000
	Hustveit, Sauda	Servicebygg	1000	2000
	Finnøy bygdemuseum	Lokale, utstillinger	500	1000

Vilje
gir vekst



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

Postboks 130, 4001 Stavanger | Besøksadr. Arkitekt Eckhoffs gate 1, 4010 Stavanger | rogfk.no